

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for

Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)
Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@gmail.com)

Redaksjonssekretær:

Terje Larsen (terjelar1948@gmail.com)

Utgjevar:

Norsk namnelag

Utgjevarstad:

Institutt for nordiske og lingvistiske studium – Universitetet i Oslo

Nr. 69/70 – 2019

Redaksjonen vart slutført 31. oktober 2020

Adresser m.m.:

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknannelag.no.

Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 250 kroner for året og inkluderer *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Har du spørsmål om laget, kan du venda deg til Terje Larsen på e-post: terjelar1948@gmail.com

Tidsskriftet *Namn og nemne*. Har du spørsmål om tidsskriftet, kan du venda deg til Ole-Jørgen Johannessen på e-post: ole-jorgen.johannessen@uib.no

Meldingsbladet *Nytt om namn*. Har du spørsmål om meldingsbladet, kan du venda deg til Botolv Helleland på e-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Trykk X-ide

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

INNHALD

LEIAR

Terje Larsen: Hundre år med stadnamninnsamling 5

NORSK NAMNELAG

Anne Svanevik: Referat fra styremøte i Norsk namnelag 1.11.2019 7

Terje Larsen: Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag 2021 8

Olav Veka: Trafikken på nettstaden til Norsk namnelag..... 9

SAMRÅDINGSMØTET 2019

Anne Svanevik og Kjell Erik Steinbru: Samrådingmøtet 2019 for
Stedsnavntjenesten, Språkrådet og Kartverket 10

SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA

Botolv Helleland: Namnekonsulentordninga frå starten 15

Marit Hovdenak: Namnekonsulentar og sekretærar 1877–2020 18

Ellen Hellebost Toft: To år med fagråd for stadnamn 21

Ellen Hellebostad Toft: E-læringskurs i stadnamnlov
og stadnamnarbeid 23

Line Lysaker Heinesen: Tilskudd til stedsnavnarbeid 2019–2020..... 28

Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavn 2019–2020 31

Daniel Ims: Råd om områdenavn i værvarslinga 34

KONFERANSAR OG MØTE

Krister Vasshus: Seminar om stadnamn i norsk arkeologi 37

Gunnstein Akselberg og Peder Gammeltoft: Norsk stadnamnarkiv 100 år.
Konferanse i Bergen 27.–28. oktober 2021 39

INTERNASJONALT NYTT – NORNA, ICOS, UNGEGN

Kaisa Rautio Helander: Navn på minoritetsspråk
i en flerkulturell verden..... 42

Väinö Syrjälä: Den 17. nordiska namnforskarkongressen 2021 42

Botolv Helleland: ICOS og tidsskriftet ONOMA 43

Ingvil Nordland: Møte i Den nordiske divisjonen av UNGEGN 44

PERSONOMTALE

Gulbrand Alhaug: Botolv – 80 år 48

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Botolv Helleland: Norsk stadnamnarkiv 100 år 50

Randi Melvær: Prosjektet *Nettartiklar om opphavet til stadnamn* 55

Finn Myrvang: *Tunstad* på Skogsøya 58

Botolv Helleland: *Frysja og Akerselva* 64

Vidar Haslum: Områdenavn som stabile referanser	66
Gudveig Nedreid: Rett skal vera rett	68
Nasjonalbiblioteket: Samiske stadnamn meir tilgjengelege på nett	69
Brynjar Mørkved: <i>Hengsåsen naturreservat</i> endret til <i>Prinsesseåsen naturreservat</i>	70
BOKOMTALAR	
Kolbjørn Aune: <i>Bustadnamn i Østfold – Trøgstad</i>	72
Olav Veka: <i>Bustadnamn i Østfold – Eidsberg</i>	74
Terje Larsen: Frå <i>Nordvegen</i> , eller kanskje <i>Sundlandet</i> , til <i>Mumletjønn</i> og <i>Gnuldrehei</i>	76
Terje Larsen: Norsk språkhistorie med oppdatert innføring i namnefaget	78
Olav Veka: Frå <i>Jordan</i> til <i>Jøsse (Johannes)</i>	81
Erik Johs. Vintermyr: Forunderlige stedsnavn	82
OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER	
Gulbrand Alhaug: Dobbeltnamn blant ungdom i Hordaland	84
Kolbjørn Aune: <i>Norske soppnamn</i>	86
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Terje Larsen: Norsk namnebibliografi 2018	87

LEIAR

HUNDRE ÅR MED STADNAMNINNSAMLING

I 2021 kan den institusjonaliserte namnegranskinga i Noreg feira hundreårsjubileum. I februar 1921 sende professorane Magnus Olsen og Edvard Bull ein søknad til Statens Forskningsfond om pengar til eit stadnamnarkiv, og 1. juli same året kom fyrste løyvinga. Med det var Norsk stadnamnarkiv ein realitet, og Gustav Indrebø vart den fyrste leiaren. Hundreårssoga blir nærare omtalt av Botolv Helleland i artikkelen *Norsk stadnamnarkiv hundre år* i dette bladet, og jubileet blir markert med ein namnekonferanse i Bergen 27. og 28. oktober 2021. Planen er at Norsk namnelag skal ha landsmøte i samband med denne konferansen.

Stadnamna er viktige historiske dokument. Dei fortel om kultur- og naturtilhøve i området dei er henta frå, og vitnar om korleis namngjevarane opplevde og brukte dette landskapet. Mange har ei alderdomleg språkform og er såleis verdfullt språkleg tradisjonsstoff. Dei er også vegvisarar som hjelper oss med å orientera oss i omverda, og har stor praktisk verdi til dømes på kart og skilt. Dei fleste namna er overleverte munnleg, men endringar i samfunnsstrukturen gjer at mange namn går ut av bruk. Dette var tilfellet allereie for hundre år sidan, og innsamling av stadnamn vart difor ei hovudoppgåve for det nye arkivet. Sjølv om det i søknaden vart sagt at ein ikkje tok sikte på ei fullstendig registrering av dei fleire millionane av namn som fanst, men velja ut typiske område, har politikken likevel vore å freista å få til innsamling i så mange bygder som mogleg. Helleland trekkjer mellom anna fram den omfattande *Skulebarninnsamlinga* som Indrebø fekk gjennomført på 1930-talet, der det vart samla inn over éin million namn på inn- og utmark over heile landet, og dei mange hovudoppgåvene som mange studentar har skrive om stadnamn i heimbygda. Her kan også nemnast at Indrebø sende ut studentar som skulle kontrollera uttalen av namna på rektangel- og gradteigskarta, og at dette arbeidet heldt fram både under og etter andre verdskrigen ved den neste leiaren, Per Hovda. Frå 1970-åra og fleire tiår frametter vart det halde fleire innsamlingskurs rundt om i landet som resulterte i ein god del større og mindre namnesamlingar. Og etter kvart som universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø vart skipa, har det også ved desse lærestadene vore organisert innsamling. Like eins har dei tidlegare distriktshøgskulane i Rogaland og Møre og Romsdal drive omfattande innsamling og publisering, og i Nordland og Sogn og Fjordane har fylkeskommunane organisert og finansiert lokale innsamlingsprosjekt, som har resultert i store samlingar. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har

no fått støtte frå Kulturrådet til eit prosjekt kalla «Nettartiklar om opphavet til stadnamn» basert på denne innsamlinga. Du kan lesa meir om dette i Randi Melvær sin artikkel på side 55. I alt dette innsamlingsarbeidet har historielag og andre lokale aktørar vore viktige og nødvendige medspelarar.

Det innsamla materialet var frå fyrst av på papirsetlar, men etter kvart har data-registrering teke over. Ei ulempe har vore at dei institusjonane som organiserte innsamling, til dels har hatt ulike løysingar som har gjort samarbeid og utveksling vanskeleg.

I Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008), *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, heiter det at det no «hastar med å koma fram til ei løysing i spørsmålet om innsamling av stadnamn, og det hastar også med å få eit sentralt oversyn over materiale som er samla inn for å hindra at det skal gå tapt». Det som har skjedd etter at denne meldinga vart lagd fram, er at Språkrådet frå 2015 har hatt ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn. Både private aktørar, kommunar og fylkeskommunar kan søkja, og det har kome inn søknader frå heile landet.

Føremålet med ordninga er todelt. For det fyrste skal ho bidra til å berga kulturarven som stadnamna representerer, og for det andre skal materialet som blir samla inn, leggjast i ein nasjonal namnebase, slik at namna blir tilgjengelege for flest mogleg. Namnebasen skal kunna brukast både vitenskapleg og til å auka kunnskapen om stadnamn som immaterielle kulturminne. Oversyn over dei som har fått støtte i 2019 og 2020, finn du lenger ute i bladet.

Hundreårssoga med stadnamninnsamling syner at mykje er gjort, men også at mykje står att. Best dekte med stadnamnsamlingar er fylka på Vestlandet og Nordland. På Austlandet og Sørlandet og i Trøndelag, Troms og Finnmark er det gjort djupinnsamling i mange enkeltbygder, men det er også store hol. Dessutan syner hundreårssoga at innsamling best kan skje ved eit samarbeid mellom fagfolk og den interesserte ålmenta.

Tilskotsordninga som Språkrådet forvaltar, bør vera eit viktig bidrag i dette arbeidet. Og: Då Norsk namnelag vart skipa i 1983, var eit hovudføremål at laget ikkje berre skulle vera ein bindelekk mellom alle som har interesse for namn og namnegransking, men også stø innsamlingsarbeid. Dette siste har vi kanskje ikkje vore flinke nok til, men bør etter mitt syn vera den viktigaste oppgåva til laget frametter.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSK NAMNELAG

REFERAT FRA STYREMØTE I NORSK NAMNELAG 1.11.2019

Styret i Norsk namnelag hadde siste styremøte 1. november 2019, dagen etter samrådsmøtet (se egne referat) på Kartverket, Hønefoss. (Møtet som var planlagt i april 2020, ble avlyst pga. koronapandemien.) Til stede: Terje Larsen (leder), Anne Svanevik (nestleder), Gunnstein Akselberg (styremedlem), Gulbrand Alhaug (styremedlem), Ellen Marie Lund Foldal (styremedlem), Frode Myrheim (varamedlem), Ole-Jørgen Johannessen (redaktør for *Namn og Nemne*), Botolv Helleland (redaktør for *Nytt om namn*).

1. Den økonomiske situasjonen i laget.

Dagens regnestykke viser at vi har økonomi til utgivelse av tre årganger til etter at *Namn og Nemne* nr. 36–2019 kommer ut. Laget har dermed en anstrengt økonomi, selv etter en kontingentøkning på 50 kr både i 2019 og 2020. Fra 2020 er kontingenten 300 kr.

Vi bør prøve å få støtte til utgivelsen av *Namn og Nemne* fra vitenskapelige fond e.l. Antakelig er det vanskeligere å få støtte fra slike fond til utgivelsen av *Nytt om namn*, som er et meldingsblad og ikke et vitenskapelig tidsskrift. For dette bladet har den økonomiske situasjonen blitt bedre etter at vi igjen har fått tillatelse til utsending gjennom Institutt for lingvistik og nordiske studium (ILN) på Universitetet i Oslo.

Medlemstallet har gått nedover de siste åra. Nå har vi ca. 280 medlemmer. Alle oppfordres til å verve nye medlemmer. Lederen har skrevet en artikkel til *Lokalhistorisk magasin* med oppfordring til å melde seg inn i Namnelaget.

2. *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Styret påpekte at det er viktig å opprettholde de to publikasjonene våre, nå som faget i stadig større grad legges ned som universitetsfag. Det er stor interesse for navn rundt i samfunnet og blant studenter, men ikke blant dem som bevilger økonomiske midler til undervisning.

Retningslinjene for Namnelaget sier at vi både skal tjene vitenskapen og allmennheten. For tida er det grei tilgang til stoff til *Namn og Nemne*, men flere nordmenn burde være aktive med å skrive meldinger av den nordiske navnelitteraturen.

3. Vedtektene

trenger oppdatering. Bl.a. ønsker styret å avvikle ordningen med personlige varamedlemmer for styremedlemmene.

4. Neste landsmøte

skal etter vedtektene holdes i 2021. Det vil bli arrangert i Bergen i tilknytning til konferansen for *Norsk stadnamnarkiv 100 år* (27.–28. oktober 2021).

5. Mottakere av støtte fra Språkrådet til lokale innsamlingsprosjekt

Oversikt bør legges på Namnelagets hjemmeside, ev. i *Nytt om namn*.

6. Facebook-sida

Det er en god del aktivitet på denne sida.

7. Institusjonsnavn, navnelaging i det offentlige, skilting langs veger

Bør Namnelaget engasjere seg, f.eks. komme med kommentarer eller pressemeldinger på navneforslag i det offentlige rom? Det er mye uheldig navnelaging og feil skilting. Språkrådet, som rådgivende organ, får ikke alltid gehør. Namnelaget bør være mer synlig i det offentlige rom.

8. Personnavn

For tida rår en hel-liberal linje. Bør Namnelaget involvere seg i det pågående arbeidet med kommentarutgave til personnavnloven?

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG 2021

Det blir med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag i samband med namnekonferansen i Bergen 27.10 – 28.10.2021. Innkallinga med stad, tidspunkt og sakliste vil bli lagd på heimesida www.norsknamelag.no.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com
leiar i Norsk namnelag

TRAFIKKEN PÅ NETTSTADEN TIL NORSK NAMNELAG

Tabellen syner trafikken det siste året frå november 2019 til oktober 2020. Ei samanlikning med året før frå oktober 2018 til september 2019 syner for fyrste gong ein markert nedgang i bruken av nettstaden, med ca. 20 % i talet på besøk og om lag tilsvarende for dei andre rubrikkane.

Sidan tala frå desse to åra ikkje dekkjer nøyaktig same perioden, må dei takast meir som eit tydeleg signal om lågare interesse i 2020. Det ligg nær å knyta dei fallande tala til ei nedstenging av mange samfunnsfunksjonar i same perioden som delvis fell saman med pandemien.

Dersom me ser nærare på detaljar i månaden med flest besøk, nemleg april, finn me desse emna med flest 'hits': Norwegian surnames in America, kvenske og samiske stadnamn, hestenamn og namnestatistikk, deretter følgjer artiklar i *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*. Lista over 'hits' ordna etter land, ser slik ut: Noreg, Finland, Tyskland, Brasil, Kanada og Polen. Av dei nordiske landa elles er rekkjefølgja 10. Sverige, 12. Danmark og 13. Island.

For dei som ønskjer fleire detaljar om kva som ligg i nemningane hits, files, pages osv., vil eg tilrå google-søk der det meste vil dukka opp med forklaring. Som vanleg vil eg gjerne be om tips om stoff som bør leggjast ut på heimesida, og finn de lenkjerøte, meld endeleg frå til underteikna.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

Month	Daily Avg				Monthly Totals					
	Hits	Files	Pages	Visits	Sites	KBytes	Visits	Pages	Files	Hits
Oct 2020	600	351	133	76	1490	2180155	1528	2663	7027	12009
Sep 2020	478	278	157	96	2175	1120276	2895	4724	8344	14359
Aug 2020	489	238	164	92	1999	1588016	2853	5089	7389	15184
Jul 2020	458	253	162	86	1781	2227974	2667	5037	7861	14203
Jun 2020	412	238	143	67	1859	2273116	2029	4306	7166	12372
May 2020	656	432	171	89	2932	2364528	2763	5308	13401	20342
Apr 2020	383	247	132	64	2047	1506169	1931	3960	7416	11514
Mar 2020	455	282	139	63	2168	1931010	1959	4325	8764	14110
Feb 2020	436	280	123	62	2160	2252930	1816	3570	8143	12672
Jan 2020	410	272	131	59	2339	1573060	1840	4091	8440	12719
Dec 2019	535	336	160	77	2579	2871670	2416	4980	10428	16607
Nov 2019	641	412	194	93	2851	3867432	2801	5834	12373	19248
Totals						25756336	27498	53887	106752	175339

SAMRÅDINGSMØTET

**SAMRÅDINGSMØTET 2019 FOR
SPRÅKRÅDET, STEDSNAVNTJENESTEN OG KARTVERKET**

Samrådsmøtet 2019 ble holdt 30.–31. oktober på Kartverket, Hønefoss.

Del 1

Lars Elsrud, avdelingsdirektør for Matrikkel- og stedsnavnavdelingen i Kartverket, ønsket velkommen. Han fortalte at Kartverket er en etat under Kommunal- og moderniseringsdepartementet og er nasjonal kartmyndighet, tinglysingsmyndighet, sentral matrikkelmyndighet, stedsnavnmyndighet og nasjonal geodatakoordinator. Kartverket har ca. 820 ansatte og har 15 kontorsteder spredd i hele Norge, samt et jordobservatorium på Svalbard. Kartverket er Norges eldste tekniske etat og ble etablert i 1773. I boka om Kartverkets historie, *Med kart skal landet bygges* (Bjørn Geirr Harsson og Roald Aanrud, 2016) er et 13 siders kapittel viet stedsnavnarbeidet i Kartverket gjennom tidene.

Erfaringer med ny stedsnavnlov, utvidet rolle for stednavntjenesten og konsekvenser for Kartverket

Sigfrid Tvitekkja fra Kulturdepartementet redegjorde for bakgrunnen for lovendringen. Hun viste til Meld. St. 14 (2014–2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner* og sitatet fra Innst. 333 S (2014–2015) s. 51 «[...] det må vurderes økt kommunalt selvstyre innenfor fastsetting av skrivemåte og navn innenfor adresse- og skiltprosjekt.» Når departementet får en bestilling via en proposisjon e.l., tolkes bestillingen. Ifølge utgreiingsinstruksen må departementet starte bredt. Hva er problemet? Hvilke tiltak er relevante i denne saken? Et mål med lovarbeidet har vært å gjøre det synligere for kommunene hvem som trekker i trådene. Tvitekkja konkluderte med at det i realiteten ikke ble så store lovendringer, trass i formuleringen «økt kommunalt selvstyre». Politikerne er fornøyd, og den nye loven vil antakelig stå seg en stund. Forskrifta må endres.

Line Lysaker Heinesen påpekte at stedsnavntjenesten har fått en utvidet rolle i loven. I tillegg til å gi råd om skrivemåten, skal de også gi rettleiing og tilråding om navneskikk og navngiving, og kan gi råd om bruk av stedsnavn. I realiteten ble dette også gjort tidligere. Heinesen mente at flyttingen fra forskrift til lov av den såkalte «unntaksregelen» om bruk av innarbeidete skrivemåter som avviker fra gjeldende rettskriving og rettskrivingsprinsipp, ikke gir en ny måte å behandle saker på. Men regelen skal vurderes oftere enn før.

Ifølge *Anne Svanevik* får endringene heller ikke de helt store konsekvensene for Kartverket, selv om eldre og tradisjonsrike skrivemåter skal vurderes mer enn før. Svanevik nevnte at kommunene nå har fått lovfestet rett til å velge stedsnavn, og at reglene om navnevern gir større mulighet til å bytte ut et navn med et annet dersom navnebruken har endret seg lokalt og over tid. Videre har de utfyllende reglene fra 2018 gitt mulighet for å vedta flere dialektformer.

Evaluerings av ny organisering av stedsnavntjenesten

Ifølge seksjonsleder *Daniel Ims* i Språkrådet fungerer det nyopprettete fagrådet for stedsnavn bra. Språkrådet er innstilt på å gjøre prøveordningen med fire konsulenter for norske stedsnavn permanent. Språkrådet er glade for å ha fått flere oppgaver som følge av den nye loven. De må arbeide med å styrke seg på flere områder.

Botolv Helleland – en nestor i stedsnavntjenesten – fortalte at han har vært med i lovarbeidet helt fra starten (NOU 1983:6 Stadnamn) og var navnekonsulent før det. Fagmiljøet var glade for å få en stedsnavnlov i 1991. De politiske interessene har kommet sterkere fram etter hvert. Helleland oppsummerte stedsnavntjenestens historie fra 1991 fram til i dag. Han var positiv til den nye ordningen med et fagråd for stedsnavn i Språkrådet. Her kan en diskutere problematiske saker mer inngående. Dessuten er den nye organiseringen av stedsnavntjenesten effektiv. Det er nå formalisert at de enkleste sakene kan tas av rådgiver og ikke trenger å gå til konsulent.

Også kvensk stedsnavntjeneste synes den nye ordningen fungerer bra. Rådgiver og konsulent er med på møtene i fagrådet. De har sine egne møter om språkspesifikke spørsmål.

Ims nevnte at Språkrådet har fått statsbudsjettmidler for 2020 til e-læringskurs i stedsnavnloven.

Skrivemåter av adressenavn på tvers av norske rettskrivingsprinsipper

Kartverkets *Aud-Kirsti Pedersen* påpekte at regelen i Prop. 65 L s. 40 «Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavene *c*, *q*, *w*, *x*, og *z* skal ikkje godtakast...» ikke gjelder for personnavn og dermed heller ikke for adressenavn som inneholder personnavn. Dette gir seg utslag i upraktiske skrivemåter, f.eks. *Koefoedgeilan* i Trondheim og *Boecks gate* i Kongsberg. Aksent- og apostrofbruk er også ofte feil i slike navn. Pedersen mente stedsnavntjenesten burde advare kommunene mot å velge slike adressenavn, jf. formålsparagrafen i loven.

Klagesaker v/Kartverket (*Berit Sandnes, Aud-Kirsti Pedersen, Erlend Trones*)

Er det noen fellestrekk i klagesakene?

- 1) Klagerne hevder at de ikke har fått informasjon om vedtaket, feil saksbehandling.
- 2) Det er alltid minst én drivende person bak.
- 3) Dansketidformer blir ofte ført opp som viktige argument for at formen er rett.
- 4) Skrivemåten av slektsnavnet er viktig. Folk knytter i stor grad identiteten sin til en bestemt skrivemåte av et stedsnavn.
- 5) Lite kjennskap til former på kart. Det hevdes ofte at det som står på vegskilt, er det korrekte.

På slutten av dagen fikk deltakerne omvisning i Norsk kartmuseum og i Kartverkets kartarkiv.

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

Del 2

Divisjonsdirektør Turid Ellingsen ønsket møtelyden velkommen og orienterte kort om programmet for dagen. Ho sa blant anna litt om grunnen til at dette med rollefordeling var sett opp som eit tema på ein del av møtet. Ho fortalde òg litt om korleis arbeidet i Eigedomsdivisjonen i Kartverket er organisert.

Kvenske stadnamn

Irene Andreassen og Pål Kristian Eriksen sa så noko om situasjonen for arbeidet med kvenske stadnamn. Dei kunne blant anna opplysa at det no er fire kommunar som har teke i bruk parallelle kvenske kommunenamnformer. Tre av dei fire kommunane ligg i Troms. Vidare fortalde dei om arbeidet med innsamling av kvenske namn.

Dei tok elles fram ein del døme som illustrerer ulike spørsmål som aktualiserer seg i samband med oppsetjing av namneskilt langs vegane og i tilknytning til arbeid med kvenske namn generelt. Dei kritiserte Vegvesenet for å berre sjå etter i SSR når dei skal setja opp nye skilt. I ein del tilfelle har eksisterande samiske og kvenske namn vorte utelatne berre fordi dei ikkje finst i registeret. I ein del klagesaker har det vore usemje som botnar i motsetnader mellom kvensk og standardfinsk. Somme mislikar kvenske former som skil seg for mykje frå dei tilsvarende standardfinske formene.

Samiske stadnamn

Ardis Ronte Eriksen og Liv Karin Klemetsen gav eit innblikk i arbeidet med samiske stadnamn og kva utfordringar som knyter seg til dette. Bruken av samiske stadnamnformer skaper stort engasjement og vekker mange kjensler hjå folk. Mange sinte og kritiske røyster har ytra seg i media i seinare tid. Slike problem er med og gjer det vanskeleg å få aktuelle personar til å ta på seg konsulentarbeid. I namnesaksarbeidet er det eit problem at mange kommunar ikkje gjer det dei er pålagde å gjera. Mange namnelister hamnar i ei kontorskuffe. I delar av dei samiske områda er det få nedskrivne samiske namn. Situasjonen er verst i sør-samiske område. Ganske mange namneformer er gjorde klare til godkjenning, men Kartverket har ikkje god nok kapasitet til å ta seg av desse. Ei sak som er oppe no, er spørsmålet om kva for eit namn som eventuelt skal veljast som eit offisielt samisk namn på byen Oslo.

Sannings- og forsoningskommisjonen

Anne Julie Semb i Sannings- og forsoningskommisjonen orienterte om bakgrunnen for at kommisjonen vart oppretta og om kva som er mandatet til kommisjonen. Opprettinga vart vedteken av Stortinget 20. juni 2017, og kommisjonsmedlemmene vart oppnemnde 14. juni i 2018. Ein viktig del av bakgrunnen for kommisjonen ligg i den fornorskingspolitikken som vart førd andsynes minoritetsgruppene og som hadde alvorlege negative følgjer for kulturen, språket, identiteten og levekåra deira. Mandatet til kommisjonen går ut på å laga ei historisk kartlegging, å granska verknadene av fornorskingspolitikken og å føreslå tiltak for vidare forsoning. Ein del av kartleggingsarbeidet vil dreia seg om innsamling av personlege historier som har tilknytning til fornorskingspolitikken. Kommisjonen skal levera ein sluttrapport innan 1. september 2022.

Samiske og kvenske namn Noreg

Randi Espegren Masvie og Cecilie Haare i Same- og minoritetspolitisk avdeling i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) fortalde om det arbeidet departementet gjer i tilknytning til ei utgreiing om offisielle samiske og kvenske namn på Noreg. Utgreiinga skal innehalda eit framlegg til retningsliner for offentleg bruk av namna. Departementet har invitert ulike partar til å komma med aktuelle innspel. I eit ordskifte etter denne orienteringa vart det sagt at retningslinene bør omfatta namnebruk både på skilt, kart, aktuelle nettstader, i ulike legitimasjonsdokument og på førarkort. Det vart òg sagt at det kan tykkjast vera trong for å laga ei særlov som gjeld landsnamnet og ulike inndelingsnamn.

Namnesakbehandling

Maria Ellingsen og Linn Winnæss-Karlsen i Kartverket tok opp dette med namnesaksbehandling og bruken av ulike kjelder i namnesaker. Innleiarane peika først på det som står i § 6 i stadnamnlova om kven som kan ta opp namnesaker. Vidare presenterte dei ei skisse som syner korleis saksgangen er no. Dei gjekk så inn på det som regelverket seier om fastsetjing av offisielle stadnamnformer, det vil seia om dei forskjellige omsyna ein generelt skal ta, blant anna til den munnlege namnetradisjonen, til gjeldande rettskriving, til skriftradisjonen og til det som står i innkomne fråsegner.

Her vil det alltid bli eit spørsmål om kva som skal vektleggjast mest i den ein-skilde saka. Det vil elles alltid vera viktig å ha gode og pålitelege kjelder. Som døme på kjelder som ofte vil vera aktuelle, vart det nemnt SSR, ulike kart, tidlegare matriklar, den gjeldande matrikkelen, matrikkelutkastet frå 1950, *Norske Gaardnavne*, *Heradsregisteret*, aktuelle stadnamnsider på nettet og ulike bygdebøker.

Det vart så halde korte innleiingar om det å skriva oppstartsbrev, tilrådingbrev og vedtaksbrev og om dette å svara på spørsmål som kjem inn frå kommunane og frå andre brukarar. I ordskiftet etterpå kom det ikkje fram vesentleg usemje mellom Kartverket og stadnamntenesta om kva som er rett rollefordeling. Det vart diskutert noko om kor konkret ein skal vera i kjeldetilvisinga. Spørsmålet aktualiserer seg ikkje minst når det er tale om informantar som har komme med uttaleopplysningar. Nokre meinte det vil vera ein fordel om alle alternative skrivemåtar i ei einskilds sak blir nemnde i oppstartsbrevet og Kartverket gjer det klårt, i alle høve overfor stadnamntenesta, kva kjelder som er lagde til grunn for dei ulike alternativa. Det vart sagt at oppstartsbrev ikkje må vera overleste, men at dei må gi god opplysning om det viktigaste, då ikkje minst om det som står i det gjeldande regelverket. Det vart òg nemnt som ønskjeleg at ein ber kommunane komma med relevante lokalitetsopplysningar og at ein presiserer at gards- og bruksnamnsaker ikkje har følgjer for bruken av tilhøyrande familienamn.

Ny portal for norske stadnamn

Etterpå gav Peder Gammeltoft ei orientering om kor langt Språksamlingane har komme i arbeidet med å laga ein ny portal for norske stadnamn. Det som blir lagt ut, knyter seg til fleire ulike datasett – i utgangspunktet slike som er arkiverte i Språksamlingane – og datasetta kan veljast til eller frå alt etter kva ein ønskjer å få fram. Tilfanget vil innehalda både tekst, lyd og bilete, og det tekstlege vil komma fram anten i tabellar, i statistikkar eller på kart eller i kombinasjons-

løysingar. Det er alt no lagt til rette for strengsøk. Seinare vil det bli gjort mogleg å ta meir avanserte søk. (Nettadressa er <https://toponymi.spraksamlingane.no>.)

Hege Sælid hadde ei kort oppsummering av det som hadde vore framme på samrådingmøtet. Ho lufta til slutt ein tanke om at me hausten 2020 har eit utvida opplegg med ein konferansedel der det gjerne òg er deltakarar frå andre nordiske land.

Kjell Erik Steinbru
kjell.erik.steinbru@sprakradet.no

NAMNEKONSULENTORDNINGA FRÅ STARTEN

(Innlegg på Samrådingmøtet 2019)

Starten på stadnamnormering

For dei organa som gjer vedtak om stadnamn, fyrst og fremst Kartverket, har det vore viktig å ha tilgang til namnefagleg kompetanse. Som kjent har stadnamnormeringa i landet stått overfor to utfordringar, og båe er høgst aktuelle. Den fyrste og største har vore overføring frå den danske skriftradisjonen til norsk skriftspråk. Den andre og heimleg tufta har vore å balansera dialektformene i høve til skriftnorma. Ved «det nasjonale vendet», som Gustav Indrebø kallar det i boka *Norsk namneverk*, (1927). I fyrste halvdel av 1800-talet kom også oppnorskinga av stadnamn på tale. Alt tidleg på 1800-talet var det røyster som mellom anna tala for at stumme *h*-ar som i *Dahl* og *Thune* burde sløyfast. Då namna i matrikkelen av 1838 skulle få si form, var det ein militær, kaptein Gerhard Munthe, som fekk i oppdrag å gå gjennom namneverket. Han var før si tid er det rett å seia, og dei endringane han fekk gjennomført, var eit stort steg mot ein norskare skrivemåte. Så godt som alt skriftspråk elles var rein dansk etter den tids skrivepraksis. Han ville til dømes ha diftong i *Tveit*, *Aamot* for *Aamodt* og ikkje minst rydda vekk meiningslause former som *Hvidesøe* for *Kviteseid* *Røraas* for *Røros*.

I dei neste tiåra kom det fleire innspel som leidde fram mot ein ny matrikkel. Ivar Aasen og P. A. Munch var mellom dei fagleg sterke røystene i denne perioden. I 1878 vart det nedsett ein kommisjon som fekk i oppdrag å førebu ein revisjon av namneformene i matrikkelen. Det lukkelege valet av leiar for dette utvalet var Oluf Rygh, og med seg fekk han dei framstående filologane Sophus

Bugge og Johan Fritzner. På det tidspunktet hadde Oluf Rygh byrja som namnekonsulent for Noregs geografiske oppmåling for å få større konsekvens i skrivemåten. Men tida var enno ikkje komen for å skriva namna etter det norske grunnlaget. Rygh heldt til dømes på *en*-ending i hokjønnsord som *Sandviken* og *e*-ending i staden for fullvokal i namn som *Odde* for *Odda*. Til dels kom det meir av danske former, særleg på amtskarta.

Namnekonsulentordninga fram til 1990 (1991)

Oluf Rygh sat som namnekonsulent i gode 20 år, inkludert den perioden han saman med Bugge og Fritzner arbeidde med innsamling og kontroll av i matrikkel-namna. Den nye matrikkelen var ferdig i 1886. Dei neste 13 åra arbeidde Rygh vidare med materialet med tanke på gje det ut amtsvis (fylkesvis) med kjeldeopplysningar og namneforklaringar.

Då han under ei innsamlingsferd i Aust-Telemark døydde i 1899, hadde han fått publisert tre og eit halvt band av verket som bar tittelen *Norske Gaardnavne*. Dei andre banda kom ut i dei fylgjande par tiåra med andre namnekunnige som utgjevarar.

Gustav Storm tok over som namnekonsulent etter Rygh for ein seksårsperiode. Deretter gjekk Hjalmar Falk inn i ombodet og sat der i 20 år. Undervegs hadde det skjedd ei endring. Landsmålet vann meir og meir feste, og Falk, som då var leiar i Riksmålsforeningen, tok initiativ til å få med ein representant for den andre språkleiren, og då Marius Hægstad. I 1913 vart ordninga med ein konsulent for kvart av dei to skriftspråka innført. Denne ordninga hadde ein målpolitisk bakgrunn ettersom mange såg på oppnorskinga av stadnamn som ein lekk i målreisninga.

Faktisk var det alt i 1912 dei to formulerte prinsippet om at stadnamn på kart skulle skrivast i «stedets dialekt med landsmaalets retskrivning». Dette har seinare vore det førande grunnlaget for ei rekkje resolusjonar og forskrifter fram til lov om stadnamn jamstelte dei to skriftmåla. Likestillinga mellom bokmål og nynorsk har likevel ikkje ført til store endringar i namneverket ettersom uttalen av dei fleste stadnamna samsvarar best med nynorsk.

Likevel har det vore ein del usemje mellom bokmåls- og nynorskkonsulenten, særleg i høve til dialektformer. Då Didrik A. Seip trekte seg som konsulent i 1926, skreiv han m.a. fylgjande til departementet:

Før jeg fratrer, vil jeg gjerne uttale som min mening at i navneskikk gjelder det først og fremst å bevare de virkelige former, de som lever på folkemunne. Det

er de eneste *nasjonale* former. Man bør ikke gå til forandring av skrivemåten i et navn på andre vilkår enn at folkemålsformen kommer til ære og verdighet ...

Nynorskkonsulentane Gustav Indrebø og Per Hovda heldt til på Stadnamnarkivet og hadde såleis best oversyn over stadnamna reint allment, og dei stod for det meste av arbeidet sjølv. Dermed hadde dei størst innverknad på kva skrivemåtar som skulle veljast, sjølvstilt innanfor dei gjeldande føresegnene. Etter kvart vart det opna for namnefagleg sekretærhjelp på timebasis. Dette var eit fyrste steg mot den utvida sekretærfunksjonen som vart innført med lov om stadnamn, og som har vore i funksjon fram til no. Det er grunn til å streka under at sekretæranne gjer ein stor jobb med å finna fram relevant materiale og leggja namnesakene til rette.

Utvida konsulentordning etter lov om stadnamn

Prinsippet om målrepresentasjon var fylgt opp i lov om stadnamn i 1990. Med denne lova vart det instituert fire regionbaserte stadnamntenester med base ved dei fire universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Kvar teneste skulle ha ein namnekonsulent med bakgrunn i bokmål og ein med bakgrunn i nynorsk, i tillegg til ein sekretær i heil eller halv stilling. Sekretæranne skulle ha arbeidsplass ved universitetet i den aktuelle regionen. Kulturdepartementet, som hadde stått for oppnemning av namnekonsulentar sidan starten, overlét dette ansvaret til Språkrådet i 1993.

I 2018 gav departementet Språkrådet i oppdrag å forenkla konsulentapparatet med éin konsulent for kvar av dei fire regionane utan omsyn til målform. Grunngevinga var at konsulentane fylgjer same regelverk anten dei har bokmål eller nynorsk som hovudmål. Ordninga med sekretærar (no rådgjevarar) ved kvar konsulentteneste vart ført vidare, men namnesaker skulle kunna handsamast på tvers av regionane.

Det neste store steget var skipinga av eit fagråd for stadnamn i regi av Språkrådet. Det kom i sving i andre halvdel av 2018. Med i dette rådet er dei fire norskspråklege konsulentane og konsulenten for kvensk pluss ein sekretær (rådgjevar) for norsk og ein for kvensk. Den nye nemninga for konsulentsekretær er altså rådgjevar.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NAMNEKONSULENTAR OG SEKRETÆRAR 1877–2020

1877–1991

Éi stadnamnteneste for norske stadnamn i heile landet

Namnekonsulent Riksmål/bokmål	Periode	Namnekonsulent Landsmål/nynorsk	Periode
Oluf Rygh	1877–1897		
Gustav Storm	1897–1903		
Hjalmar Falk	1903–1923	Marius Hægstad	1913–1923
Didrik Arup Seip	1923–1926	Gustav Indrebø	1923–1942
Alf Sommerfelt	1926–1965	Per Hovda	1942–1984
Eyvind Fjeld Halvorsen	1965–1990	Botolv Helleland	1984–1990

1991–2017

Fire regionale stadnamntenester med to konsulentar i kvar

Austlandet med Agderfylka

Namnekonsulent Bokmål	Periode	Namnekonsulent Nynorsk	Periode
Eyvind Fjeld Halvorsen	1991–1993	Botolv Helleland	1991–2017
Kristin Bakken	1994–2002		
Boye Wangensteen	2003–2010		
Vidar Haslum	2011–2017		

Vestlandet

Bokmål	Periode	Nynorsk	Periode
Ole-Jørgen Johannessen	1991–1994	Oddvar Nes	1991–2016
Egil Pettersen	1995–1997	Gunnstein Akselberg	2017
Ole-Jørgen Johannessen	1998–2017		

Trøndelag og tilgrensande område

Bokmål	Periode	Nynorsk	Periode
Jørn Sandnes	1991–1997	Ola Stemshaug	1991–2013
Eli Ellingsve	1998–2016	Tor Erik Jenstad	2014–2016
Ivar Berg	2017	Ivar Berg	2017

Nord-Noreg

Bokmål	Periode	Nynorsk	Periode
Endre Mørck	1991–1997	Tove Bull	1991–1994
Eva Forsaa Mikkelsen	1998–2017	Aud-Kirsti Pedersen	1995
		Tove Bull	1996–1997
		Finn Myrvang	1998–2009
		Aud-Kirsti Pedersen	2010–2015
		Magne Heide	2016–2017

Ny ordning med fire konsulentar for norskspråklege stadnamn frå juli 2018

Austlandet med Agder	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Noreg
Botolv Helleland	Gunnstein Akselberg	Ivar Berg	Roger Lockertsen

Sekretærar for den norskspråklege stadnamntenesta

Med lov om stadnamn vart det frå 1. juli 1991 innført ei fast ordning med sekretærar for namnekonsulentane. Før den tid kunne nok konsulentane få noko hjelp ved Stadnamnarkivet, men det var fyrst på slutten av Per Hovda si tid som konsulent at det vart sett av ekstra midlar til å betala hovudfagsstudentar eller andre fagfolk til å gå gjennom namnemateriale og såleis førebu namnesakene for dei to konsulentane.

Ordninga med ekstra sekretærhjelp vart fast etter at Botolv Helleland vart konsulent i 1984. Tom Schmidt vart engasjert som sekretær i 1983 og sat til 1988 då Kristin Bakken tok på seg dette oppdraget. I 1990 overtok Terje Larsen, og 1. juli 1991 vart han tilsett som konsulentsekretær i full stilling.

Konsulentsekretærar frå 1991

Eit monaleg tal personar med namnefagleg kompetanse har vore engasjerte eller tilsette som sekretærar i stadnamntenesta sidan 1991. I tabellen på neste side er dei førte opp i alfabetisk rekkjefølgje etter førenamn. Det geografiske området og perioden dei har arbeidd i, kjem fram i tabellen på neste side.

Annika Odland, Ann-Tove Eriksen, Astrid Sann Evensen, Aud-Kirsti Pedersen, Berit Oksfjellelv, Berit Sandnes, Eldar Heide, Ellen Skolseg, Eva Forsaa Mikkelsen, Ingvil Nordland, Irene Andreassen, Jana Vollestad, Janne Olden Skarbø, Jo Vegard Hilmo, Kaisa Rautio Helander, Katriina Pedersen, Kjell Erik

Steinbru, Kjersti Bruvoll, Kristin Fridtun, Line Lysaker Heinesen, Olav Benjaminsen, Pål Kristian Eriksen, Terje Larsen, Tor Erik Jenstad, Verena Wolf.

Austlandet med Agder	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Noreg
Terje Larsen 1991–2011 Ellen Skolseg 1997 Jana Vollestad 2008 Ingvil Nordland 2008, 2010, 2011– Line Lysaker Heinesen 2011–	Kjell Erik Steinbru 1991–	Tor Erik Jenstad 1991–2003 Berit Oksfjellelv 2003–2004 Kjersti Bruvoll 2004–2005, 2010–2014 Annika Odland 2006–2009 Janne Olden Skarbø 2009–2010, 2013–2016 Kristin Fridtun 2011 Berit Sandnes 2015–2016 Line Lysaker Heinesen 2017–	Aud-Kirsti Pedersen 1991–1996 Eva Forsaa Mikkelsen 1997–1998 Eldar Heide 1998–2002 Astrid Sann Evensen 2002– Ann-Tove Eriksen 2004–2005 Olav Benjaminsen 2008–2009 Verena Wolf 2009 Jo Vegard Hilmo 2015–2016

Namnekonsulentar for samisk og kvensk til 1991

Konsulent	Språk	Periode
Jens A. Friis	samisk og kvensk	–1896
Konrad Nielsen	samisk og kvensk?	1896–1953
Knut Bergsland	samisk	1954–1991
Thor Frette	nordsamisk	1971–1987
Ole Henrik Magga	samisk	1987–

Namnekonsulentar for samisk og kvensk 1991–2017

Konsulent	Språk	Periode
Kjell Kemi	nordsamisk	1991–
Mikael Urheim	lulesamisk	1991–1996
Samuel Gælok	lulesamisk	1998–2001
Ole Henrik Magga	sørsamisk	1991–

Eira Söderholm	kvensk	1991–2000
Irene Andreassen	kvensk	1999–2017

Konsulentsekretærer for kvensk

Kaisa Rautio Helander 1991–2001 (også for samisk denne perioden)

Irene Andreassen 2002–2015

Katriina Pedersen 2015–2019

Pål Kristian Eriksen 2019–

Marit Hovdenak
marit.hovdenak@sprakradet.no

SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA

TO ÅR MED FAGRÅD FOR STADNAMN

Da fagrådet for stadnamn vart oppretta som ei prøveordning og som ledd i ei større omorganisering av stadnamntenesta, vart det sett saman av fire namnekonsulentar for norske stadnamn og ein namnekonsulent for kvenske stadnamn. No i 2020 kan fagrådet sjå attende på to år med jamlege møte og annan fagleg aktivitet.

Samarbeidet i fagrådet fungerer godt. Leiaren for fagrådet er Botolv Helleland, pensjonert førsteamanuensis i namnegransking ved Universitetet i Oslo. Resten av fagrådet består av nestleiar *Ivar Berg*, professor ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet, *Irene Andreassen*, pensjonert konsulentsekretær i Språkrådet og namnekonsulent for kvenske stadnamn; *Roger Lockertsen*, pensjonert førsteamanuensis ved Universitetet i Stavanger og *Gunnstein Akselberg*, professor emeritus ved Universitetet i Bergen. *Ellen Hellebostad Toft*, seniorrådgjevar i Språkrådet, er sekretær for fagrådet.

Sidan prøveordninga vart sett i gang i 2018, har fagrådet for stadnamn vore aktivt. Det har i alt vore arrangert ti fagrådsmøte, der dei fleste har vore i Oslo, men vi har også vore i Bergen, Tromsø og Hønefoss. Dei to siste i 2020 har måtta gå digitalt.

Når det gjeld annan fagleg aktivitet, har fagrådet samarbeidd om å skrive høyringsvar til høyringa om endringane i stadnamnlova (2018–2019) og høyringsvar til framlegget til ny språklov (2019). I tillegg har fagrådet vore med på å

utforme ordlyden til dei nye forskriftene til stadnamnlova (2020) i samarbeid med Språkrådet, Kartverket og Kulturdepartementet.

I den nye ordninga er namnesakene delte inn i tre typar: 1) *forenkla saksbehandling* gjeld i dei sakene rådgjevarane i Språkrådet behandlar fortlaufande utan konsulentbehandling; 2) *konsulentbehandling* gjeld saker som krev vurdering frå ein av namnekonsulentane før tilråding blir gitt; 3) *fagrådsbehandling* gjeld visse saker som krev behandling i og tilråding frå fagrådet for stadnamn. Fleire saker av den sistnemnde typen har vore diskuterte i fagrådsmøte og resultert i ei offisiell tilråding frå fagrådet.

Nokre døme på namn som har vore diskutert eller handsama i fagrådet, er: namnet *Fagerli* i institusjonsnamnet *Fagerli miljøtjeneste* (Målselv kommune), opprettinga av nye kommunenamn på to kommunar i tidlegare Buskerud og Akershus fylke, som begge hadde namnet *Nes*, og som måtte byte namn da nye Viken fylke vart oppretta (dei nye namna vart *Nesbyen* og *Nes*), namnet *Tjernfjellet/Kjernfjellet* og avleidde namn av dette i Saltdal kommune, i tillegg til fleire andre. Men i fagrådsmøta har òg ei rekkje andre saker (type 1 og 2) vore diskuterte på meir prinsipielt grunnlag, mest av di namna har vore av fagleg interesse. Ei stadnamnsak som kan nemnast i denne samanhengen, er t.d. fastsetjinga av skrivemåte for namnet *Øvstbøen/Østbøen* i Surnadal kommune.

Fagrådet sine oppgåver er elles å føre tilsyn med at det er sams praksis i namnetilrådingane og i handsaminga av stadnamnsaker generelt, slik at føringane i lov, forskrift og nærmare skrivereglar vert følgde opp på ein einskapleg og føreseieleg måte. I nokre saker i år har fagrådet funne det naudsynt å reagere overfor Kartverket og av klagenemnda, når desse har fatta vedtak som det har vore namnefagleg usemje om.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

E-LÆRINGSKURS OM STADNAMNLOV OG STADNAMNARBEID – eit prosjekt hos Språkrådet i 2020

Bakgrunn

Ein stor del stadnamnarbeid, spesielt arbeid med adressenamn, går føre seg i kommuneadministrasjonane rundt om i landet. Dei færraste kommunetilsette som

arbeider med stadnamnsaker, har bakgrunn i dette fagfeltet. Det seier seg sjølv at fagfeltet rundt både lovgjeving og namnefag kan vere utfordrande. For å løyse utfordringane med stadnamnarbeidet rundt om i kommunane, føreslo Språkrådet å tilby kursverksemd på feltet. Språkrådet gir allereie kurs for brukarar på andre område innan språk, og har tidlegare også hatt kurs i og om stadnamnarbeid. Kulturdepartementet var positive til framlegget, og løyvde i 2019 pengar til e-læringskurs om stadnamnlova og stadnamnarbeid.

E-læringskurs har den store fordelten at dei når ut til veldig mange brukarar på ein gong, særleg samanlikna med klasseromkurs. Når eit e-læringskurs først er ferdig utvikla, kan det brukast og gjenbrukast fleire gonger (også av same brukar). Dimed når eit slikt kurs stadig fleire utan å måtte bli arrangert på nytt og på nytt.

Språkrådet har allereie utvikla tre e-læringskurs tidlegare; i klarspråk, nynorsk og terminologi. Desse kursa har alle blitt godt tatt i mot, mykje brukt og fått gode tilbakemeldingar både når det gjeld innhald, design / teknisk løysing og brukar-tilpassing.

Mål med e-læringskurset

Det viktigaste målet med e-læringskurset i stadnamnarbeid og stadnamnlov er å tilby ei enkel innføring i innhaldet i stadnamnlova (etter revisjonen frå 2019) og å lære opp brukarane til korleis dei skal arbeide med stadnamn i det daglege virket sitt. Dette har vore registrert som eit behov i Språkrådet, og det er også meldt inn frå kommunane.

Etter at ein brukar har gjennomført kurset, vil kurset i seg sjølv kunne fungere som ei sjekkliste eller eit oppslagsverk til seinare bruk. Det er altså eit mål at kurset skal bli del av eit nettverk av ulike verktøy til bruk i kommunalt stadnamnarbeid.

Det er grunn til å tru at eit slikt kurs vil kunne vere til god hjelp også i det daglege arbeidet til stadnamnrådsgjevarane i Språkrådet. Etter å ha gjennomført kurset, vil målgruppa – dei tilsette i kommunane – vere betre rusta for å lage vel-fungerande, nye adressenamn. Da vil også prosessen med å godkjenne namn og skrivemåtar gå raskare.

Når kurset er ferdigstilt, vil det bli allment tilgjengeleg på nettsida til DFØ.

Motivasjonsfaktorar

Som nemnt innleiingsvis har dei tidlegare e-læringskursa som Språkrådet har utarbeidd, blitt oppfatta som svært nyttige av dei som har tatt dei. Nytteverdien

av det planlagde e-læringskurset om stadnamnarbeid ligg for ein stor del i at det vil gjere det lettare for dei tilsette i kommunane å gjere ein god jobb. I eit samfunn som det norske kan dette i seg sjølv reknast for å vere ein motivasjonsfaktor: I Noreg er det det gjævt å arbeide i det offentlege – det er trygge jobbar med gode løns- og arbeidsvilkår. Dimed er offentleg tilsette i stor grad opptatte av å gjere ein god jobb. I tillegg arbeider dei ikkje så sjeldan innanfor (eller nær) egne interesse- og fagfelt. Vi forventar difor at målgruppa vil finne kurset både motiverande og nyttig.

For å bli i stand til å gjere godt kommunalt stadnamnarbeid er det heilt essensielt at målgruppa for e-læringskurset har ei god forståing av kvifor stadnamnlova er utforma slik ho er. Det er viktig å lære kursdeltakarane at dei mange lovene og reglane er motivert ut frå eitt hovudmål, nemleg formålsparagrafen – å ta vare på stadnamn som immaterielle kulturminne og gi dei ei skriftform basert på nedverd uttale.

Det er altså særleg viktig at kurset klart får fram og eksplisitt understrekar at stadnamn representerer kulturarven vår.

Målgruppa for kurset

Når ein skal gå i gang med lage eit e-læringskurs, er det særst viktig å identifisere målgruppa så nøyaktig som mogleg. Det komande kurset i stadnamnarbeid har ei svært heterogen målgruppe: Kurset er i hovudsak meint for tilsette i kommunadministrasjonane rundt om i landet, som dagleg arbeider med stadnamnsaker.

Denne gruppa er sett saman av menneske med veldig ulike bakgrunnar, som ein veit ganske lite om som heilskap. Det er grunn til å tru at det gjerne er personar som har høgare utdanning – men den faglege bakgrunnen deira kjem frå mange ulike fagfelt. Dei aller færraste – kanskje ingen – har stadnamnfagleg bakgrunn. Målgruppa lar seg difor vanskeleg beskrive einskapleg. Dette gjer det meir utfordrande å lage eit brukartilpassa kurs, så dette vil Språkrådet arbeide særleg med å få til.

Korleis kurset skal lagast

Etter å ha gjennomført ein anbodskonkurrans i juni, valde vi ut eit firma til å hjelpe oss med å lage e-læringskurset reint teknisk.


Vi valde firmaet APROPOS (Apropos internett AS), eit firma som ved fleire tidlegare høve har levert e-læringskurs til Språkrådet også, og som vi har vore fornøgde med.

I prosjektgruppa er vi fire medlemmer; tre frå Språkrådet (Ellen Hellebostad Toft, Line Lysaker Heinesen og Daniel Ims) og ein frå Kartverket (Hege Sælid). Prosjektgruppa har eit tett samarbeid med firmaet gjennom prosjektperioden. Språkrådet leverer det stadnamnfaglege innhaldet, medan firmaet tar seg av alt det tekniske.

Kursdesign

I skrivande stund er prosjektet i innleiingsfasen, og difor kan vi berre gi ei generell oversikt over planen for korleis kurset er tenkt utforma. Vi vil arbeide med å finne dei verkemidla og effektane som verkar best eigna til å oppnå læringsmåla for kurset. Nokre døme på slike verkemiddel er: historieforteljing, animerte filmsnuttar, interaktive modellar, ulike former for illustrasjonar, tekstbaserte forklaringar, praktiske oppgåver og øvingar av ymse slag og testing av tileigna kunnskap.

Kurset vil vere delt i fire delar. Ein førebels modell for kursdesignen ser slik ut:



Modulen lengst til høgre vil bli den mest omfattande og kanskje viktigaste modulen med tanke på målgruppa sine behov.

Oversikt over innhaldet i kurset

Kurset vil altså bestå av fire delar – eller kursmodular:

- Den første modulen vil vere ein introduksjon til kurset
- Den andre modulen vil gi ei innføring i stadnamnlova og forskrifta til lova
- Den tredje modulen vil ha fokus på rettskriving og normering av stadnamna
- Den fjerde modulen vil gi kursdeltakaren ei opplæring i saksgangen i namnesaker

1 Modul 1 introduserer og orienterer om heile kurset og gir ei oversikt over dei andre tre modulane. I tillegg skal denne modulen forsøkje å motivere kursdeltakarane til å gjere ein god jobb med stadnamn. Det vil bli gjort ved å slå fast verdien stadnamna har som del av vår felles kulturarv.

Forhåpentlegvis vil introduksjonsmodulen også gi svar på nokre nærliggjande spørsmål eller oppklare eventuelle misforståingar kring stadnamnarbeid.

2 I den andre modulen vil kursdeltakarane få ei innføring i lov om stadnamn. Også forskrifta om stadnamn vil bli presentert. Mest fokus vil det bli på dei paragrafane og delane av lova og forskrifta som vil vere mest sentrale i det daglege arbeidet med stadnamnsaker.

3 Den tredje modulen har fokus på rettskrivingsreglar og normeringspraksis for stadnamn. Eit særskilt mål med denne modulen er å lære kursdeltakarane å lage gode, velfungerande adressenamn, t.d. gatenamn. Eit læringmål i denne modulen vil vere å unngå å gjere ein del vanlege feil. For å nå dette målet, må kursmodulen ha fokus på generelle rettskrivingsprinsipp og retningslinjer for ordlaging som gjeld for nynorsk og bokmål. Modulen vil forklare for kursdeltakarane korleis lokal uttale vert lagt til grunn på same tid som gjeldande reglar for normering vert følgde. I formelle namnesaker er det Kartverket som er vedtaksmynde. Ved å leggje fram årsakene til og grundig forklare bakgrunnen for dei tilrådde skrivemåtane, håpar vi at kurset også vil kunne føre til færre klagesaker etter at vedtak er fatta i namnesakene.


4 Den fjerde modulen vil lære kursdeltakarane om prosedyrane dei må følgje når dei arbeider med å behandle ei namnesak. Her vil fokuset vere på å informere om kva som må gjerast, og i kva rekkjefølgje ulike oppgåver bør løysast. Det vil bli tatt opp kva for instansar som bør kontaktast og når det bør skje. Vidare vil kurset vise korleis dei kommunetilsette bør kommunisere med og bruke stadnamntenesta i Språkrådet på best mogleg vis. I tillegg vil det vere fokus på kva for rolle Kartverket har.

Forhåpentlegvis vil kursdeltakarane vere betre rusta for å gå i gang med og jobbe effektivt med namnesaker etter at dei har vore gjennom modul 4.

Den viktige plassen samiske og kvenske stadnamn har i stadnamnlova, vil bli tatt opp i kurset. Men ettersom namnesaker med samiske og kvenske namn går gjennom ein litt annan prosess enn dei norske namna, ser vi det slik at det bør lagast eigne kursmodular for opplæringa i arbeidet med desse namna. Men e-

læringskurs/modular om samiske og kvenske stadnamn både kan og bør byggje på dette kurset i norske stadnamn.

Ein førebels modell som illustrerer innhaldet i kurset, ser slik ut:



Gjennomføringsplan

Prosjektet er delt inn i fasar, og manusfasen er den mest omfattande fasen. Denne fasen er tenkt å vare i ca. sju veker, og i skrivande stund er vi inne i denne fasen. Prosjektgruppa frå Språkrådet har ansvaret for alt det stadnamnfaglege arbeidet som ligg bak kurset, og det er vi som skriv manuset. Det innleidde firmaet står i hovudsak for den tekniske løysinga og med tilrettelegging av manuset. I manusfasen vert alt det faglege innhaldet i kurset skrive ned og tilpassa e-læringsformatet i eit tett samarbeid mellom Språkrådet og APROPOS.

Mot slutten av manusfasen vil ei referansegruppe utanfrå spele ei viktig rolle. Referansegruppa skal evaluere manuset og gi tilbakemeldingar til prosjektgruppa. I referansegruppa vil det sitje representantar for målgruppa for kurset – tilsette i kommunane som allereie driv med stadnamnarbeid. Denne gruppa er dei som kjenner best kvar skoen trykkjer. I tillegg har medlemmer av fagrådet for stadnamn, nokre frå Kartverket og ei frå NRK takka ja til å vere med i referansegruppa.

Vi håpar at e-læringskurset i stadnamnlov og stadnamnarbeid vil vere klart for lansering utpå nyåret i 2021.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

Ellen Hellebostad Toft er seniorrådgjevar i Språkrådet, fagrådssekretær i fagrådet for stadnamn og prosjektleiar for e-læringskurset om stadnamnlov og stadnamnarbeid.

TILSKUDD TIL STEDSNAVNBARBEID 2019–2020

Disse fikk støtte via tilskuddsordningen fra Språkrådet i 2019 og 2020. Noen brukere (se nederst for 2019) fikk tilgang til registreringsverktøyet uten å motta støtte.

2019

Nr.	Søker – prosjektleder – kort beskrivelse	Beløp
1	Agdenes historielag (fortsettelse av pågående prosjekt)	35 000
2	Inderøy museums- og historielag v/Stein Ivar Grønnesby (fortsettelse av pågående prosjekt)	100 000
3	Vest-Telemark Museum – Per Ormestøyl - registrering av stedsnavn fra Vinje kommune fra flere lokale innsamlinger	150 000
4	Nord-Varanger kvenforening – Jens Pedersen – innsamling og registrering av kvenske/finske navn i Vestre Jakobselv i Vadsø kommune	60 000
5	Tysfjord lokalhistorielag – John Gunnar Skogvoll – registrering av stedsnavn fra områder som er dårlig dekket av Stadnamnprosjektet i Nordland	50 000
6	Singsås Historie- og Museumslag – Harald Buseth / Eli Johanne Ellingsve – innsamling, kartfesting og dataregistrering av stedsnavn i tidligere Singsås herred (nå i Midtre Gauldal)	100 000
7	Arbeidsgruppe for innsamling av stedsnavn i Klæbu – Terje Klokk / Eli Johanne Ellingsve – innsamling, kartfesting og dataregistrering av stedsnavn i Klæbu kommune	70 000
8	Eva Forsaa Mikkelsen (i samarbeid med Ibestad historielag og Frivilligsentralen) – registrering av navn fra hovedoppgave om stedsnavn i Ibestad, samt dypinnsamling	55 000

	og registrering av manglende navn fra øya Rolla	
9	Mearrasiida – Steinar Nilsen – prosjektet «Stedsnavn i sjøsamiske områder i Måsøy kommune»	120 000
10	Stiftinga Hilmar Alexandersen – Johan Einar Bjerkem – innsamling og registrering av stedsnavn fra Henning sokn (Steinkjer kommune)	100 000
	Midsund slekt- og historielag – Oddny Grethe Gangstad – fullføring av tidligere innsamlingsarbeid	-
	Hof Historielag – Erik Rune Nordtorpet – registrering av gamle stedsnavn	-
	Hægeland sogelag – Birgit Stallemo – registrering av allerede innsamlede navn	-
	Stedsnavn i Hamar og Arendal – Nils Aage Hafsal – digitalisering av lokalhistoriske steder	
	Vest-Telemark Museum – Per Ormestøyl - registrering av stedsnavn fra Tokke	

2020

Nr.	Søker – prosjektleder – kort beskrivelse	Søkt om beløp	Tildelt beløp
1	Snillfjord Frivillighetssentral – Eli Johanne Ellingsve – fullføring av innsamling av stedsnavn i gamle Snillfjord kommune, registrering av navn og kvalitetssikring av data	35 000	35 000
2	Sørfold Lokalhistorielag – Ole Henrik Fagerbakk (med Inge Strand som fagansvarlig) – innsamling og registrering av stedsnavn i Sørfold kommune	60 000	60 000
3	Inderøy museums- og historielag – Otte Vatn / Stein Ivar Grønnesby / Kåre Bjerkan – videreføring av prosjektet fra 2019,	130 000	130 000

	komplettering av tidligere innsamlet materiale		
4	Lars Lilleby Macedo (i samarbeid med Egge historielag) – Lars Lilleby Macedo – innsamling av stedsnavn og informasjon om dem i gamle Egge kommune	83 000	83 000
5	Forr historielag – Kristian Julien – innsamling og registrering av informasjon fra gamle Stod kommune i Steinkjer	50 000	50 000
6	Kystmuseet i Sør-Trøndelag – Magnar Ansnes – innsamling av stedsnavn i Hitra kommune, registrering av navn og kvalitetssikring av data, i samarbeid med offentlige og frivillige instanser i kommunen	125 000	125 000
7	Vest-Telemark Museum – Per Ormestøyl – videreføring av stedsnavnprosjekt i Vinje kommune	200 000	200 000
8	Vest-Telemark Museum – Per Ormestøyl – registrering av lokale navnesamlinger i Tokke	150 000	150 000
9	Lyngen kvensk-finsk forening – Rune Bjerkli – kvenske stedsnavn i Lyngen og Storfjord	155 000	112 000
10	Nordreisa kvensk-finsk forening – Rune Bjerkli – kvenske stedsnavn i Nordreisa kommune	176 000	Avslått
11	Lille-Finland forening og Kvenlandsforbundet – Rune Bjerkli – finske stedsnavn i Bugøynes og omegn	142 000	Avslått

Høst 2020

Nr.	Søker – prosjektleder – kort beskrivelse	Søkt om beløp	Tildelt beløp
12	Vest-Telemark Museum – Per Ormestøyl – kartfesting av stadnamnregistreringa til Torkjell Solheim i Nissedal	100 000	90 000
13	Kvensk språksenter Vadsø AS – Raymond Olufsen – innsamling av navn på den sydlige delen av Varangerhalvøya	190 000	140 000

14	Grong kommune / Grong historielag – Brit-Agnes Buvarp – digitalisering av allerede innsamlet materiale	200 000	190 000
----	--	---------	---------

Line Lysaker Heinesen

line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVN 2019-2020

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde i 2019 møte den 11. oktober. I 2020 hadde nemnda videomøter 5. og 12. juni og 2. oktober. Skjemaet nedenfor viser sakene som ble behandlet på disse møtene. Fullstendige vedtaksreferater finnes på Språkrådets nettsider (sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/Klagenemnda-for-stedsnavnsaker/).

Sak nr.	Navn, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
13/2018	Avslått klage, Ångardsmoen, Tynset kommune, Hedmark	Adressenavn (bruksnavn)	Klager mener at hun har klagerett. Hun ønsker at kommunen velger et annet navn enn <i>Ångardsmoen</i> som adressenavn.	Klagen avvises, klager har oversittet fristen
14/2018	<i>Fikkanvegen</i> eller <i>Fitjavegen</i> , Aure kommune, Møre og Romsdal	Adressenavn	<i>Fitjavegen</i>	<i>Fitjavegen</i>
1/2019	<i>Tveekra/Tveekrem</i> og <i>Treekra/ Treekrem</i> , Tingvoll kommune, Møre og Romsdal	Gårdsnavn	<i>Tveekrem</i> og <i>Treekrem</i>	<i>Tveekra</i> og <i>Treekra</i>
2/2019	<i>Reg/Ræg, Orrestad/ Årrestad, Hanaberg/ Haneberg, Lauvland/Løvland</i> og <i>Heggdal/ Heggdal</i> , Sokndal kommune, Rogaland	Gårds- og bruksnavn med avledninger	<i>Ræg, Årrestad, Haneberg, Løvland</i> og <i>Hegdal</i>	<i>Reg, Orrestad, Haneberg, Lauvland</i> og <i>Heggdal</i>
3/2019	<i>Strandanipe-</i> eller <i>Standanipatunnelen</i> , Selje kommune, Sogn og Fjordane	Tunnelnavn	<i>Strandanipetunnelen</i>	<i>Strandanipetunnelen</i>
4/2019	<i>Litle/Lille Fauskanger</i> , Askøy kommune, Hordaland	Adressenavn	<i>Lille Fauskanger</i> , gjenåpning av saken	Saken gjenåpnes
4/2019	Etter henvendelse fra Kartverket gikk nemnda inn for å omgjøre vedtaket om gjenåpning. Nemnda gjorde 2.12.2019 nytt vedtak om skrivemåten <i>Lille Fauskanger</i> for			

	gårds- og bruksnavnet.			
5/2019	<i>Bjørkestølveien</i> eller <i>Bjørkestølsveien</i> , Lillesand kommune, Aust-Agder	Adressenavn	<i>Bjørkestølsveien</i>	<i>Bjørkestølveien</i>
6/2019	<i>Legene</i> eller <i>Legena</i> , Ullensvang herad, Hordaland	Natur- og bruksnavn	<i>Legena</i>	<i>Legene</i>
7/2019	Avslått klage, <i>Dalen</i> eller <i>Roskevegen</i> , Gaular kommune, Sogn og Fjordane	Adressenavn	Klager mener at de har klagerett	Klagen avvist fordi valg av adressenavn ikke kan påklages med mindre det bryter med § 3
8/2019	<i>Sandvatn</i> eller <i>Sandvann</i> , Kvinesdal kommune, Vest-Agder	Gårds-, bruks- og naturnavn	<i>Sandvann</i>	<i>Sandvann</i> for gårds- og bruksnavnet og <i>Sandvatnet</i> for naturnavnet

Sak nr.	Navn, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
9/2019	<i>Sygnevegen/Sygnavegen</i> , Sunnfjord kommune, Vestland fylke (tidligere Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke)	Adressenavn	<i>Sygnevegen</i> (Kartverket) og <i>Sygnavegen</i> (Sygna Grendelag)	Sygnevegen
10/2019	<i>Fagerli miljøtjeneste</i> , Målselv kommune, Troms og Finnmark fylke	Helse- og omsorgsbygg	Klager ønsker at kommunen velger et annet navn enn <i>Fagerli</i>	Saken avvises
1/2020	<i>Hjortetråkket</i> eller <i>Bjerkenetunet</i> , Bamble kommune, Vestfold og Telemark fylke	Adressenavn	<i>Bjerkenetunet</i> , <i>Bjerkeneveien</i> eller annet navn med <i>Bjerkene-</i>	Saken avvises
2/2020	<i>Stoksund/Stokksund</i> , Åfjord kommune, Trøndelag fylke	Bygdelagsnavn	<i>Stokksund</i>	Stoksund
3/2020	<i>Nordsetvegen</i> , klage på avvist klage, Trondheim kommune, Trøndelag fylke	Adressenavn	Klagerne klager på avvisningen av klagen, på saksbehandlingen og på vedtaket om navn.	Klagen avvises
4/2020	<i>Gresslia</i> eller <i>Græsli</i> , Tydal kommune, Trøndelag fylke	Gårdsnavn	<i>Græsli</i>	Græsli
5/2020	<i>Leirskar(d)veien</i> , <i>Lillebjerkaveien</i> / <i>Litlbjerkveien</i> , <i>Haugabakken vest</i>	Adressenavn	<i>Leirskardveien</i> , <i>Litlbjerkveien</i> , <i>Vestre Haugabakken</i> ,	<i>Leirskardveien</i> , <i>Litlbjerkveien</i> , <i>Vestre Haugabakken</i> , <i>Gruveveien</i> og

	<i>Vestre Haugabakken, Gruvaveien/Gruv(e)-veien og Skre(d)slettveien, Hemnes kommune, Nordland fylke</i>		<i>Gruv(e)veien, Skredslettveien</i>	Skredslettveien
6/2020	Hal(l)var(d)dalen og Hal(l)var(d)åsen, Hemnes kommune, Nordland fylke	Naturnavn	<i>Halvardalen og Halvaråsen</i>	Hallvardalen og Hallvaråsen
7/2020	<i>Fossby/Fosby, Flateby/Fladeby og Følingen/Fyldeng, Aremark kommune, Viken fylke</i>	Gårdsnavn (med avledninger)	<i>Fosby, Fladeby og Fyldeng</i>	Fossby, Flateby og Følingen
8/2020	<i>Hveinemo/Vennemo og Bjørkenes/Bjerkenes, Aurskog-Høland kommune, Viken fylk.</i>	Gårdsnavn	<i>Vennemo og Bjerkenes</i>	Hveinemo og Bjørkenes
9/2020	<i>Giparneset/Iberneset, Herøy kommune, Nordland fylke</i>	Naturnavn	<i>Iberneset</i>	Giparneset
10/2020	<i>Kjernfjellet/Tjernfjellet, Saltdal kommune, Nordland fylke</i>	Natur- og bruksnavn med avledn.	<i>Tjernfjellet</i>	Kjernfjellet
11/2020	Klage på avslag om gjenopptaking, <i>Sandnes/ Sannes, Drangedal kommune, Vestfold og Telemark fylke</i>	Gårds- og bruksnavn	Saken gjenopptas	Saken gjenopptas
12/2020	<i>Bjørnøyavegen/Bjørnøyvegen, Time kom., kommune, Rogaland fylke</i>	Adressenavn	<i>Bjørnøyvegen</i>	Bjørnøyvegen
13/2020	<i>Åtnes/Åtenes/Otterne, Aurland kommune, Vestland fylke</i>	Gårds- og bruksnavn med avledn.	<i>Otternes</i>	Åtnes
14/2020	<i>Skåmedal/Skomedal, Bygland kommune, Agder fylke</i>	Gårds-,bruks-, natur- og seternavn	<i>Skomedal</i>	Skåmedal
15/2020	<i>Hansesættet/Hansesætre, Aremark kommune, Viken fylke</i>	Bruks- og eiendomsnavn og forledd i naturnavn	<i>Hansesætre</i>	Hansesættet, Hansesæter- i sammensetninger
16/2020	Avslag på klage, <i>Rasen/Rasan, Stange kommune, Innlandet</i>	Natur- og gårdsnavn m.m.	Klagen tas til følge	Saken avvises

	fylke			
17/2020	<i>Ost/Oust</i> , Bærum kommune, Viken fylke	Gårds-,bruks-, eiendoms- og naturnavn	<i>Oust</i>	Ost

Line Lysaker Heinesen

RÅD OM OMRÅDENAVN I VÆRVARSLINGA

På spørsmål om navnebruk i værvarslinga etter regionreformen har Språkrådet gitt følgende tilråding:

Samlebetegnelsene

Samlebetegnelsene *Nord-Norge*, *Sør-Norge*, *Vestlandet*, *Vestlandet sør for Stad*, *Østlandet*, *østafjelles* og *fjelltraktene i Sør-Norge* er greie og godt innarbeida. Mange av disse navna har en annen form på nynorsk, og disse må også være med: *Nord-Noreg*, *Sør-Noreg*, *Austlandet*, *austafjells*, *fjelltraktene i Sør-Noreg*. Også for mange av de andre områdene må nynorskformene være med; det gjelder først og fremst *aust* og *strøka* (som også kan brukes på bokmål).

Vi har en merknad til betegnelsen *Langfjella*, som står under *fjelltraktene i Sør-Norge*. *Langfjella* er egentlig ikke et stedsnavn, og vi mener derfor det med fordel kan byttes ut med faktiske stedsnavn for området. For det området som i værmeldinga blir kalt *langfjella sør for Haukeli*, er navnet *Heiane* vedtatt. *Langfjella mellom Haukeli og Finse* er identisk med området som offisielt heter *Hardangervidda*, og for området *langfjella nord for Finse* er *Nordfjella* det tradisjonelle navnet. Følgelig ønsker vi at *Heiane*, *Hardangervidda* og *Nordfjella* blir brukt om dette området, og gjerne *fjelltraktene Jotunheimen–Heiane* om de sørlige fjelltraktene i Sør-Norge, jamfør *fjelltraktene Jotunheimen–Trollheimen* om den nordvestlige delen.

For Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag og Møre og Romsdal er den innarbeida navnebruken grei.

Nordland

Alle forslaga er greie. Til spørsmåla om Tjeldsund og Bindal har vi disse merkna-dene:

– Skånland (i alle fall deler av kommunen) ligger alt i dag i Ofoten, så da vil også Tjeldsund være en del av Ofoten. Men: Lødingen er regna som det østligste fiskeværet i Lofoten, så slik sett ligger en del av Tjeldsund i Lofoten. I den sammenhengen kan det avgjørende være om det er et viktig værskille eller ikke

ved Lødingen. Da vil del del av kommunen høre til Øst-Lofoten og en annen til Ofoten. Trolig blir det mest høvelig å regne hele den nye kommunen til Ofoten.

– Sammenslåinga av Bindal (og Leka) med Vikna og Nærøy er omgjort (regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/nye-kommuner/id2470015/). Spørsmålet om Bindal ikke lenger skal regnes til Helgeland, synes da være uaktuelt.

Vestland

Siden *Sogn og Fjordane* ikke lenger skal brukes som fylkesnamn, bør *Sogn og Fjordane* heller ikke brukes som en fast enhet i værmeldingene. I det nye fylkesområdet bør en i stedet operere med ei tredeling mellom *Fjordane*, *Sogn* og *Hordaland*. Videre kan en naturligvis – som tidligere – skille mellom *Nordfjord* og *Sunnfjord* og mellom *Nordhordland*, *Sunnhordland*, *Hardanger* og *Voss*, eventuelt òg mellom *Indre Sogn* og *Ytre Sogn*. (Et eksempel: Dersom det på Vestlandet er aktuelt å lage et eget varsel for Fjordane, vil resten av Vestlandet sør for Stad måtte kalles *Rogaland*, *Hordaland* og *Sogn*.)

Dersom det er aktuelt med værmeldinger som følger grensene for fylket, kan det være tilrådelig å bruke *Vestland fylke*, slik at det ikke blandes sammen med *Vestlandet*.

Rogaland

Rogaland kan deles mellom *Nord-Rogaland* og *Sør-Rogaland* (jamfør det vedlagte kartutsnittet). Vi mener navnet *Haugalandet* ikke bør brukes i værmeldingene. Det finnes reelt ikke noe «mellområde» som ikke er dekt av navna *Sunnhordland* og *Nord-Rogaland*. (Navnet *Haugalandet* er etter opphavet brukt om et ganske avgrensa område ved byen Haugesund.)

De andre forslaga under Rogaland er greie.

Agder

Her har de fleste forslaga deres kommet i brevet med tilleggsspørsmål. Vi vil sterkt anbefale å holde på det gamle navnet *Agder*, som også er det nye fylkesnavnet, og tilsvarende sterkt anbefale å ikke bruke *Sørlandet* om det samme området. Agder kan fortsatt deles i øst og vest dersom det er aktuelt, og de tidligere, godt kjente fylkesnavna *Vest-Agder* og *Aust-Agder* kan brukes videre som områdenavn. (Også *vestre Agder* og *østre/austre Agder* kan være aktuelt. Varianten *Øst-Agder* vil kunne brukes på bokmål, siden det ikke lenger er et inndelingsnavn

med bare én form, men på grunn av tradisjonen vil nok dette skurre for mange.) *Indre Agder* kan også brukes dersom det er aktuelt.

Sørlandet er et nyere navn, og det vil kunne være forvirrende å bruke dette navnet i stedet for *Agder*, når det er det sistnevnte som er valgt som fylkesnavn. Sjøl om *Sørlandet* i hovedsak blir brukt synonymt med *Agder*, er ikke utstrekninga til *Sørlandet* helt klar.

Kysten vest for Lindesnes, kysten omkring Lindesnes og kysten øst for Lindesnes knytter seg til det kjente navnet Lindesnes, og dette er greie uttrykk, som kan brukes der det passer.

Uttrykka *vest for Kristiansand* og *øst for Kristiansand* er mer upresise, siden de både kan gjelde kyststrekninga og områdene lenger inn i landet. Her vil vel *østre/austre Agder* og *vestre Agder* gjøre samme nytten, sjøl om Kristiansand ligger vest for den gamle fylkesgrensa. Derimot må en kunne si *kysten aust/øst for Kristiansand* og tilsvarende *kysten vest for Kristiansand*, parallelt med *kysten vest for Lindesnes*.

Vestfold og Telemark

Hvert av navna *Telemark* og *Vestfold* vil kunne brukes videre som områdenavn, da tilsvarende *Nordmøre*, *Romsdal* og *Sunnmøre* i Møre og Romsdal. Videre kan navn som *Aust-Telemark/Øst-Telemark*, *Vest-Telemark*, *Grenland*, *indre Vestfold*, *nordre Vestfold* brukes dersom de trengs. Vi vil sterkt frarå kombinasjoner som *vestre Vestfold og Telemark*, da det er høyst uklart hva dette skal bety. Er det 'vestre (= indre) Vestfold + Telemark', eller er det 'den vestre delen av det nye fylket Vestfold og Telemark (= Telemark)'?

Innlandet

Alle forslaga for Innlandet ser greie ut. Dersom det er aktuelt med værmeldinger som følger grensene for fylket, kan det være tilrådelig å bruke *Innlandet fylke*, slik at det ikke blandes sammen med innlandet i allmenn betydning.

For dette fylket ligget det ellers godt til rette for å holde på tradisjonell navnebruk i mange sammenhenger, som *Hedmark* om «øst for Mjøsa» og *Oppland* om «vest for Mjøsa». Det er bra om de lokale distriktsnavna *Østerdalen*, *Glåmdalen*, *Hedmarken*, *Gudbrandsdalen*, *Valdres* og *Vestoppland* kan brukes der det passer. Merk at *Vestoppland* videre kan deles inn i *Toten*, *Hadeland* og *Land*.

Viken

Dette er trolig det nye fylket der vil være minst aktuelt med felles værmelding for hele området. De gamle fylkesnavna *Østfold*, *Akershus* og *Buskerud* må kunne brukes videre som områdenavn. Særlig er *Østfold* et klart avgrensa område (sjøl om Rømskog blir slått sammen med kommunen Aurskog-Høland på Romerike).

Siden *Akershus* i seg sjøl ikke er et sammenhengende område, brukes ofte distriktsnavna *Follo*, *Romerike* og *Asker og Bærum*. Disse må fint kunne brukes videre når det passer. Også i *Buskerud* finnes det ulike distriktsnavn som kan brukes. *Hallingdal* er trolig det mest aktuelle, men også *Numedal*, *Ringerike* og *Drammensområdet* vil kunne være aktuelle. Merk at *Hurumlandet*, med de nåværende kommunene Hurum og Røyken, fra januar 2020 blir en del av Asker kommune.

Vi vil ikke anbefale å dele inn området med spesifiserende tillegg til Viken. I så fall ville det trolig passe best for den østre delen, som er et relativt enhetlig område, men samtidig finnes det her godt etablerte områdenavn som kan brukes. I stedet for *østre Viken* eller *Viken øst for Oslofjorden* mener vi *Østfold*, *Follo* og *Romerike* bør brukes.

Det vil være uheldig å bruke *sentrale Viken* om et område der også Oslo er med, siden Oslo ikke er i Viken fylke. Videre vil Asker kommune altså strekke seg helt ned til Tofte på Hurumlandet, forbi både Lier og Drammen. *Asker og Bærum*, eller for den saks skyld *Asker, Bærum og Oslo*, vil derimot være presist og klart avgrensa. Tilsvarende vil *Buskerud* kunne brukes der det trengs, eller *Buskerud, Asker og Bærum* dersom det trengs noe felles for hele området vest for Oslofjorden i Viken fylke.

Daniel Ims
daniel.ims@sprakradet.no

(Etter innspill fra rådgivere og konsulenter i stedsnavntjenesten)

KONFERANSAR OG MØTE

SEMINAR OM STADNAMN I NORSK ARKEOLOGI

Tysdag 20. oktober 2020 gjekk seminaret *Stedsnavns plass i norsk arkeologi* føre seg som nettseminar i samband med Middelalderuken ved Universitetet i Bergen. Seminaret var arrangert av arkeolog og namneforskar Sofie Laurine Albris, som

er postdoktor ved UiB, og seminarets føredragshaldarar var arkeologar eller namnegranskarar med arbeidsbase i Noreg. I sin velkomstpresentasjon forklarte Albris om bakgrunnen for seminaret. Når ho snakkar med arkeologar om bruk av stadnamn, blir ho ofte møtt med utsegner som at «metoden kan jo ikkje brukast til noko», eller liknande. Kva metode snakkar dei om? Moglegvis stadnamn som absolutt dateringsverktøy. Dette såg Albris på som ei grov forenkling av det kombinasjonen av namnegransking og arkeologi inneber. Dei to faga har kvar sine metodologiske og teoretiske problem og avgrensingar. Ein kan ikkje tru at den eine disiplinen løyser problemet til den andre, men dei kan godt utfylla kvarandre i nokre parameter eller tilnærmingar.

Seminaret starta med presentasjonar av namnegranskarane Berit Sandnes (Kartverket) og Peder Gammeltoft (Språksamlingane ved UiB) om ulike resursar og verktøy som er (eller snart vil bli) tilgjengelege, og som kan vera særst nyttige for arkeologar. Det kan vera Sentralt stadnamnregister, flyfoto og historiske kart gjennom Kartverket. Gammeltoft presenterte for første gong døme på korleis ein kan bruka den større georefererte stadnamndatabasen som vil bli tilgjengeleg frå Språksamlingane, til stor begeistring frå arkeologane.

Resten av føredragshaldarane var arkeologar. Geir Grønnesby (NTNU) og Lars Erik Gjerpe (KHM) kunne visa til korleis historiske gardar på Austlandet og i Trøndelag først på 500–600-talet fekk stabil plassering i landskapet. Før dette tyder dei arkeologiske spora på at busetjinga har vore labil – altså at ho ikkje hadde den same forankringa i fast landeigedom som i yngre jernalder og vikingtid. Samstundes kunne Søren Diinhof (Universitetsmuseet i Bergen) visa til eit vestnorsk busetjingsmønster der dei gode dyrkings- og byggeareala har vore i bruk sidan bondesteinalderen. Desse ulike observasjonane gir grunnlag for vidare diskusjonar, m.a. dateringsspørsmål av visse namneklassar, korleis ein skal forstå overgangen frå labil til stabil busetjing ut i frå stadnamn, og regionale forskjellar frå landsdel til landsdel.

Birgit Maixner (NTNU) viste døme på korleis ho bruker stadnamn som kjelde til eit maritimt kulturlandskap, og poengterte kor viktig det er for arkeologar med avgrensa kunnskap om språkvitskap og namnegransking å ha tett samarbeid med nemneforskarar for å unngå feiltolkingar. Ein arkeolog kan læra seg grunnleggande ting om t.d. namneklassar, men kvalitative tolkingar av enkeltnamn krev samarbeid med språkfolk, meiner ho. Kjetil Loftsgarden (KHM) viste korleis namn som inneheld *skeið* og *leik* kan vera ei kjelde til plasseringa av faste stemne i samband med økonomiske og sosiale samankomstar som elles er vanskelege å finna arkeologiske spor etter. Slike stemne varte gjerne eit par dagar om gongen,

og hadde ikkje faste strukturar knytt til seg, så med unntak av mista gjenstandar er det sjeldan andre spor å finna enn namna. Eit interessant døme på at der likevel kan finnast arkeologiske spor på slike plassar, er Hallingskeid i Grøndal, med kokegroper og mogleg brukskontinuitet tilbake til 300 f.Kr.

Frode Iversens (KHM) føredrag viste eit godt eksempel på at utgangspunktet for å vurdera eit stadnamn kan vera ulikt for forskarar frå dei to disiplinane. Iversen la fram ei tolking av namnet *Stavanger* i samanheng med Kongssteinen som låg på Bergeland i god siktline frå Vågen. Viktig i denne samanhengen er at grensesteinar kan bli kalla *staf* i nokre kjelder, og at Kongssteinen kan ha vore ein slik grensestein. Arkeologen legg stor vekt på dei fysiske realitetane, og det er naturleg etter som primærkjelda til arkeologane er den materielle røynda. Ein namneforskar vil typisk leggja stor vekt på det språklege, og vil nok kvi seg meir for å gå like djupt i dei materiale tilhøva. På dette punktet trur eg at møtet mellom arkeologi og namnegransking kan gi oss teoretiske nyutviklingar ved at ein legg hovuda saman og diskuterer forholdet mellom fysiske tilhøve og språk- og namnebruk.

Interessa for emnet var stor, og der var mellom 55 og 69 pålogga deltakarar gjennom dagen, og minst ei av desse påloggingane blei vist på storskjerm. Arrangøren inviterte føredragshaldarane til ein publikasjon, og fleire deltakarar sa seg interesserte i å samarbeida om interdisiplinære prosjekt.

Krister Vasshus
krister.vasshus@gmail.com

NORSK STADNAMNARKIV 100 ÅR **Konferanse i Bergen 27.–28. oktober 2021**

Til neste år det er hundre år sidan Norsk stadnamnarkiv vart skipa. Den 1. juli i 1921 kom den fyrste løyvinga til eit nasjonalt arkiv for stadnamn, og difor reknar ein denne dagen som skipingsdato for arkivet. Frå starten heldt arkivet til i Oslo, og Gustav Indrebø var fyrste styraren. Då Indrebø vart tilsett som professor i vestnorsk målgransking i Bergen i 1930, vart arkivet liggjande nede i fleire år, men i 1939 tok verksemda seg opp att. Arkivet vart statsinstitusjon, flytt til Bergen og fekk på ny Gustav Indrebø til styrar. I 1944 vart arkivet flytt attende til Oslo. Frå 1979 vart det lagt inn under Universitetet i Oslo. Der fekk arkivet ei litt

skiftande organisering og skiftande namn. I 2016 vart så stadnamnsamlinga på ny overført til Universitetet i Bergen. (I ein eigen artikkel i dette nummeret av *Nytt om namn* har Botolv Helleland gjeve eit nærare oversyn over historikken til Stadnamnarkivet.)

Ein slik viktig nasjonal institusjon må feirast når han rundar 100 år. Men det er meir enn ei feiring. Jubileet må nyttast til å visa fram verdien og oppgåvene til Stadnamnarkivet, og det ansvaret samfunnet har for det. Arkivet må atter setjast på den nasjonale dagsordenen, og Universitetet i Bergen må trekkjast fram som ein viktig husvert og støttespelar for det vidare arbeidet med det.

I samband med 100-årsjubiléet til Norsk stadnamnarkiv vert det skipa til ein jubileumskonferanse ved Universitetet i Bergen onsdag 27. og torsdag 28. oktober 2021. Konferansen vert halden i den flotte universitetsaulaen i den renoverte sørfløya av Naturhistorisk museum, på Sydneshaugen.

Stadnamn – språk, historie og landskap. Namnevitenskapen i går, i dag, i morgon

Det førebelse programmet med timeplan ser slik ut:

Onsdag 27.10. 2021

- Kl. 10.00 - 10.30 Opning v/ rektor eller kulturministeren
- Kl. 10.30 - 12.30 Foredrag (1 invitert hovudforedrag, 2 ordinære foredrag)
- Kl. 13.00 - 14.00 Lunsj
- Kl. 14.00 - 15.30 Foredrag (1 invitert hovudforedrag, 1 ordinært foredrag)
- Kl. 15.30 - 16.00 Kaffipause
- Kl. 16.00 - 17.30 Foredrag (3 ordinære foredrag)
- Kl. 18.30 - Mottaking med etterfylgjande middag. Under middagen vert det kulturelle innslag.

Torsdag 28.10. 2021

- Kl. 09.00 - 11.00 Foredrag (1 invitert hovudforedrag, 2 ordinære foredrag)
- Kl. 11.00 - 11.30 Kaffipause
- Kl. 11.30 - 12.30 Foredrag (2 ordinære foredrag)
- Kl. 12.30 - 13.30 Lunsj (ev. lunsj 13.30 med avslutning før det)
- Kl. 13.30 - 15.00 Foredrag (1 invitert hovudforedrag, 1 ordinært foredrag)
- Kl. 15.00 - 15.30 Kaffipause
- Kl. 15.30 - 17.00 Foredrag (2 ordinære foredrag og avslutning)



Naturhistorisk museum, Sydneshaugen. Foto: Sandra Jemenica, UiB

Konferansen – som inkluderer pausemat, lunsj og middag – vert dekt av arrangørane og eksterne institusjonar. Tilmelding kostar kr 300 som dekkjer utgifter til m.a. kulturelle innslag, trykksaker, annonsering osv.

I samband med konferansen vert det – i føre- og etterkant – lagt til rette for samrådsmøte for Kartverket og Språkrådet, møte i fagrådet for stadnamn og landsmøte i Norsk namnelag. Dei nøyaktige tidspunkta for desse møta er enno ikkje fastsette.

100-årsmarkeringa vil verta markert med innslag i aviser, radio, fjernsyn og på sosiale media. Det vert arbeidd med ei særleg «flagging» av storhendinga frå UiB sentralt.

Det vert teke atterhald om korona-smitten skulle gjera det utrygt å arrangera konferansen med vanleg frammøte.

Med i tilskipingsnemnda er Peder Gammeltoft, Randi Neteland og Thorsteinn Indridason frå Universitetet i Bergen. Gunnstein Akselberg og Botolv Helleland er med som representantar for dei namnefaglege miljøa elles.

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@uib.no
Peder Gammeltoft
peder.gammeltoft@uib.no

INTERNASJONALT NYTT – NORNA, ICOS, UNGEGN

NAVN PÅ MINORITETSSPRÅK I EN FLERKULTURELL VERDEN

NORNA 49. symposium *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger i en flerkulturell verden* ble arrangert 24.–25. april 2019 i det nordsamiske området i Guovdageaidnu (norsk Kautokeino) i Nord-Norge. Etter symposiet ble det arrangert en ekskursjon i og omkring Kautokeino og videre til Alta.

Symposiet ble arrangert i samarbeid med Sámi allaskuvla / Samisk høgskole og Sámediggi / Sametinget i Norge og ble holdt i vitenskapsbygget Diehtosiida i lokalene til Samisk høgskole og språkavdelingen i Sametinget.

Året 2019 ble valgt av FN som Internasjonalt år for urfolksspråk og koordinert av UNESCO. Symposiet var et av de samiske evenementene i dette temaåret og hadde som mål å fremheve navnenes sentrale betydning i urfolks- og minoritetsspråk. Det sentrale temaet var å drøfte minoritetsspråklige navn ut fra forskjellige navnefaglige og tverrfaglige perspektiver.

Det ble holdt til sammen 18 foredrag (derav to keynote-presentasjoner). Fire foredrag handlet om personnavn og 14 om stedsnavn. Alle de nordiske landene med unntak av Færøyene og Island var representert på symposiet, samt New Zealand og Ungarn.

Foredrag og diskusjoner foregikk på nordsamisk, skandinavisk og engelsk, og med simultan tolkning.

Kaisa Rautio Helander
kaisarh@samas.no

DEN 17. NORDISKA NAMNFORSKARKONGRESSEN 2021

Den 17. nordiska namnforskarkongressen kommer att hållas i Finland 8.–11.6.-2021 med temat *Namn och gränser*.

Med hänsyn till det pågående coronaläget har vi beslutat att genomföra kongressen virtuellt vilket ger möjlighet att delta på distans, med föredrag eller utan. Beroende på hur förhållandena utvecklas fram till sommaren 2021 hoppas vi att vi även kan välkomna er på plats, och i så fall blir det möjligt att delta antingen på distans eller på plats. Om konferensen kan genomföras på plats blir det på

Helsingfors universitet. Vi oppdaterar informasjonen kontinuerlig både med utskick och på vår webbsida.

Mer information hittar du från det andra utskicket (bifogad fil) samt från kongressens webbsida helsinki.fi/sv/konferenser/den-sjutttonde-nordiskanamnforskarkongressen.

Kontaktperson: Terhi Ainiala (terhi.ainiala@helsinki.fi).

Väinö Syrjälä
vaino.syrjala@sh.se

ICOS OG TIDSSKRIFTET *ONOMA*

Den internasjonale namnegranskarorganisasjonen ICOS (International Council of Onomastic Sciences) arrangerer dei treårige internasjonale namneforskarkongressane, og då i samarbeid med eit universitet med namnefagleg/ språkleg miljø. Den 27. ICOS-kongressen skulle etter planane haldast i Krakow 23.–28. august 2020, men på grunn av korona-pandemien måtte han utsetjast. Den optimistiske planen går no ut på at kongressen kan haldast 22.–27. august 2021. Den førre kongressen vart skipa til i Debrecen, Ungarn i august 2017.

Rapporten frå Debrecen-kongressen er publisert i tidsskriftet *Onomastica Uralica* 1–14 og tilgjengeleg på denne nettadressa:
mnytud.arts.unideb.hu/onomural/kotetek/ou11a.html

ICOS gjev òg ut tidsskriftet *ONOMA*. Nummer 48 (2013) som kom for eit år sidan, har *Names and Religion* som hovudtema. Nummer 49 (2014) er òg utkomen med *Medieval Multiculturalism, the Evidence from Names* som hovudtema.

ONOMA nr. 50 (med utgjevingsår 2015) har ikkje noko særskilt tema. Heftet er redigert av den ansvarlege redaktøren, Richard Coats. Han har sjølv bidrege med ein artikkel om namnet *Shirehampton*. Vidare møter me Lasse Hämäläinen som skriv om namn på narkotikaseljarar på den krypterte marknaden. Lars-Jakob Harding Kællerod og Barbara Ana Revuelta-Eugercios drøfter mellomnamn i den danske folketeljinga frå 1880, medan Donna L. Lillian tek for seg namnebruken i Suzette Haden Elgins *Ozark*-trilogi. Til slutt kjem ein artikkel av Alexander Pustyakov om namn på born i det finsk-ugriske språket *mari*.

ONOMA nr. 51 (2016) tek for seg namn og namnepraksis i Asia. Sørkoreanaren Sungjae Choo er gjesteredaktør og står for ein artikkel om koreanske stadnamn. Saman med Peter Kang og Multamia R. M. T. Lauder har han gjeve eit oversyn over asiatiske namnegransking.

Vidare finn me Phùng Thị Thanh Lâm om personoppkalling i gatenamn i Hanoi etter kolonialismen, Peter Kang om gatenamn i Taipei etter andre verdskrigen, Irena Kałużńska om typiske trekk ved kinesiske førenamn og Marcienne Martin om namnebruk i dei litterære verka til Yasunari Kawabata. I det nesten 250 siders heftet finn me elles artiklar om landskapsnamn i Abui i det austlege Indonesia og om personnamnsystemet i Malaysia.

ONOMA 52 (2017) opnar med ein artikkel av Richard Coats om namnetyding sett i relasjon til teoriane til Willy Van Langendonck og andre. Valeria Di Clemente skriv om kvinnenamn av tysk opphav i *Ragman Roll* (frå 1286) og Jack Keilo drøfter franske toponymiske inskripsjonar i Beirut, mens Adrian Koopman tek for seg fuglenamn som namn på militære maskottar.

Norden er representert i denne årgangen ved finske Maria Sarhmaa, som skriv om struktur og tyding av finske og ungarske appellativiske slangsamansetningar.

Heimesida til ICOS finn ein på icosweb.net

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

UNGEEN

MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN AV UNGEEN

Den nordiske divisjonen av UNGEEN møttes via Zoom 29. september 2020. Alle de nordiske landa var representert med unntak av Færøyene. Med på møtet var Ingvil Nordland (Norge, leder), Peder Gammeltoft (Norge, nestleder), Ellen Hellebostad Toft (Norge), Pål Eriksen (Norge), Arnaq Brandt Johansen (Grønland), Teemu Leskinen (Finland), Ulla Onkamo (Finland), Leila Mattfolk (Sverige), Kjetil Ringen (Norge), Rikke Steenholt Olesen (Danmark), Morten Winkler (Danmark), Emily Lethbridge (Island), Ebba Berling Aselius (Sverige) og Aðalsteinn Hákonarson (Island). Berit Sandnes (Norge) deltok på deler av møtet. Alle deltakerne rapporterte fra sine respektive land og institusjoner.

Finland

Institutet för de inhemska språken utvider databasen for eksonym, og har fullført lista med sammensatte eksonym (<http://kaino.kotus.fi/eksonyymit>). De holder også på med å utvikle en nettbasert manual med retningslinjer for navneplanlegging i det offentlige rom. Manualen skal være både på finsk og svensk språk. Finland er godt i gang med å digitalisere sine navnearkiv, der også svenske navneformer blir lagt inn, samt eldre finske navneregistre (nimiarkisto.fi).

Tjenesten Geospatial Platform fra det finske Kartverket blei demonstrert, og er tilgjengelig på følgende nettside: beta.paikkatietoalusta.fi/tietokortit/nimisto

Sverige

Navnearkivet i Uppsala er ikke lenger er en egen enhet, men organisert under Avdelningen för arkiv och forskning i Uppsala under Institutet för språk och folkminnen (ISOF). ISOF har, på oppdrag fra den svenske regjeringa, lagt fram et forslag til handlingsplan for å verne minoritetsspråk. I en situasjonsbeskrivelse som er vedlagt handlingsplanen løftes behovet for å bruke minoritetsspråklige navn mer aktivt på veiskilt og kart. Et nytt og mer brukervennlig grensesnitt er utvikla for stedsnavnregisteret: isof.se/sprak/namn/ortnamn/ortnamnsregistret-beta.html. Videre er det satt opp en nettbasert utstilling om det sørlige Öland der stedsnavn er med:

isof.se/sprak/namn/webbutstallningar/sodra-oland-berattar.html. Lantmäteriet har også gjennomgått ei omorganisering. Som følge av dette har stedsnavnavdelinga blitt færre ansatte, mens geodata er lagt til en annen avdeling. En ny stedsnavndatabase er under utvikling, og det arbeides med et nettbasert kurs i god stedsnavnpraksis retta mot blant annet kommunene i regi av Landmäteriet.

Grønland

Det blei gitt et overblikk over hvordan stedsnavnkomiteen på Grønland jobber, og hva som er status for arbeidet nå. Stedsnavnkomiteen på Grønland er konstituert av grønlandske myndigheter. Komiteen er lovpålagt å samle inn, registre og standardisere grønlandske stedsnavn. Komiteen har satt opp retningslinjer for denne standardiseringa, se oqaasileriffik.gl/place-names. Komiteen er også pålagt å publisere navna, se lenken asiaq.maps.arcgis.com/apps/View/index.html?appid=c5c7d9d52a264980a24911d7d33914b5. Komiteen samarbeider også med det grønlandske språkrådet og andre institusjoner som jobber med stedsnavn, både nasjonale og internasjonale.

Det grønlandske stedsnavnregisteret, som kalles MapInfo, er åpent, og er tilgjengelig her (samme lenke som nevnt ovenfor):

asiaq.maps.arcgis.com/apps/View/index.html?appid=c5c7d9d52a264980a24911d7d33914b5). Registeret inneholder ca. 33 000 stedsnavn, der om lag halvparten er standardisert.

Island

Et viktig innsatsområde for Island er å få kommunene til å følge opp reglene for god navneskikk. Dette ansvaret er delt mellom det islandske kartverket, stedsnavnkomiteen og Árni Magnússon-instituttet. Så langt har bare noen få kommuner tatt kontakt, selv om den nye stedsnavnloven fra 2015 påbyr å konsultere Árni Magnússon-instituttet ved navnsetting av kommunale navn. Et rettleidningshefte for navngiving av gårder, gater, administrative inndelinger og naturformasjoner blei utgitt i 2019. Den offisielle stedsnavndatabasen blir vedlikeholdt av det islandske kartverket i samråd med Árni Magnússon-instituttet. Databasen inneholder rundt 135 000 navn. Árni Magnússon-instituttet arbeider aktivt for å få flere informanter til å bidra med lokale stedsnavn. En ny stedsnavndatabase basert på samlingene i det islandske stedsnavnarkivet med 500 000 stedsnavn fra 14 000 skriftlige kilder vil snart bli tilgjengelig med kartreferanser.

Danmark

Det danske Stednavneudvalget planlegger, i samarbeid med Styrelsen for Dataforsyning og Effektivisering (SDFE), å utarbeide ei rettleidning om god stedsnavnpraksis. Denne skal inkludere nasjonale og internasjonale retningslinjer for navnsetting. Danmark melder dessuten om et økende problem der det utlyses navnekonkurranser uten faglig kontroll som ofte bryter med god navneskikk.

Navneforskning på Institut for Nordiske Studier og Sprogvidenskab ved Universitetet i København og Styrelsen for Dataforsyning og Effektivisering (SDFE) samarbeider blant annet om et regelsett for skrivemåten av danske stedsnavn. Dansk Sprognævn er også med i dette arbeidet. I tillegg skal navneforskermiljøet i København og SDFE utvikle en metode for å normere skrivemåten av eksisterende og kommende autoriserte stedsnavn i SDFEs register 'Danske stednavne'. I tillegg er det også et mål om å ha et system for riktig skrivemåte av de ca. 120 000 uautoriserte stedsnavna som er i dette registeret. Målet er å gjøre 'Danske stednavne' til et sentralt stedsnavnregister med offisielle skrivemåter.

SDFE forbereder rammene til en stedsnavnlov, og er i kontakt med det danske kulturdepartementet om hvilke andre institusjoner som bør delta i arbeidet med en slik lov. SDFE melder dessuten om at tyske minoritetsnavn i bruk har blitt innlemmet i 'Danske stednavne'. SDFEs kartviser fins her: sdfekort.dk/spatialmap.

Norge

Toponymic Guidelines for Norge er oppdatert i samsvar med den nye regionreforma. Også hjemmesida til Kartverket er oppdatert, bl.a. med ei håndbok om fastsetting og bruk av stedsnavn som er å finne her: kartverket.no/en/onland/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-4133.

Det blei gjort rede for omorganiseringa av stedsnavntjenesten med tre rådgivere og fire navnekonsulenter, samt det nyoppretta fagrådet for stedsnavn under Språkrådet. Videre planlegges et e-læringskurs om stedsnavnloven som hovedsakelig er retta mot ansatte i kommunene (se omtale annet sted i dette heftet).

Stedsnavnarkivet blir nå drifta ved Universitetet i Bergen. I oktober neste år planlegges en konferanse i Bergen i forbindelse med hundreårsjubileet for Stedsnavnarkivet.

Organisatoriske saker

Et av temaene var hjemmesida til Norden Division. Den er knytta til Universitetet i København. Dette er tungvint når divisjonen har norsk ledelse. Uansett blei samtlige møtedeltakere oppfordra til å sjekke og oppdatere relevant informasjon fra sine respektive land på hjemmesida.

Den andre UNGEGN-sesjonen (etter nyorganiseringa) skal etter planen holdes i New York i mai, trolig i digital form. UNGEGN-bulletinen er nå strukturert som en tematisk publikasjon, og det aktuelle temaet for den kommende utgava er bærekraftig turisme. Redaksjonen etterlyser bidrag som berøres dette emnet.

For tidligere utgaver, se <https://unstats.un.org/unsd/ungegn/pubs/#bulletin>.

I inneværende periode har Norge leda den nordiske divisjonen med Ingvil Nordland (Språkrådet) som leder og Peder Gammeltoft (UiB) som nestleder. På det neste møte i januar 2021 skal nytt lederskap velges for perioden 2021–24. Lederskapet, som formelt overtar etter neste sesjon i mai, går på rundgang blant de nordiske landa, og det er mest nærliggende å tro at Sverige eller Finland overtar etter Norge.

Fordi personvern hensyn og digitalisering var et tema flere nasjoner var opptatt av, planlegges det en workshop om dette, helst før det neste møtet. Vi håper da å

diskutere GDPR (The General Data Protection Regulation) og digitalisering av stedsnavnsamlinger mer i detalj. GDPR er EUs personvernforordning, og er i Norge regulert gjennom den nye personopplysningsloven som trådte i kraft i 2018.

Ingvil Nordland
ingvil.nordland@nmb.no

PERSONOMTALE

BOTOLV – 80 ÅR

Botolv er så kjent i det norske namnemiljøet at han normalt berre blir omtalt med fornamnet sitt, og etternavnet *Helleland* kjennest unødvendig. Den 9. juni 2020 runda Botolv 80 år, men på grunn av koronaen valde han å avgrense feiringa til den nærmaste familien.



Foto: Katrine Gade

Det bladet du nå har i hende, er nummer 69/70 av *Nytt om namn*. Det fyrste nummeret kom i 1984 med Botolv som redaktør, og framleis er han redaktør av bladet. Botolv er kanskje den som har seti lengst som redaktør i Noreg – med ei fartstid på 36 år. Han er framleis full av energi og engasjement, og det er å håpe på at han vil halde fram som redaktør enda nokre år. Det er iallfall prisverdig at han i så mange år har teki på seg redaksjonsansvaret, for det er mangt som må gjørast før eit nytt nummer av *Nytt om namn* går i trykken. Arbeidsmengda har auka år for år. Dette kjem bl.a. til syne om vi ser på sidetalet i *Nytt om namn*. Det fyrste nummeret frå 1984 var ei tynn flis på 17 sider, men i dei seinare åra har det vori ein sterk auke i sidetalet. Ja, dobbeltnummeret i 2017 (nr. 65/66) var på heile 134 sider. Botolv medverka òg til skipinga av Norsk namnelag og var leiar i laget i perioden 1992–96.

Ved 80-årsmilepålen er det også på sin plass å nemne nokre andre verv og oppdrag som Botolv har teki på seg. Internasjonalt har han vist seg som ein dugande administrator, og da kjem det godt med at han meistrar sentrale framande språk – ikkje berre engelsk, men også tysk og fransk. Botolv har vori aktiv som norsk representant i FN's ekspertgruppe for geografiske namn (UNGEGN) i perioden 1987–2015. Han var leiar for Den nordiske divisjonen av UNGEGN 1992–95 og var president for den 10. FN-konferansen om stadnamn i New York i 2013. Botolv har òg vori visepresident i den internasjonale namnegranskarorganisasjonen (ICOS).

På det nasjonale planet skal det nemnast at han som tilsett ved Stadnamnarkivet/Universitetet i Oslo 1972–2010 har hatt ulike verv. Mellom anna var han med i utvalet som utarbeidde framlegget til lov om stadnamn som kom i 1990. Frå 1984 har han vori statens namnekonsulent, og frå leiar av fagrådet for stadnamn i Språkrådet. I desse to verva sitt han til 2021.

Botolv er ein svært produktiv namnegranskar. Dette ser vi bl.a. av dei årlige oversyna i *Nytt om namn* over namnearbeid som er publisert året før. For innsatsen sin for norsk og nordisk namneforskning har han to gongar vorti tildelt pris av Kungl. Gustav Adolfs Akademien i Uppsala – i 1998 og 2009.

Botolv har teki initiativet til dei fleste namnekonferansane som sidan 1980-åra har vori arrangert i Noreg. I desse samanhengane har han også vist seg som ei sosial kraft i det norske namnemiljøet. Det har bl.a. vori ein fast tradisjon at Botolv etter konferansane har invitert konferansedeltakarane heim til grautkveld ved Bislett. Og *Bislett* er forresten eit namn som gleder stadnamngranskaren Botolv, for langs ein gammal veg mellom Oslo og Drammen låg det oppe i ein bakke ein kvilestad som heitte *Bisållitt*, og dette namnet vart samandregi til *Bis-*

lett. Ein skulle kanskje tru at også 80-åringen Botolv treng ein kvil i bakkane ved Bislett, men han struttar framleis av energi og engasjement. Vi håper at vi i fleire år framover får nytte godt av Botolvs arbeidskraft og omtanke. Til lykke med dei 80!

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@uit.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

NORSK STADNAMNARKIV 100 ÅR

Den 9. februar 1921 vart det sendt ein søknad til det dåverande Statens forskningsfond om pengar til eit «Norsk stadnamnarkiv». Dette arkivet skulle gå til «planmessig historisk-sproglig optegnelse og bearbeidelse av norske stedsnavn og til studium av vor historiske topografi». Søknaden var underskriven av Magnus Olsen og Edvard Bull, baa framstående forskarar innan filologi og historie. Den 1. juli same året kom den fyrste løyvinga, og dermed kan ein seia at Norsk stadnamnarkiv var grunnlagt.



Byste av Gustav Indrebø i Årdal i Jølster, 1955

<https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/f5e70031-dc51-4c45-9e39-3585c0e08a5b/>

Historikaren og namnegranskaren Gustav Indrebø fekk i oppdrag å leia den nye institusjonen, med Magnus Olsen som leiar for tilsynsnemnda. I starten måtte Indrebø nøya seg med timelønt arbeidshjelp, og det skulle gå fleire år før staben vart utvida med fast tilsette.

Opprettinga av eit stadnamnarkiv låg i tida. Med den reviderte matrikkelen av 1886 var det gjort eit stort sprang fram mot eit norskare namneverk. Publiseringa av Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* frå 1897 og åra frametter opna ei gullgruve for lokalhistorikarar, språkfolk og andre namneinteresserte. Her var både uttale, eldre skriftformer og forklaring av gardsnamna gjort tilgjengeleg. Stadnamn på topografiske kart skulle frå 1913 skrivast «i stedets dialekt med *landsmaalets* retskrivning». I 1918 og frametter kom det ein straum av oppnorska former av bygdenamn og distriktsnamn. Nemninga *amt* vart erstatta av *fylke*, og dei fleste fylka fekk nye namn tufta på gamle landskapsnamn. Den faglege drivkrafta bak desse namneendingane var dei to framståande målgranskarane Hjalmar Falk og Marius Hægstad.

Samlingane etter Oluf Rygh med originalmanuskripta og dei rundt 200 000 namnesetlane etter arbeidet hans vart forvalta av Riksarkivet, men stilt til rådvelde for Stadnamnarkivet. Både uttaleopplysningane og dei mange historiske namneformene som var samla frå jordebøker, mellomalderdiplom og skattemannal, var viktige for vidare forskning. Gustav Indrebø tok på seg arbeidet med å katalogisera dette store materialet.

Oppgåvene til Stadnamnarkivet gjekk i fleire retningar. Éi oppgåve var å vidareføra registreringane av stadnamn i sogeverk og andre historiske dokument. Eit anna prosjekt var å byggja opp eit register over namn som fanst på ulike karttypar. For at dette materialet skulle kunna utnyttast vitskapleg, trongst det opplysningar om uttalen. I starten tok Indrebø på seg mykje av dette arbeidet sjølv og prioriterte då naturnamn som innsjønamn og fjellnamn. Ein lekk i dette arbeidet var å senda filologisk skolerte studentar og andre medarbeidarar ut i marka for å notera uttalen av namna på dei einskilde kartblada. Alt tidleg hadde Indrebø teke til å gje undervisning for studentar, og dette tilbodet vart utvida i åra frametter. Pålitelege opplysningar om uttale har alltid vore viktige i det namnefaglege arbeidet. Det var då òg naturleg at ombodet som statens namnekonsulent vart lagd på ein person med tilgang til namnemateriale. Indrebø hadde dette ombodet til han døydde i 1942. Han vart då avløyst av Per Hovda.

I storsamfunnet er det dei meir kjende stadnamna, medrekna gardsnamna, som har størst interesse. Grunnleggjarane av Stadnamnarkivet var derimot på det reine med at kvart lokalsamfunn rundt om i landet forvalta hundrevis eller tusenvis av

stadnamn gjevne og traderte gjennom generasjonar. Det galdt både namn på naturformasjonar som haugar, berg, dalar, søkk, bekker og elvar, og namn namn på stader med spor etter menneske som teigar, stigar, båtstøer, møteplassar, slåtter, setrar, fangstområde. Mange av desse namna stod alt då i fare for å verta gløynde. Året før Stadnamnarkivet vart til, hadde Magnus Olsen, særleg kjend for sine omfattande studiar i førkristne kultiske namn, gjeve ut ei rettleiing om innsamling av stadnamn og andre språkminne. På det tidspunktet hadde Gustav Indrebø sjølv samla inn nærare 3000 lokale stadnamn frå 20 gardar i bygda Haukedalen i Førde i Sunnfjord og såleis fått eit inntrykk av kva namnemengd som fanst i landet. Ved å gå ut frå eit snitt på 100 stadnamn for kvart gardsområde (altså mindre inn i Haukedalen), kom han til eit samla tal på rundt fem millionar namn for dei rundt 50 000 matrikkelgardane i landet.

No tenkte korkje han eller Magnus Olsen at det var realistisk å få samla inn alle desse. Ein måtte nytta dei knappe ressursane til å gjera markarbeid der det låg best til rette. Eitt tiltak var å motivera lokale historielag til å samla inn stadnamn. Eit anna var å få skuleelevar med på ein slik dugnad. Også her tok Indrebø grep. Etter at han i 1930 vart tilsett ved Bergens museum, fekk han sendt ut tusenvis av førehandstrykte skjema til folkeskulane i landet. På desse skjemaa skulle elevane saman med foreldre og besteforeldre notera alle innmarks- og utmarksnamn på heimegarden saman med segner og annan tradisjon som knytte seg til staden. Desse skulebarnsoppskriftene resulterte i over ein million lokale stadnamn og vart såleis ein stor tilvokster til stadnamnsamlingane i landet.

Mange studentar skreiv hovudoppgåve om stadnamna i heimbygda og skaffa såleis mykje materiale til arkivet. Fram gjennom åra vart det levert inn over 200 hovudoppgåver ved dei ulike universiteta, dei fleste med tilknytning til Universitetet i Oslo. Dei rundt 240 000 namna frå desse oppgåvene samt ein del monografiar har i seinare år vorte registrert i ein eigen database. Gjennom Instituttet for samanliknande kulturforskning fekk Stadnamnarkivet tilgang til 80 000 seter-namn som vart ordna i ei eiga setelsamling. Andre delarkiv var bustadnamnregisteret og registeret over mellomalderformer.

Arkiveringsprinsippet gjekk frå starten ut på å skriva kvart einskilt namn på setlar, hovudsakleg i A8-format med oppslagsform, uttale, kartfesting og andre opplysningar. I byrjinga vart også andre format nytta. Desse vart så sette i skuffer, ordna alfabetisk under herada i dei einskilde fylka. I tillegg til heradsregisteret vart det i seinare år bygt opp i eit alfabetisk landsregister og i eit etterleddsregister. Samlingane voks jamt og trutt til rundt 1,5 millionar namnesetlar.

For ei lang rekkje kommunar vart det etter kvart bygd opp relativt fullstendige namnesamlingar.

I seinare tiår har tilsette ved Stadnamnarkivet og andre vitskaplege institusjonar halde kurs for lokale innsamlarar og såleis fått inn store tilskot til samlingane. Bruk av skreddarsydde namneskjema, lydband og kart i stor målestokk har effektivisert innsamlingsarbeidet. Eit vidare steg i oppbygginga av arkivet har vore å skanna og dataregistrera namna. Setelsamlingane og innsamlingskarta er gjort tilgjengelege på Internett gjennom eit program kalla «Frå skuff til skjerm». Ein stor del av dette arbeidet har vorte utført som ein del av Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo i perioden 1991–1997. Men òg andre universitet og arkiv samt ei rekkje kommunar har delteke i dataregistrering av stadnamnmateriale.

Alt tidleg stod det klart at Oluf Ryghs prosjekt *Norske Gaardnavne* måtte vidareførast. Med støtte frå Forskningsrådet vart prosjektet *Norske bustadnamn* sett i verk rundt 1950. Det vart tilsett tre vitskaplege medarbeidarar som fekk i oppdrag å registrera uttale og andre opplysningar om gardsbruk og husmannsplassar. Målet var ei ny og sterkt utvida utgåve av Ryghs verk der alle slags eldre og yngre bustadnamn kom med. Ambisjonane var høge, og det skulle visa seg at arbeidet var for omfattande til at det kunne førast i hamn for heile landet. Det vart utført feltarbeid i om lag halvparten av fylka i landet. Etter kvart starta det tidkrevjande arbeidet med å drøfta materialet vitskapleg med tanke på utgjeving. Tilsette ved arkivet nådde berre å ta for seg Østfold, eit av dei minste fylka. Likevel viste det seg at stoffet var så omfattande at det måtte gjevast ut med eitt band for kvar kommune. Og no fram mot hundreårsmarkeringa til arkivet nærmar det 20. og siste bandet for Østfold seg fullføring i manuskript. Dermed er det største enkeltverket etter Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* i hamn. Kva som kjem til å skje med bustadnamna i resten av landet, er uvisst.

Det ligg i ordet stadnamnarkiv at institusjonen skulle samla og registrera stadnamn i ulike format, både skriftleg og munnleg, men materialet skulle òg brukast til å forska i namn. Gustav Indrebø gjorde sitt også til dette med ei rekkje utgjevingar om naturnamn, eldre inndelingsnamn og stadnamnnormering. I Per Hovdas tid vart det gjeve ut ein eigen skriftserie om ulike typar stadnamn. Etter kvart som staben auka, kom det ut fleire bøker, også om personnamn, og dertil eit stort tal artiklar, mellom anna i årsmeldingane til Stadnamnarkivet og i rapportane frå nasjonale konferansar i namnegransking. Det største prosjektet har som nemnt vore *Bustadnavn i Østfold*, der utgjevarane Margit Harsson og Tom Schmidt har gjort ein imponerende innsats.

Stadnamnarkivet har halde hus ulike stader. Dei fyrste to åra hadde ikkje arkivet noko særskilt lokale, men i perioden 1923–26 hadde det rom saman med Kjeldeskriftregistreringa i Historisk museum i Oslo. Deretter flytte det inn i Regjeringsbygningen i Akersgata 42. I 1930 vart Gustav Indrebø professor i vestnorsk målgransking ved Bergens museum. Han heldt fram som styrar for Stadnamnarkivet og arbeidde vidare med innsamling og utgjeving. Det var i Bergens-tida han gjorde tiltak til Skulebarnsoppskriftene. Men fyrst i 1939 då staten tok over drifta av arkivet at samlingane i Oslo vart sende til Bergen. Indrebø døyde i 1942, berre 53 år gammal. Filologen Per Hovda, som hadde vore arkivassistent ei tid, vart då konstituert som ny styrar og fast tilsett i denne stillinga i 1946.

To år før hadde namnesamlingane – ikkje utan strid – vorte sende med tog attende til Oslo. Her vart samlingane plassert i «Ordboksgangen» på Universitetsbiblioteket (no Nasjonalbiblioteket). I 1962 stod det nye Wergelands hus ferdig på Blindern, og Stadnamnarkivet flytte dit, saman med Ordboksverka. I 1972 vart det atter flytting, denne gongen til Chateau Neuf, det nye huset til Studentersamfundet på Majorstua. I denne perioden, i 1978, vart Stadnamnarkivet overført til Universitetet i Oslo som eige institutt. Etter nesten tjue år bar det atter opp på Blindern, no med status som Avdeling/Seksjon for namnegransking. Nye 18 år gjekk, og ein ny flyttesjau enda opp i Veglaboratoriet ovanfor Blindern, for så endeleg å hamna på Sintef-bygget på Gaustad i 2012.

I 2014 avgjorde Universitetet i Oslo at det ikkje lenger skulle drifta Stadnamnarkivet, heller ikkje Ordbokssamlingane. Universitetet i Bergen sa seg då viljug til å ta over. I 2016 vart så stadnamn- og ordbokssamlingane førte i fleire trailerlass over fjellet og lossa av ved Universitetsbiblioteket. I samband med overflyttinga vart det oppretta nokre få stillingar for å halda tilsyn med desse samlingane og arbeida vidare med å leggja dei til rette for elektronisk bruk.

Norsk stadnamnarkiv byrja i det små og vart med tida ei relativt stor eining med opp til seks tilsette og fleire sivilarbeidarar og timelønnte medarbeidarar på det meste. Også ved dei andre universiteta og fleire høgskular vart det oppretta namnesamlingar der tilsette kunne forska i namn. No har det namnefaglege miljøet i landet langt på veg turka inn. Vonene knyter seg til det vesle samlingsmiljøet i Bergen. For stadnamna er ein ressurs som fortener å verta forvalta, også for framtida.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

(Denne artikkelen er òg prenta i *Almanakk for Norge/Noreg* 2021)

NETTARTIKLAR OM OPPHAVET TIL STADNAMN

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (no Vestland) har fått 90 000 kr i støtte frå Kulturrådet til prosjektet *Nettartiklar om opphavet til stadnamn*. Vi engasjerte filologen Kristian Solvang frå Stryn til å skrive 50 stadnamnartiklar frå Sogn og Fjordane.

Forfattaren vår

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ville publisere 50 nettartiklar om opphavet til stadnamn frå Sogn og Fjordane. Kristian Solvang har arbeidd for Fylkesarkivet i fleire år. Han har hovudfag i stadnamnvitskap og skreiv oppgåva *Stadnamn frå Blakset og Fjella* i 1986 ved NTNU. Han har handsama til saman om lag 51 000 stadnamn vitskapleg frå fleire kommunar for oss. I 2018 gav han ut boka *Frå Sumobrytaren til Bokkjesteinen, stadnamn frå Stryn og heile fylket* på eige forlag.

Kristian Solvang kjenner dialektane i Sogn og Fjordane godt etter å ha budd i fleire av kommunane. Vi visste også at han er ein flink formidlar, og ved sida av den solide fagkunnskapen hans, vxar dette heilt vesentleg for vårt val av forfattar. (De kan lese om forfattaren på Wikipedia og på Lokalhistoriewiki.) Artiklane ville vi publisere i det som vi kallar *Kulturhistorisk leksikon*, som ein finn på Fylkesarkivet si heimeside eller direkte på lenkja: leksikon.fylkesarkivet.no/

Stadnamnsamlinga i Sogn og Fjordane

Fylkesarkivet samla i 1985/86 inn stadnamn slik fleire andre fylke gjorde. Alle kommunane i fylket vårt var med, og no har vi meir enn 250 000 stadnamn. Namna arkiverer vi i magasina våre, og leverer ut kopiar etter som vi får førespurnader. Men den viktigaste måten å formidla stadnamna på, er via nettet, der ein i dag finn ca. 227 600 stadnamn.

Vi publiserer stadnamna på to plattformer: På fylkesatlas.no kan ein søke via geografisk område. På stadnamn.fylkesarkivet.no som er eit web-arkiv, kan ein søke på namn, namnegrupper eller andre opplysingar. Stadnamna på fylkesatlas er ei svært populær kjelde og blir mykje brukt av publikum.

Kvifor artiklar med språkleg tolking?

Når vi publiserer stadnamna, så presenterer vi mange opplysningar, utan å utarbeida noka etymologisk utgreiing til namna. Difor ynskte vi oss denne metoden i prosjektet. Lokalhistorisk kunnskap ligg også til grunn for nokre av tolkingane.

Det varierer litt frå artikkel til artikkel kva som er hovudfokus, men dei aller, aller fleste av dei 50 artiklane har det språklege som hovudfokus.

Fagstoffet i artiklane og forfattaren sin innsats

Då vi søkte Kulturrådet om pengar, blei vi spurde om dette var eit prosjekt som retta seg mot barn og unge. Det svarte vi nei på. Men det eg ser no i ettertid, er at desse artiklane eignar seg svært så godt for ungdom i vidaregåande skule! Det er eigentleg ikkje så rart, når vi tenkjer på at forfattaren har undervist både i folkehøgskule og i vidaregåande skule i mange, mange år. Mange elevar i vidaregåande skule skriv om stadnamn som særnemne i norsk. Då kan dei finne mykje interessant i desse artiklane.

Artikkelprosjektet starta med ein forfattar som vi visste kunne levere fagleg solide artiklar. Han hadde allereie levert artiklar til Fylkesarkivet sitt tidsskrift *Kjelda* i fleire år. Som prosjektleiar måtte eg vere sikker på at forfattaren var flink til å formidle solid fagstoff. Eg måtte også kunne stole på at han leverte dei 50 artiklane som vi hadde fått tilskot til frå Kulturrådet. Forfattaren leverte artiklane i god tid. Etter kvart som dei kom inn, las eg korrektur. Dessutan såg eg på om vi kunne finne ekstra illustrasjonar og kartutsnitt frå fylkesatlas.no for å vise plasseringa av namna og for å gjere artiklane ekstra attraktive.

Innhaldet i artiklane og tolkingane

Nokre artiklar tek føre seg mange stadnamn. Andre artiklar tek føre seg berre eit stadnamn eller eit par namn. Det kan jo vere forskjellige faglege teoriar om opphavet til mange av stadnamna våre. I desse artiklane våre finn lesarane av *Nytt om namn* kan hende namn som dei vil meine har eit anna opphav enn det forfattaren vår har kome fram til. Forfattaren seier sjølv at han ikkje har arbeidd med stadnamn innafor academia. I yrkeslivet har han undervist i norsk på vidaregåande trinn og på universitetsnivå, og har handsama stadnamn for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Som hjelpemiddel for tolkingane har han brukt etymologiske ordbøker, andre ordbøker og lokale ordsamlingar i tillegg til faglitteratur om stadnamn. Fylkesarkivet sitt webarkiv var ei svært viktig kjelde for han. Han har også brukt lokalhistorisk litteratur og eldre informantar.

Fylkesarkivet tek imot innvendingar og framlegg til alternative tolkingar av dei stadnamna som er omtala i artiklane våre. Dette er nett-artiklar og kan slik sett rettast eller utvidast med andre faglege synspunkt. Eventuelle rettingar vil bli gjort i samarbeid med forfattaren vår så langt det let seg gjere. Både artiklar og

dei aller fleste illustrasjonane er publisert med CC-lisens, så dei kan brukast opp att av andre.



Utsikt frå *Bellevue*, eller *Belive*, Lote i Eid kommune. Foto: Ellen Marie Lote, 2019.

Illustrasjonar og kjeldelister

Fylkesarkivet har ein del reglar for korleis artiklar i *Kulturhistorisk leksikon* skal sjå ut. Det er særleg to ting som er viktig: Forfattaren skal alltid opplyse om kjeldene han har brukt. Dette gjeld både skriftlege kjelder på papir og på nett, og munnlege kjelder. Det andre som er viktig er at artiklane skal vere illustrerte. Dei skal ha frå to til fem illustrasjonar. Det er i hovudsak forfattarane som skal skaffe desse. Slik var det også for stadnamnartiklane. Kristian Solvang tok dei fleste bileta sjølv. Dessutan skaffa han foto frå ein kjenning, Arne Myklebust.

I nokre tilfelle ynskte forfattaren å skrive om stadnamn som han ikkje hadde eller kunne skaffe foto til. Då valde vi å skaffe illustrasjonar på anna vis.

For ein del kjende stadnamn finn ein gode foto med CC-lisens på nettet. Vi brukte også foto som såkalla var «falle i det fri» på grunn av alder. Vi fann fleire gode foto på Wikipedia og andre nettstader. Slik fekk vi fine foto av t.d. fjella Fannaråki og Bleia. Vi kjøpte også nokre foto frå lokale yrkesfotografar. Så tok

nokre av dei tilsette på Fylkesarkivet foto. Det blei fine turar rundt i fylket for å ta foto av t.d. fjellet *Kabusen* i Førde kommune, *Kabusa* i Balestrand kommune og *Havrane* i Leikanger kommune.

Fylkesarkivet har også ein rikhaldig fotobase. Her plukka vi ut aktuelle eldre foto som vi har løyve til å bruke. Vi var nøye med å sjekke dette med rettar. Foto av nolevande fotografar brukar vi i *Kulturhistorisk leksikon* etter å ha henta inn skriftleg løyve.

Vi har også brukt arkivmateriale som illustrasjon. I artikkelen om stadnamna Hermansverk og Njøs, fekk vi bruk for både eigne foto, foto frå fotobasen og skanning av møteboka i Leikanger formannskap. Stadnamnet *Hermansverk* har jo eit morosamt opphav, sjå:

leksikon.fylkesarkivet.no/article/fddd8334-0413-4eb6-a6d7-382c29577e85

Innsats frå lokale informantar

Elles må eg nemne at vi fekk god hjelp av lokale informantar som tok dei bileta vi ynskte oss og som hjelpte oss med lokalkunnskapen sin. På Lote i Nordfjord er det veldig mange interessante stadnamn som truleg oppstod då Nordfjord kompani var stasjonert der frå 1628–1712. Desse ville både forfattaren og vi gjerne ha omtala i prosjektet.

Vi fekk kontakt med ei innsatsviljug dame på Lote som gjekk rundt i nærområdet og tok flotte foto av dei einskilde stadane, som t.d. *Vaffenbakken* og *Bellevue (Belive)*. Ho las også gjennom artikkelen og kom med gode, lokale tips. Dette prosjektet blei ein svært interessant del av arbeidet på fylkesarkivet i 2019/2020!

Alle Kristian Solvang sine stadnamnartiklar finn du her:

leksikon.fylkesarkivet.no/person/5efbcec8-caa3-4ce8-a430-1438b4aafec6

eller på kortlenkja: tinyurl.com/ydbgjpcn

Randi Melvær
randi.melver@vlfk.no

TUNSTAD PÅ SKOGSØYA

På 1970-talet vart dei store øyane i Vesterålen bundne saman med bruer, før var kvar øy eit «rike» for seg. Vel er det er ikkje lenger såleis i Vesterålen at folk tenker båt når dei skal reise til ein nabokommune, men eit unnatak er alle dei

mange små, men før i tida ganske så folkerike øyane i Barkestad fjerding (= Øksnes sokn): Kommunen og soknet har namn av kyrkjestaden Øksnes, som etter gammal tenkemåte ligg «sentralt» plassert i sundet på sørsida av Skogsøya, den suverent største blant mange små øyar, men heller ikkje dit kom brubygging på tale, til det var avfolkinga for langt komen.

Litt lenger vest, på sørvestsnippen av Skogsøya og ved overgangen frå sund til opnare farvatn, ligg garden *Tunstad*. Ut frå uttalen [ˈtun̥sta] (*Norske Gaardnavne* 16: 386) skulle det vere rettare å skrive *Tunnstad*, som vi då og til dels vil finne på nyare kart.

Kven var uttale-informantane?

Karl Rygh, som redigerte Nordlands-bindet av NG, seier i forordet bl.a.: «Paa Grund av de geografiske Forhold har O. Rygh ikke her kunnet komme til hver enkelt Bygd, og der manglede ogsaa her Adgang til, saaledes som længere sydpaa, paa Excerpladse at indhente Opgaver af indfødte Mænd fra alle Bygder. Derfor er Opplysningerne ofte erhvervede hos Folk, som hørte hjemme i Nabo-bygder». For Nordland sitt vedkomande er då heller ikkje nokon av hjelparane nemnde ved namn.

Same framgangsmåten var brukt for Rødøy, men her har Rygh tydelegvis etterpå fått hjelp av multitalentet Edvard Havnø frå sjølvje Rødøya, då vi finn tilleggsopplysningar om dativformer m.m. tekne med i skarpe klammer. Heller ikkje han er namngjeven.

Kven som gav uttaleopplysningar om gardsnamn frå Lofoten og Vesterålen kjenner vi slett ikkje til, men seks år seinare kom Troms-bindet av NG, og her takkar K. Rygh i forordet for hjelp især frå statsråd Qvigstad, så vel som fleire andre, blant desse også konservator Olaus Nicolaisen i Tromsø. Han var vel å merke oppvaksten i Nærøya i Øksnes, og vi kan lite på at han var stø i uttalen av gardsnamna i Vesterålen, langt på veg Lofoten med. Viktig var mobiliteten knytt til lofotfisket, i tillegg kom hans eigen reiseaktivitet som konservator.

Frå 1930-åra er Hallfrid Christiansens notat om stadnamn i Øksnes: Hovudinformant var Edmund Pedersen i Skipnes, frå Tindsøya som ligg tett nordom Nærøya. Uttalen av *Tunstad*-namnet er den same der som i NG. Det bør nemnast at ho i motsetning til NG har rett tonem (tostavings) i gardsnamna *Vottestad*, *Smynes*, *Frivågen*, *Nordsand*, *Breistrand*, men ho fanga ikkje opp at sistnemnde eigentleg har uttalen [ˈbɾɛʂstran̥n̩], heller ikkje at *Sørsand*, *Navarsbora* og *Øvergarden* (i dag *-gården*) òg har tostavings tonelag. Elles viser no forordet til Nordlands-bindet av NG at Oluf og Karl Rygh var fullt merksame på vanskane

søringar har med å meistre tonemskilnadene i nordnorsk. Det gjeld sannsynlegvis også motsett veg.



Tunstad. Fleire lokale humpar og høgder er nummererte, men identifikasjon er berre oppnådd for 1. *Godbonhaugen*, 6. *Rabben*, 7. *Holten*, 9. *Skredtinden* og 10. *Steindalstinden*. Foto: Johan Borgos.

Vurdering av uttalesprik

Vi skal no sjå nærmare på det vi starta med, gardsnamnet *Tunstad*. Sjølv har eg aldri tvilt på at uttaleopplysninga i NG var korrekt, og det butta imot då bygdebokforfattar Johan Borgos, oppvaksen på nabogarden Hjellsand, peika på at genuin lokal uttale er *["tunnsta]*. Først gjekk eg ut frå at *Tunstad* som postadresse måtte ha slått inn for fullt i ny tid og påverka tradisjonell uttale, men at dette ikkje kunne stemme, vart klart når også Bergljot Kristensen, 4. generasjons tunstadværing, slutta seg til den same uttalen *["tunnsta]*. NB: ikkje *["tūnsta]* som var å vente i fall påverknad frå postadressa låg bak.

Uttalesprik av same slag er kjent frå ein annan kant av Vesterålen, nemleg frå gnr. 4 i Hadsel, *Kaljorda*, i flg. NG sagt *kall'jóra* - då med feil tonelag. Bortsett frå det siste er slik uttale velkjent blant vesterålingar flest, men av folk frå garden langt yngre enn eg sjølv er høyrte *["kalljōra]* med kakuminal eller vel rettare lett retrofleks l. Historiske skriveformer sprikar veldig: *Kaldiordt* 1611 (leiglendingar), *Koliordt* 1620 (leigl.), *Kalb Jord* 1633 (leigl.), *Kaaljord* 1647, *Kaljord*, *Kaldjord* 1647–1648 (husm., leigl., fullottesdrengrar), og *Kaaljord* 1649–50 (skattemanntalet).

Enten no namnet var **Kalvjorda*¹ (jf. 1633-forma) eller ikkje, er det neppe tvil om at genuin lokal uttale vart «omringa» av ein meir uniform. Frå Bø kommune kjenner vi tre tilfelle med *v*-bortfall i namnet *Kal(v)dalen*, og likeins *Kal(v)bakken* og *-garden* a.st. Slike smånamn er vanlegvis berre nytta innafor grenda og blir der haldne oppe i tradisjonell form, men betre kjent er jo *Kaljorda* som grend og som trafikknutepunkt har vore. Hos folk med overflatisk kjennskap til namnet har «kall» med palatal *l* nok sklidd inn etter at forenklinga *Kalv-* > *Kal-* var eit faktum.

Eit namn med uttale som avvik frå ein hovudtendens, kan forbli uendra i eit lokalmiljø der namnet er brukt ofte nok, men utanfor den indre sirkelen får dei «uniformerande» kreftene overtak. Såleis må det også ha seg med *tunn-* kontra *tunŋ-*: Ord som *grunŋ*, *hunŋ*, *luŋ*, *munŋ* osv. lagar føring for at *u* + palatal *n* er det som gjeld. Vi skal leite lenge for å finne unnatak, til og med bokmålsordet «*bunn*» for botn får palatal uttale! Kor ofte slike uniformerande fenomen er omtala i namnelitteraturen er eg uviss på.

Ryghs tolking av namnet

Til grunn for si tyding av namnet legg Oluf Rygh den palatale uttalen *["tunŋsta]* pluss nokre få skriveformer på *Thund-* og *Tundstad* tidleg i 1600-åra, endå liknande former faktisk er overveldande talrike frå den tida, bl.a. *Tunnstadt* og *Thunnstad* (*Thondstad*, *Thonnstadt* 1611), eller også ganske enkelt *Tunn-* og *Tundstad* 1618. Seinare blir rett nok skrivemåten meir «vaklevoren»: *Tunstad* 1621, *Tunnestad* 1623, *Thunestad* 1624–25, *Thunstad* 1626(?). Likevel *Tundstad* 1661, men atter *Tunstad* 1723.

Rygh fokuserte tydeleg nok på formene med *-nn-*, *-nd-* frå første del av 1600-talet og sa: «1ste Led er maaske et Elvenavn, enten Tunna eller det gamle *Þund; se Elven. S 278». Til dette er berre å seie at gardsnamntolkingar baserte på

¹*Kalvjorda* som namn på små lokalitetar i Skjerstad og Nord-Rana er i Stadnamnprosjektet registrerte med full forstaving *Kalv-*.

elvenamn kan vi sjå bort frå, dei aller fleste stader i øyriket Lofoten–Vesterålen, det gjeld òg for bekken *Tunstadelva*. Rygh kan ikkje ha kjent innføringa «af *Thunastadhom* i Skosøy» i Aslak Bolts jordbok, for ho manglar i Munchs utg. av AB². I Troms-bindet av NG er namneformer frå lensrekneskapen 1567 sett i hakeparentes for å vise at dei ikkje høyrer til i det namnematerialet som først var med. I Nordlands-bindet er det ikkje markert slik, men må vere tilsvarende å forstå, for elles blir det gåtefullt at ingen ting blir sagt om formene *Thunistad*, *Tunistad*, *Thiustad* [rettare *Thiunstad*?] frå lensrekneskapen 1567 (trykt først 1940). For oss er det klart at dei kan oppfattast som skrivevariantar av eit uttale-svekt *Tune-*, jf. atter mellomnorsk *Thuna-* hos AB.

Kor sannsynleg er det at den i dag vanlege skrivemåten *Tunstad* gir meining? Interessant her er O. Ryghs merknad om *Tonnerud* (no *Tonerud*) i Hovin i Spydeberg, sagt *tó`nneru* el. *tónru*, men skrive *Tunaruð* ca 1400 (seinare *Thunerødt* 1600, *Tunerød* 1640, *Thunnerøed* 1667, *Tunderud* 1723). Han seier, med tanke på *tún* n ‘heimemark, gardsplass’: «Formen Tuna-... synes ikke at kunne være rigtig. Om end den nuværende Form kan forklares af opr. Túnaruð (som Túneimr nu paa fl. St. udtales Tønnøm o. lign.), vilde en Sammensætning som denne være lidet rimelig fra Menings Side» (NG 1: 64). Det siste kan vel langt på veg seiast om *tún+staðir* med.

Ikkje vassdrag, men rundvorne høgder?

Vi får då prøve ei anna vinkling og gå inn på eit sms. ord mange vil kjenne, *iggeltuve* f ‘tust med stritt gras’, ‘sylvbunketuve’ (NO 5:1081). Det slaget kallar andværingar og langenes- og øksnesfjerdingar til lengst sør på Skogsøya ei *iltua*, men eit hakk lenger vest, i Hovden i Malnes, blir uttalen *iggeltuv'* (sml. gno. *igull* m: ‘karibolle, sjøpiggsvin’). Ein frapperande skilnad i og for seg, men tilsvarende gjeld for sisteleddet *tuve* isolert: ei *tuv'* i Malnes og Bø, men ei *tua* nord- og austafør. Det gjeld for Andøya og Langenes og Sortland, men òg for Øksnes, der uttalen *tua* er godt kontrollert³. Johan Borgos nemner også «han Abel på Tua», stamfar til Abelsen-slekta i Øksnes: Her kan det kallast merkeleg at NG har «gnr. 56.3 Tuen» i Øksnes med uttalen *tú`va*. Hallfrid Christiansen har for sin del både *Tua* og *Tuva*, men kun *Tuaelva*. Stadnamnprosjektet sine notat viser konsekvent *Tua*, *Tuabukta*, *Tuaelva*. Samansetjingsmåten *Tua-* har uviss alder, men slik juxta-posisjon(?) finst òg i nokre namn frå Vågan, Ballangen og Hamarøy.

²Takk til Johan Borgos for denne påvisinga og for anna hjelp.

³På Senja derimot *hūva* og *tūva* (R. Iversen, «Senjen-maalet» s. 77). Kor langt inn på Hinnøya dei v-lause formene *hua* og *tua* rekk er eit ope spørsmål, men også i Tysfjord heiter det ei *iggeltua*, ei (*topp*)*hua* osv., då med unnatak for *huva* i Grunnfjorden.

Vi tør derimot, pga. det humplete landskapet så typisk for *Tunstad*, gå ut frå at dette gardsnamnet i si opphavlege form kan ha vore **þúfnastaðir*, dvs. *þúfna-* som gen. flt. av ordet *þúfa*. Det «dialektrette» bortfallet av *y* i *tua* f (og *iltua*) må då vere gammalt.

Namnet *Tunstad* tolka som skissert blir då ein parallell til at grannegarden Hjellsand gjekk for *Hjelte-*, *Jeltesand* og delvis *Gieldtesand* store delar av 1600-talet, parallelt med tostavingsformer *Hiellsand* (1610), *Hielsand* (1614) osv. Her kan vi temmeleg sikkert gå ut frå eit opphavleg **Hjelltuvsand*, av di det då var tale om berre éi «tuve», den noverande *Storhaugen* (nærmare drøfta i Øksnes historielags årbok *Leddiken* 2018).

Namnet *Tunstad* i vidare samanheng.

Kor gjengs slik gen. pl. av linne hokjønnord er i stadnamn, veit vi lite om. Nordnorske namnelagingar på *Tretten-* (*-bergan*, *-dalen*, *-enget*, *-slåtta*, *-skjeran*) kan vi tolke som gen. pl. **þrætna-*, til *þræta* ‘trette, krangel’. Namnet *Tekndalen* midt på Andøya ser eg som sms. med gen.pl. av gno. *tekja* f ‘innkome, inntekt, -tak’. Stadnamnrelevant og alderdommeleg er iallfall gno. *gatna-mót* n ‘gatekryss’, kjent også som stadnamn frå Ytre Li i Aurland – jamlikt med *Gatneskil* i Sirdal. Botolv Helleland⁴ har for sin del peika på at *Helnaberg* i Ullensvang vel inneheld gen.pl. av *hella* f. Sml. også gno. *dúfnasaurr* m ‘dueskit’, og isl. *dúfnabúr* og *-hús* og det svært så moderne *þúfna-bani* m ‘tuvedrepar’, dvs. jordfresar! – At *ú--en* i **þúfnastaðir* etter kvart vart forkorta, er som venta, det gav *Tunstad* med kort *u*.

G. Indrebø er inne på at perioden 1350–1390 kan kallast overgangstida frå gammalnorsk til mellomnorsk. Såleis kom overgangen frå gno. *þ* til mno. *t* ganske tidleg: «I den tid då *þ* og *t* heldt på å glida saman, misbruka dei ikkje sjeldan skrifteikni, so at dei sette *þ* i ord som hadde *t* frå gammalt, t.d. *þil* for *til*. *þ* stod i framljod, og det var mange ord som soleis fekk ein annan framljod med overgangen *þ* til *t*». Han seier vidare: «Skrifteiknet *þ* gjekk for ålvor ut or bruk frå ikr. 1420, er sjeldsynt etter 1450, men finst i einstaka høve til ned ikr. 1490. Det vart bytt med *th* – som alt tidleg hadde teke til å tevla med *þ* og *t* ...»⁵

I dette ligg, at om *Tunstad* skulle ha med *tún* ‘heimemark’ å gjere (eit veldig

⁴ Botolv Helleland: *Helnaberg, Vivheller og Salthella*. To stølsnamn og eit plassnamn. I: *Spår av odling. Festskrift* til Hugo Karlsson. På oppdrag av Meijerbergs institut för svensk etymologisk forskning vid Göteborgs universitet. Sammanställd av Birgitta Ernby. Ingår som del 19 i *Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning*. Göteborg 1994, s. 116–125.

⁵ Gustav Indrebø. *Norsk Målsoga*. Utgjevi av Per Hovda og Per Thorson. Bergen 1951, s. 229–230).

uvanleg ord i nordnorske stadnamn), er *af Thunastadhom* med *Th-* urett skrivemåte, medan ein lese måte «af Þúfnastadom» (til *þúfa*) med *Th-* og bortfallen *f* > *v*) viser aller beste samsvar med topografien. Tallause inkonsekvensar frå *overgangen* gammalnorsk > mellomnorsk viser som før nemnt at slumpen rådde med omsyn til *p* og *t*. Så kan det ha vore også her.

Ein mellomnorsk overgang **Þúfna-* > *Tuna-* er lite påfallande samanlikna med anna som er skriftfesta i den same overgangsperioden, m.a. i eit brev frå erkebiskop Aslak Bolt (*Norsk Målsoga* 216–217). Som Indrebø sa det: «Sjølve sansen for ei fylgjerett og fyre-seg-gjord skriftform, sjølve skriftkulturen, hadde kome lågt ned. Det er eit djupt fall i det stykket frå kongskanselliet og erkebiskopkanselliet ikr. 1350 til skrivarstovone ikr. 1450». Samanlikningsvis kan nemnast at anno 2019 varslar enkelte verdamer på TV «sjølig vær», og kroppsfikserte tenåringer kan t.d. skrive: «Synest ikke du at jeg er litt for skjukk?» Språkleg forfall høyrer ikkje berre fortida til.

«Skosøy» alias *Skogsøya* er eit påfallande namn, når øya er full av snaue, høge fjell, mange så bratte at det nærmar seg hamrar i hav. Derimot skal vi leite lenge etter skog verd å nemne, men akkurat kring Tunstad og Hjellsand strekker seg eit lågland med haugar, humpar og rabbar, rett nok skoglaust det òg, men i torvmyrane fanst rikelege restar av eldgammal fôraskog, så ein gong heitte låglandet med god grunn *Skogsøya*, i motsetnad til fjellandet elles. Her høver det godt å vise til kva Oluf Rygh seier om *øy* i innleiinga (s. 88) til *Norske Gaardnavne*: «Har i det gamle Sprog, ligesom endnu i enkelte Bygdemaal, været brugt om flade Strækninger med frodig Plantevæxt, som ligge langs Vand uden at være omflydte; til denne betydning er en stor Del af de fra Ordet stammende Stedsnavne at henhøre».

Finn Myrvang
fmyrvang@gmail.com

FRYSJA OG AKERSELVA

Frysja er etter vanleg meining det historiske namnet på Akerselva. Det førekjem fleire gonger i dei mellomalderlege kongesogene, mellom anna i Sverresoga. Det er belagt i forma *Frysja* og som forledd i *Frysjubrú*. I munnleg tradert mål skulle det lyda *Frysjebbru(a)*, men er i nyare tid teke opp i forma *Frysja-* som i *Frysja-*

dammen og *Frysjaveien*. Namnet har to forklaringar, den eine med bakgrunn i verbet *frysa* (Sophus Bugge i *Norske Elvenavne* av O. Rygh), den andre 'den sprutande' i slekt med verbet *fruse*, *frøse* (framsett av Per Hovda i *Gula Tidend* 8. jan. 1974). Om *Frysj* i ei anna form òg har vore nytta om Maridalsvannet får berre vera ein hypotetisk tanke. Namnet *Maridalen* (skrive i *Marghrettardale* og liknande frå 1336) går attende til mellomalderen, men det er grunn til å tru at eit så stort vatn som Maridalen har bore eit «eige» namn i den eldste tida. Kva det eventuelt har vore, veit me altså ikkje.

Namnet *Frysj* har utvilsamt høg alder, og ein kan gå ut frå at det har vore nytta om heile elvelaupet frå Maridalsvannet til Bjørvika. Men det kan tenkjast at det i takt med busetnaden langs vassdraget har oppstått lokale namn på deler av elva. Som det er nemnt i *Oslo byleksikon*, vart fossefalla i Nydalen (kortform av *Nygårdsdalen*) i mellomalderen kalla *Fallande*. I ein tidleg periode må den midtre delen av elvelaupet ha vore omtala som *O(in)* ei dialektal sideform til *á* 'elv'. Det er nedfelt i *Storo* og *Lillo*, som er namn på to partar av den gamle garden *O*. Forma *Oo* (østre) er belagt i eit diplom i 1279, så namnet går minst attende til mellomalderen. Ut frå det sentrale lægjet og namnetypologi er ikkje urimeleg at det har vore i bruk i førkristen tid. Etter *Lokalhistoriewiki* skal *Frysj* *brú* ha vore nytta om den noverande Grünerbrua, som ligg nede. Etter same oppslagsverk vert dette rekna som «den eldste brua over Akerselva, og het opprinnelig *Frysj* *bru*, senere *Akers Bro* og enda senere *Møllebroen* etter Nedre Foss».

På eitt eller anna tidspunkt i overgangen frå mellomalderen til nyare tid må *Akerselva* ha teke over for *Frysj*, i byrjinga kanskje berre som eit lokalt namn om nedre delen. *Aker* er namn på ein gammal storgard med kyrkje og sokne-status, og det er ikkje uventa at lokalfolk har relatert elva til denne nærliggjande og viktige staden. Det er elles ein vanleg namngjevingsmåte, jf. *Sørkedalselva* for eldre *Sørka*. *Akers-* finst elles om forledd i fleire gamle namn, mellom andre *Akershagen*, som etter *Oslo byleksikon* fram til 1200-talet hørde til garden Aker. Men det er fyrst på 1600-talet at *Akerselva* i ulike former er dokumentert i skrift. «Aggershuses elv» førekjem i eit kongeleg reskript frå 1636 med tilvising til strekinga frå Sagene til elvemunningen. Også festningsnamnet er nytta som forledd i «Aggerhuus' Festnings elv». Men på den tida må den meir folkelege forma *Akerselva* for lengst ha vore teken i bruk. Seinare har også *Vaterlandselva* vore nytta som lokalt namn på den nedre delen.

Akkurat når *Frysj* vart «gjenoppliva» som stadnamn, og kven som kom på det, har eg ikkje kunnskap om. Det kan ha kome opp gjennom utgjevingane av

historiske skrifter på 1800-talet, eller kanskje så seint som etter 1900. Ein kan òg spørja kvifor *Frysja* no er knytt til den øvre delen Akerselva. Eit svar kan vera at det ikkje var så tett med namn her som lenger nede. Rett nok dekkjer gardsvalda til dei gamle gardane Brekke og Kjelsås kvar si side av elva og er i ein viss grad brukte i nyare namngjeving. *Frysjaveien* går frå Maridalsveien til Brekkeveien. I mellomtida har *Frysja* breidd seg som namn på bustad- og industriområdet mellom Maridalsvannet og Nydalen vest for Akerselva, og altså «kolonisert» ein del av Brekkes grunn. *Frysja senter* med bygningar for brukskunst «okkuperer» ein del av grunnen til Kjelsås. Også *Frysjadammen* er godt kjent, men her har Oslo kommune nytta det meir korrekte *Brekkedammen*, rett nok med tillegget «ved Frysja».

Det ser ut som *Frysja* med tilhøyrande relasjonsnamn er komen for å bli. Dei fleste synest nok det er i orden. Reint lydleg kling namnet godt saman med brusen av denne perla av ei elv frå Maridalen til Bjørvika. Men eit viktig prinsipp i ny namngjeving, også uttrykt i lov om stadnamn, er at ein byggjer på den munnleg traderte namnetradisjonen.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

(Artikkelen er òg publisert i *Nordre Aker Budstikke* 4.9.2020)

OMRÅDENAVN SOM STABILE REFERANSER

En type navn fagfolk og folk flest har svært mye bruk for, er områdenavn. For at et områdenavn skal kunne fungere tilfredsstillende i faglige sammenhenger, som f.eks. språkforskning, lokalhistorie, arkeologi og kulturminnearbeid mer generelt, må vi stille de samme strenge krav til entydighet og stabilitet som i terminologien ellers. Men det er ofte lettere sagt enn gjort. Når det blir fattet politiske vedtak som gjør at administrative grenser endres, vil områdenavn miste den entydigheten og stabiliteten som de hadde. Det er et problem som svært ofte oppstår.

Ustabilitet og tvetydighet i uttrykksapparatet er en ulempe fagmiljøer aktivt arbeider for å motvirke. Et klassisk eksempel kan vi ta fra botanikken og zoolo-

gien, der enhver plantearart og dyreart har en latinsk betegnelse, nettopp for å sikre entydighet og stabilitet i tid og rom.

Fra og med 01.01.2020 er ny fylkes- og kommunestruktur innført. Men det betyr ikke at de gamle fylkesnavnene går ut av bruk, men at bruken av dem må tilpasses nye forhold. Det har også Språkrådet sagt ifra om, slik at det fortsatt går an å tale om Hordaland, Hedmark, Vestfold og Akershus der det faller naturlig. Og der det faller naturlig, er det grunn til å tro at slike navn kan bli godt stabiliserte. Det er i så fall en heldig utvikling.

Endringer av administrative grenser har vi hatt kontinuerlig gjennom hele landets historie. Men noen endringer er større enn andre. Etter Schei-komiteens innstillinger på 1950-tallet og 1962, gikk tallet på kommuner ned fra 744 i 1957 til 454 i 1967. Etter den nyeste kommunereformen 1. januar 2020 er det 356 kommuner i Norge. Ellers har det gjennom hele 1900-tallet vært endringer av kommunegrenser slik at mange områdenavn fikk endret innhold. Sagt på en annen måte ble mange viktige, velkjente og gode områdenavn på den måten gjort plagsomt ustabile.

Den løsningen som byr seg fram for å få bukt med disse ugreie tilstandene, må være å revitalisere gamle områdenavn på et nivå som for en stor del svarer til de gamle kirkesoknene. Det er ingen ny tanke. Den er faktisk allerede satt ut i livet – av en offentlig etat som bærer navnet Arkivverket.

Den løsningen Arkivverket har foretatt på sin nettside Digitalarkivet, er å inndele de geografiske søkemulighetene etter slik fylkes- og kommunestrukturen var i 1947.

Fastfrysingen er valgt slik, for ifølge Digitalarkivet er 1947 det året Norge hadde flest kommuner, og det gir en veldig finmasket inndeling. Det er en løsning som ellers samsvarer ganske godt med verket *Norske Gaardnavne* av O. Rygh og organiseringen av Stadnamarkivet. All honnør til Arkivverket for dette framsynte tiltaket!

Bør ikke flere instanser følge etter Arkivverket her? For hvis mange nok slutter seg til denne fastfrysingen, blir endringer av kommunegrenser ikke lenger noe problem. Varteig og Kinsarvik får stabil eksistens. Nord-Varanger blir like virkelig som Sør-Varanger. Om politikerne lar Bindal bli overført fra Nordland til Trøndelag og etter ett år tilbake til Nordland igjen, for et halvt år seinere å splitte Bindal i to der en del går over til Trøndelag, så gjør det ingen ting! Så sant et passelig finmasket system med stabile områdenavn er på plass, er det bare for politikerne kjøre på med administrative grenseendringer så ofte og så mye de bare orker. Områdenavnenes referanser, dem vi har bruk for og bruker, ligger

fullstendig fast. Det tiltaket Arkivverket har gjennomført for sin egen del, er så interessant at det bør følges opp av andre. Spørsmålet bør behandles i Språkrådet, og slik at antatt interesserte offentlige og private organisasjoner får et ord med i laget. Det er selvsagt nødvendig at Kartverket koples inn, og at denne etaten utarbeider og distribuerer et kart med kommunenavn og grenser anno 1947. Arkivverket har allerede ryddet grunnen. Nå er det bare for andre å slutte seg til.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

RETT SKAL VERA RETT

I *Veneskrift til Botolv Helleland* (Larsen og Schmidt 2010) skreiv underteikna om mikrotoponym på matrikkelgarden Nedreli, gardsnummer 191, bruksnummer 1 i Jostedal (no i Luster kommune) i Sogn og Fjordane, i det historiske Bergenhus, som myndigheitene i all si makt og velde no har bestemt skal heita Vestland fylke. (Sukk!)

I artikkelen påstod eg at stadnamnet *Pengeholten* kunne ha fått namnet fordi det hadde vore spelt om pengar der (Nedrelid 2010: 67). Det var sjølvsagt ikkje rett. «Slikt dreiv ikkje gardingane med!» har eg fått høyra, og det trudde eigentleg ikkje eg heller. Derfor var eg ogso i tvil og anfekting då eg skreiv det eg skreiv, i 2010.

Seinare har eg fått ei betre forklaring, nemleg at det eigentleg var *pengegras-holten*. Forklaringi er i tradisjonen etter Gjertrud Sperle, f. Nedrelid (1904–1997), og dette er utan tvil rett. Gjertrud visste kva ho snakka om, og forklaringi gjev god meining både reelt og språkleg.

Det voks (og veks) mykje pengegras (*Rhinanthus minor*) rundt den vesle sva-holten. Planten har vore brukt i barneleik frå gamalt av, og langt opp i etterkrigs-tidi. «Småengkall (*Rhinanthus minor*) er en av de plantene barn har visst å sette pris på. Om man klemmer på de modne kapslene, spretter frøene ut. I barnelek kom de til nytte som mynter – derav navnet pengegress» (Alm og Elverland: 2007: 7). Denne leiken har eg sjølv vore med på i barndomen.

Bortfall midt i samansette ord er ikkje uvanleg når fyrste samansetningsledd sjølv ei samansetjing «men bare forleddet (av forleddet) står igjen i den nye sammensetningen» (Faarlund o.fl. 1997: 135).

Litteratur:

- Alm, Torbjørn og Elverland, Ellen, 2007: Barnelek med planter – med røtter i en fjern fortid? I: *Ottar. Populærvitenskapelig tidsskrift fra Tromsø Museum – Universitetsmuseet*, nr 266 (3–10).
- Faarlund, Jan Terje, o.fl. 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Larsen, Terje og Schmidt, Tom (red.), 2010: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Oslo, Novus.
- Nedrelid, Gudlaug, 2010: *Durdeirumpa, Hovudbrotet og andre teignamn i Gardsgrendi*. I: Larsen, T. & Schmidt, T. (red.): *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010* (59–71). Oslo, Novus.

Gudlaug Nedrelid
gudlaug.nedrelid@uia.no

SAMISKE STADNAMN MEIR TILGJENGELEGE PÅ NETT

Med opptil fire ulike bøyingsformer er det ikkje sjølvsagt at du hamnar på riktig stad når du søker på samiske stadnamn på internett. No har Nasjonalbiblioteket, Wikimedia Norge og Giellatekno ved Universitetet i Tromsø gått saman for å rette på dette.

I motsetting til på norsk kan samiske stadnamn stavast ulikt, alt etter kva plass og funksjon dei har i setninga. Staden Tana kan for eksempel heite både *Deatnu*, *Deanu*, *Deanus* og *Detnui*. Dette har vore ei utfordring for Kartverket og andre som skal legge til rette for søk på stadnamn på internett.

Stadnamn er ein viktig del av den samiske kulturarven. Dei kan til dømes innehalde informasjon om slekter og personar som er knytt til stadane. Vi vonar at det arbeidet vi no gjer, skal vere med på å sikre at desse namna får fortsette å leve i det samiske språket, seier seniorrådgjevar Jon Arild Olsen ved Nasjonalbiblioteket.

I det nye samarbeidsprosjektet vil Giellatekno produsere lister med alle former av samiske stadnamn som deretter blir gjort tilgjengelege i Wikidata (Wikipedia) og i Nasjonalbibliotekets språkbank. Når desse listene blir implementerte, vil ein kunne søke på alle former av eit namn og få treff på riktig geografisk stad.

Statens kartverk er svært positive til prosjektet.

– Vi tykkjer det er viktig med auka tilgjengelegheit av samiske stadnamn, både frå Sentralt stadnamnregister (SSR) og andre kjelder. Dette vil føre til auka kjennskap til og bruk av desse namna, seier Kjetil Ringen, systemansvarlig for SSR.

For meir informasjon, kontakt: Seniorrådgjevar Jon Arild Olsen, e-post: jon.olsen@nb.no

(e-post frå Nasjonalbiblioteket 15.10.2020)

HENGSAÅSEN NATURRESERVAT ENDRET TIL PRINSESSEÅSEN NATURRESERVAT

Greit, kritikkverdig eller lovstridig?

Nammebytte fra *Hengsåsen naturreservat* til *Prinsesseåsen naturreservat* – er det greit, kritikkverdig eller også lovstridig?

Regjeringen vedtok den 30.8.2019 i en kgl.res. i anledning prinsesse Ingrid Alexandras konfirmasjon å endre navnet på et naturreservat på Bygdøy i Oslo fra *Hengsåsen* til *Prinsesseåsen*. Namneendringen er oppført i en fortegnelse fra Slottet over offisielle gaver.

Saka reiser flere spørsmål. Det sentrale rettslige spørsmålet er om resolusjonen på en aller annen måte var lovstridig, eller om det var et vedtak som det ikke hefter noen rettslige mangler ved. Toten dialekt og mållag og Norsk namnevern, som er en videreføring av Aksjonsgruppa for korrekt bruk av stedsnamn i Overhalla, konkluderte med at det var rettslige mangler ved vedtaket. Omgjøringsbegjæring ble sendt herfra til Klima- og miljødepartementet (KLD) den 20.7. d.å. på vegne av de to nevnte.

Det ble i brevet hevdet at saka strir mot enkelte bestemmelser både i naturmangfoldsloven, forvaltningsloven og stadnamnlova. Det er forholdet til stadnamnlova som har særlig interesse i denne forbindelse, jf § 1 3. ledd som bestemmer at «Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn» (uthevet her).

Denne bestemmelsen må ses på bakgrunn av § 1 1. og 2. ledd som lyder: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna. Lova skal sikre omsynet til norske, samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.» (u.h.)

Vi anførte at § 1 3. ledd bl.a. gjelder når verneområder skal namngis ved at en må bruke stedets eller områdets namn. I dette tilfelle vil det si *Hengsåsen*. Det er således ikke adgang til å skifte ut dette namnet med et annet. I tillegg hevdet vi at vedtaket bryter med stadnamnlova § 3 som omhandler namnevern. Etter vårt syn er *Hengsåsen* et nedarva namn, jf § 3 som lyder: «Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom det ikkje er i bruk som verna etternamn, ikkje er eit særeige namn og heller ikkje må vernast av andre grunnar. Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som er på same språk, og som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.»

Den 20.ds. mottok vi svarbrev fra Klima- og miljødepartementet hvor det konkluderes med at resolusjonen ikke er kritikkverdig.

Vi er ikke enig i at det ikke foreligger brudd på stadnamnlova. Sivilombudsmannsloven § 4 2.ledd bokstav b) bestemmer at «avgjørelser truffet i statsråd» ikke omfattes av ombudsmannens arbeidsområde. Det betyr at ei slik sak ikke kan klages inn for ombudsmannen. Eneste mulige rettslige angrepsmåte er derfor domstolene.

I beste fall reiser vedtaket tvil om det ligger innenfor loven. I så fall foreligger det to rettslige alternativ ved enten å stevne staten ved KLD for Oslo tingrett eller å ikke foreta seg noe. Vi mener at alle gode krefter, også Norsk namnelag, bør gå sammen om ev. saksanlegg. Noregs Mållag kan også være en samarbeidspartner i ei slik sak.

Brynjar Mørkved
morkved@advbm.no

BOKOMTALAR

BUSTADNAMN I ØSTFOLD – TRØGSTAD

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 18. *Trøgstad*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2019. 514 sider. Kartvedlegg *Trøgstad* 1:50 000.

Serien *Bustadnavn i Østfold* (BØ) er i ferd med å bli eit storverk i norsk namnegransking. Karakteristikken gjeld både omfang og fagleg kvalitet. No nærmar verket seg målstreken med stø kurs. Det første bindet (Hobøl kommune) kom i 1994. Til saman vil serien få 20 bind. Tom Schmidt har hittil redigert 13 bind og Margit Harsson seks. Begge har gjort ein stor og framifrå jobb. I tillegg til å redigere har dei skrive grundige kommentarar til svært mange namn. Dei burde ha stått som medforfattarar.

Kåre Hoels mangeårige innsamlingsarbeid i Østfold starta i 1950 og fekk økonomisk støtte frå Noregs allmennvitskapelege forskingsråd. Bra var det, men forskingsrådet ville nok svært neppe ha gjeve pengar til føremålet i dag. Planen for prosjektet var å revidere og utvide Østfold-bindet av Ryghs *Norske Gaardnavne*. I det nye verket er derfor *plassnamn* og *bruksnamn* komme med. Det vil seie namn på husmannsplassar og sjølveigarbruk, som har vorte utskilt frå opphavsgarden.

Dette attande bindet femner om Trøgstad kommune (no del av Indre Østfold) med dei to sokna Trøgstad og Båstad. Eit godt kart (1:50 000) fylgjer med som laust vedlegg til boka. Utgjevinga har fått pengestøtte frå Trøgstad kommune og Trøgstad næringsfond. Eg veit ikkje kor mykje, men det er oppløftande å sjå at det finst kommunar, som har sans for denne viktige delen av kulturarven. Eg skulle gjerne visst kor mange bøker som blir kjøpt av interesserte «folk flest» i bygda.

Som ein kunne vente, er det mykje gammal gardsbusetnad i bygda, men av uviss grunn er *Løken* (< *Leikvin*) og *Skjennum* dei einaste sikre døma på *vin-* og *heim-*namn. *Trandum* er også samansett med norrønt *heimr* ‘gard, bustad’, men er «sannsynligvis» (Schmidt) ei oppkalling etter landskapsnamnet *Trondheim* (Trøndelag). Oluf Rygh meinte likeins, men som Schmidt (s. 276) seier: «Flere forklaringer kan tenkes».

12 gardsnamn i Trøgstad inneheld det norrøne namneleddet *-staðir* (no *-stad*). Ordet (som i denne samanhengen tyder ‘gard, bustad’) må derfor ha vore popu-

lært i ein periode med mykje garddrydding. Dei fleste *stad*-gardane skriv seg sannsynlegvis frå vikingtida (800–1000). To gardsnamn på *-stad* i bygda har vorte *soknenamn*. Det gjeld *Båstad* og den gamle prestegarden *Trøgstad*. Førsteledda i desse namna er vridne å tolke. For Trøgstad føreslår Oluf Rygh norrønt *Þrjúgr* (eit tilnamn) og personnamnet *Þryrekr*, men trur ikkje på tolkinga sjølv. Tom Schmidt meiner derimot at tilnamnet «kan forsvaras». For Båstad legg Schmidt fram ei ny og spennande tolking: **Boð(s)staðir*, samansett med *boð* n. i tydinga gjestebod. Dette meiner han kan fortelje at garden har vore ein kultstad i heiden tid.

I så fall kan Båstad under tvil kallast eit *sakralt* namn, som fortel om førkristen gudsdyrking. Sikkert sakralt opphav har derimot gardsnamnet *Tose*. Garden eksisterer ikkje lenger, men namnet lever i grendenamnet *Tosebygda*. Gardsnamnet *Tose* finst også i Borge. Gamle skriftformer viser at opphavet må vera norrønt *Þórshof*, som minner om ein kultstad (eit hov) for guden Tor. Eit like sikkert minne om heiden religiøs praksis er *Frøshov* der guden Frøy har vore dyrka. Usikrare opphav har landskapsnamnet *Frøland*, som tilsvara Trøgstad og Askim. Førsteleddet har vorte mykje diskutert. I *BØ 6* (Askim) drøftar Margit Harsson namnet grundig og kjem til at det truleg inneheld eit elles ukjent adjektiv norrønt **freyr* ‘fruktbar’. Schmidt (s. 392) konkluderer forsiktig at «det ukjente adjektivet **freyr* er vanskelig å begrunne, mens Ryghs forklaring, gudenavnet *Freyr* eller gudinnenavnet *Freyja*, formelt sett er uproblematisk.» Den svenske namnegranskaren Lennart Elmevik meiner derimot at gudinnenamnet *Freyja* ikkje finst verken i norske eller svenske stadnamn. Den siste som har skrive om namnet *Frøland* er Harald Bjorvand i *Namn og nemne* 2019.

Plassnamna inneheld ikkje så mange språkgåter som dei eldste gardsnamna, men også her finst mange interessante namn. Også dei litt småkuriøse som *Allergodt* (nedsettande tyding), *Kastellet* (humoristisk samanlikning) og *Fuglesangen* (rosande?) har noko å fortelje. Ein grundig studie av norske plassnamn kunne nok gi ny ordgeografisk kunnskap. Men her finst snubletrådar å passe seg for. Sisteledet *eie* n. som finst i fleire plassnamn i Trøgstad og elles på Austlandet har, som Kåre Hoel viser, ikkje opphav i folkemålet, men er nedfallsfrukt frå prestens skrivebord.

Trossavika (s. 302) er eit opphavleg naturnamn som har vorte plassnamn. Det finst også i Asker, men utgjevaren har nok ikkje visst at det er kjent i Trøndelag. Førsteledet er *tros* n. ‘kvas, kvist’, men i registeret over «Topografiske ord» (s. 395 ff.) er ikkje ordet oppført. Slike glippar skjer i dei beste familiar og er tilgjeveleg.

Når ein les bøkene i serien *Bustadnavn i Østfold*, sitt ein igjen med eit ambisiøst og sikkert kostbart ønske: At alle norske fylke måtte bli velsigna med eit tilsvarande bokverk. Blir det for dyrt? Svenskane er godt i gang med liknande seriar. Er dei så mykje rikare enn oss oljekaksane?

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hotmail.com

BUSTADNAMN I ØSTFOLD – EIDSBERG

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 19. *Eidsberg*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2020. 712 sider. Kartvedlegg Eidsberg 1 : 60 000.

Band 19 i serien *Bustadnavn i Østfold* omfattar alle bustadnamn i Eidsberg herad med Eidsberg, Trømborg og Hærland sokn, som så seint som i 2020 vart slege saman med fire andre kommunar til ein storkommune med namnet Indre Østfold. Me nærmar oss sluttsteinen for denne bokserien som er eit fagleg og økonomisk krafttak i norsk stadnamngransking, siste bandet (Rakkestad) er under redigering og kjem etter planen i 2021. Dette bandet slår hittil alle i omfang, ikkje fordi einskildnamn treng lengre artiklar enn vanleg, men rett og slett fordi namneutvalet er rekordhøgt, heile 2100 namn på gardar, bruk, husmannsplassar og nyare bustadhus og villaer. Til samanlikning fyller Eidsberg i *Smaalenenes Amt av Norske Gaardnavne* (1897) berre 33 sider med ca. 300 namn. Den tre siders artikkelen om *Kviller* i Hærland med skriftformer frå 1500-talet er blant dei lengste. Her konkluderte Rygh med ukjend tyding, men utgjevaren Tom Schmidt viser til svenske forskarar og tilsvarande namn i Sverige og stør teorien om eit elles ukjent ord for ‘forgreining’ i eit vassdrag.

Kåre Hoel følgjer Ryghs hovudtolking av *Eidsberg* med eit *eid* om overfartsstaden over til Øyeren. Rygh får òg medhald i at førsteleddet i *Trømborg* inneheld ei form av verbet *trega* i eit tilnamn ‘tregeleg, sørgjeleg’, likeins at *Hærland* har bakgrunn i norrønt *hár* ‘grå’ i eit elvenamn.

I omtalen av namnet på kommunesenteret Mysen stiller Hoel seg tvilande til eit opphav i norrønt *mosi* ‘mose’ slik Rygh føreslår, og argumenterer for eit lydord i slekt med *mus(s)e* ‘kviskra’. I samansette namn får *Mysen* ei anna form som

i *Mysibråten* og *Mysihagan*, eit vitnemål om at dagens uttale av *Mysen* er av nyare dato. På Mysen ligg garden *Mona* med den kjende Momarken. *Mona* er dativ fleirtal av *mónum* og går attende på norrønt *mór* ‘mo, sandmo’.

At stadnamngransking er ein krevjande vitskap, kan det ikkje rå tvil om. Ein ting er at mange namn er vanskelege å forklara språkleg, som *Fykerud*, *Kjøtta*, *Tattafin*, *Tappalapp* og *Trara*, men det kan også vera krunglete å avklara kva som måtte liggja bak ei namngjeving, som *Søpler* (av *søppel*?) og *Skartno* (*Skarpsno*). Dei fleste oppkallingsnamna liknar på originalen, som *Sululand* (*Zululand*), *Spaniland* (*Spania*) og *Muskau* (*Moskva*), men den konkrete bakgrunnen for namngjevinga manglar ofte i kjeldene.

Det frodige namnelandskapet i Østfold speglar seg òg av i dette bandet. Her finn me imperativnamn som *Tittut*, *Holtopp* (*Holdopp*) og *Feiopp*, namn knytte til religion som *Ninive*, *Himmerike* og *Helvete*, namn frå kroppsdelar (*Rova*, *Rumpa*), kroppsfunksjonar (*Fjert*, *Dritulia*) og slitet for føda (*Svelta*, *Jammerdalen*). Variasjonsbreidda trumfar både sømd og skikk, innimellom med namn som knapt kan ytrast i det offentlege rom.

Ugjennomsiktige og forklaringskrevjande namn finst sjølv sagt også i dette bandet. Sidan *Skukustad* i Trømborg er belagt så tidleg som 1401 med ein *l* i fyrste leddet, vil Rygh og Hoel knyta det til eit mannsnamn, men Schmidt meiner at det like gjerne kan vera det norrøne ordet for *skåk*, jf. namn med *Skokle-*, her om ei uteng eller slåtte. *Skjør* og *Tiljaskjør* i Eidsberg har òg tidlege belegg frå 1400-talet, truleg med opphav i eit ord for ‘stang, stokk’ om eit framskytande høgdedrag eller nes. Første leddet i *Tiljaskjør* er norrønt *þil* ‘bordvegg, bordkledning’ i ei tid då slik kledning ikkje var vanleg.

Som vanleg finn me praktiske register til raske oppslag og ei fyldig liste over topografiske ord med tyding og varierte kommentarar. Kwart band fungerer som ei sjølvstendig eining der lesaren kan finna fram utan støtte i dei andre banda i serien. Teksten er rimeleg lett tilgjengeleg også for lesarar utanfor fagmiljøet, med nokre unntak der etymologien krev krunglete resonnement.

Per Hovdas kongstanke i 1949 då han søkte om statlege midlar til ein revisjon av *Norske Gaardnavne*, var at heile landet skulle vera med, men slik vert det nok ikkje. Frå revisjonsarbeidet tok til i 1950 og fram til fyrste bandet kom i 1994, tok det heile 44 år. Frå og med band 2 *Skiptvet* i 1997 skaut utgjevingsserien fart. Ikkje minst band 19 vitnar om det svære arbeidet som ligg bak denne serien.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

FRÅ NORDVEGEN, ELLER KANSKJE SUNDLANDET, TIL MUMLETJØNN OG GNULDREHEI

Gøril Grov Sørdal: *Nomino. Historia om norske stadnamn*. Spartacus forlag, Oslo 2018. 327 sider.

Gøril Grov Sørdal: *Frå Mumletjønn til Gnuldrehei. Våre villaste og raraste stadnamn*. Spartacus forlag. Oslo 2019. 208 sider.

Som nemnt i førre nummeret av *Nytt om namn*, kom TV-serien *Nomino* om stadnamn (NRK 2016) ut i bokform i 2018 på Spartacus forlag. Boka er sterkt utvida i høve til TV-serien, for, som programleiar og forfattar Gøril Grov Sørdal seier i føreordet, TV-formatet gjev ikkje plass til alt, men i ei bok kan ein ta med mykje meir.

Boka, som ber namnet *Nomino. Historia om norske stadnamn* er delt inn i seksten kapittel som i hovudsak er ordna tematisk, men samstundes er kvart kapittel plassert innanfor ein tidsperiode: Det startar med «Noreg – det vesle landet som voks seg stort 880–1050», som blir fylgt av «Den nye guden – og dei gamle 930–1020». Andre kapittel dekkjer lengre periodar, som t.d. «Kjellsgropa, Gudbrandsdalen og Møhlenpris. Slik hamna dei på noregskartet 1021–2015» (kapittel 3) og det siste kapittelet «Noreg i tiss, bæsje og promp. Til alle tider». I tillegg har boka faktaboksar, notar, register, litteratur- og kjeldeliste og ei rekkje fine bilete.

I føreordet reflekterer forfattaren over kvifor stadnamna er så viktige for oss. Ein grunn kan vera at vi trur stadnamna er evige. Mykje kan endra seg med heimstaden vår, men ikkje *namnet*. Staden *blir* namnet, akkurat som vi sjølve *blir* namnet vi har fått.

Men, som vi veit, seier ho, slik er det ikkje. Stadnamna endrar seg, slik verda endrar seg. Difor er stadnamna med på å spegla historia vår, både dei store hendingane og dei små. «Stadnamna viser kven me er, og kven me ein gong var. Dei er brutalt ærlege og fortel at me er både forfengelege og audmjuke, sta og milde, sårbare og knallharde, kreative og pragmatiske, valdelege og vare. Me er ein fin og rar gjeng.»

Det er dette historiske aspektet som er den raude tråden i boka. Vi får høyra om kristne og heidne stadnamn, tolkinga av landsnamnet Noreg – tyder det forresten «nordvegen» eller «sundlandet?» – arven etter hanseatane og konflikttane om namnebyta Kristiania/Oslo og Trondhjem/Nidaros/Trondheim. «Frå

nasjonalromantikk til sjølvstende», som er overskrifta på kapittel tolv, tek mellom anna for seg «superhiten» *Solbakken*. Før midten av 1800-talet kjenner vi berre til éin gard med dette namnet, *Soelback* i Hemnes, Nordland. No er det registrert om lag 11 000 *Solbakken* i matrikkelarkivet til Kartverket. Innlånte utanlandske stadnamn, som *St. Helena*, *Prøysen* og *Malakoff*, er vigde eit kapittel, og det same er norske namn i Nord-Amerika.

I ei slik bok høyrer sjølv sagt samiske – og kvenske – namn med, og Sjørdal seier i føreordet at ho vart overraska då ho oppdaga at samiske namn finst heilt sør til Hedmark og Trollheimen. Men ho legg til at dette eigentleg ikkje er merkeleg, fordi det lenge var offisiell politikk å fortregja det samiske. Den demokratiske utviklinga og nasjonalismen som voks fram på 1800-talet var ikkje berre frigjerande, men også ekskluderande og undertrykkjande overfor minoritetar som samar og kvener.

Som nemnt ovanfor, er overskrifta på det siste kapittelet *Noreg i bæs, tiss og promp*. Her er det namn som *Svartfitta*, *Trollpikken*, *Latræva* og *Rompeporten* som er emne. Slike «vulgære» namn og andre raritetar har Sjørdal samla i boka *Frå Mumletjønn til Gnuldrehei*, som kom i 2019. Om føremålet seier ho: «eg vil du skal oppdage at stadnamna våre kan vere rasande artige!» Også denne boka har seksten kapittel i hovudsak ordna tematisk. Dessutan er det eit kapittel med kviss og fasit og ei litteratur- og kjeldeliste.

Eg skal nemna nokre smakebitar, og då kan det vera naturleg å starta med det fyrste kapittelet, som nettopp tek for seg «nammenam»-namn, som *Egget*, *Skinka*, *Loffmyra* og *Sjokoladebyen*. Men også dagstidsnamn som *Frokosttinden*, *Dugurdsnuten*, *Middagshaugen* og *Nonsfjellet* høyrer med her. Eit kapittel heiter «Kort og godt», og gjeld stutte namn, laga av ein lyd eller to. *Å*, *O*, *He*, *Sy* og *Øy* kan vera døme på slike. Motsett har vi lange namn, som Sjørdal meiner er reine tungegymnastikken: *Finnkongkeilnæringen*, *Ivar Springar-Gulbrandsheimen* og *Tissvassklumtjønnin*. «Tull- og Tøyserud» er overskrifta på ein bolc om rudnamn med tilsynelatande pussige førelekkar, som *Bollerud*, *Skrikerud* og *Stomperud*, men som oftast er tolkinga av slike namn nøktern og prosaisk. Namn som fell saman med nemningar på kroppsdelar er med: *Aksla*, *Tunga*, *Kinn* og *Albogen*. Her legg elles Sjørdal til at ikkje alle stadnamn tyder det ein skulle tru. Namna *Øyre* og *Øre* har ingenting med kroppsdelan å gjera, men kjem av norrønt *eyrr*, grusflate ved ein elveos.

Risør har fått sitt eige kapittel, «Rare Risør». Her finst det mange stadnamn av typen: *Der bikkja beit mannen*, *Trill tømmer i bekk*, *Der framme*, *Steinen som kom fra himmelen*. Omtalen av innlånte utanlandske stadnamn er sterkt utvida i

høve til framstillinga i *Nomino*, og det same gjeld imperativnamna, altså namn som *Tittut*, *Flyginn*, *Smettbak* og *Sjåfram*. Kapittelet om desse namna kallar ho «Dei strenge». Og refleksjonen i føreordet til *Nomino* om at namn ikkje varer evig, blir i *Frå Mumletjønn til Gnuldrehei* fylgt opp med ein bolc om namnebyte. Somme endringar har kome frå øvste hald, som då kong Fredrik IV døypte om *Hullet (Holet)* til *Kongsvold (Kongsvoll)*. Men dei fleste endringane har vore uformelle. Eit døme som Sjørdal nemner, er *Skjøten* i Alvdal. Denne staden heitte *Myrtrøa* fram til Rørosbanen vart bygd. Då var det to arbeidslag i sving, eitt kom frå nord og eitt frå sør. På småbruket *Myrtrøa* skøyte dei saman skjenene frå nord og sør, og sidan har staden heitt *Skjøten*.

Som eg nemnde ovanfor, har boka eit kvisskapittel. Her gjeld spørsmåla innbyggjarnamn, som kva kallar vi ein person frå Hyen? Frå Hidra? Frå Krødsherad? Ein artig vri, og her kan ein prøva seg. Eg trur mange vil ha vanskar med å greia alle.

Sjørdal understrekar i føreordet til *Nomino* at ho har fått god hjelp av kunnige fagfolk i språk og historie undervegs i arbeidet. Sjølv kallar ho seg ein *formidlar*, og etter mitt syn er ho ein framifrå formidlar. Ho skriv underhaldande, og krydrar framstillinga med historier, scener og dialogar. Dette gjeld begge bøkene, og slik greier ho å halda på lesaren. Sjølv sagt kan ein finna inkonsekvensar og anna å pirka på, men dette ser eg på som uvesentleg i denne samanhengen, og eg skal lata det liggja.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSK SPRÅKHISTORIE MED OPPDATERT INNFORING I NAMNEFAGET

Det andre bandet i det nye språkhistorieverket *Norsk språkhistorie* med undertittelen *Praksis* har ein vel hundre siders bolc om namn (s. 257–363). Framstillinga er delt i tre hovuddelar med underkapittel. Del 1 tek for seg namn som identifikasjonsmerke og kjelder, del 2 stadnamn og del 3 personnamn. Forfattarar er Inge Særheim, som har skriva del 1, del 2 og kapittelet om personnamn i førreformatorisk tid i del 3, og Kristoffer Kruken, som har teke for seg personnamn i etterreformatorisk tid.

I del 1 drøftar Særheim m.a. kva som særmerkjer ordklassen proprium og kva som skil proprium frå appellativ. Det blir gjort greie for forskingshistorie, tolkingsutfordringar og ikkje minst namn som identitetsmerke og stridsemne. Identitetskjensler knytte til namn, namneformer og namnebruk gjeld både ein-skildmennesket og kollektivet. Ved personnamn er eit uttrykk for dette *oppkalling* etter eldre familiemedlemmer, som skal visa tilhøyrse og slektsband, eit anna at somme endrar namnet sitt for å få betre samsvar med eigen identitet. Når det gjeld stadnamn, er «krangel» om skrivemåtar eit kjent fenomen. I Noreg har mange eit etternamn som går attende på eit gardsnamn, gjerne med ein skrivemåte frå 1600- eller 1700-talet, som *Wold*, og ikkje sjeldan er det eit ynske at gardsnamnet bør skrivast som etternamnet.

Stadnamndelen er delt i tre. Den fyrste delen tek for seg laging og bruk fram til ca. år 1000 e.Kr. Emne her er t.d. alderen til dei eldste naturnamna samanlikna med parallellar andre stader i Europa, avleiingar, gamle usamansette namn, kriterium for datering av gardsnamn, gardsnamnklassar og namn i vesterveg.

Den andre delen handlar om laging og bruk frå ca. år 1000 e.Kr. og fram til vår tid. I tillegg til å beskriva namnetypar, går Særheim her nærare inn på grammatiske særdrag, som bunden og ubunden form, tonelag, samansetjing og preposisjonsbruk. Fornorskinga av fylkesnamn, heradsnamn og bynamna tidleg på 1900-talet blir grundig beskrive, og det same blir utviklinga av normeringa av stadnamn.

Den siste stadnamndelen gjeld samiske og kvenske (finske) stadnamn, som finst i ein stor del av landet. Både samiske og kvenske namn har vore utsette for ein hardhendt fornorskingsprosess. Denne haldninga har endra seg når det gjeld offisiell namnebruk på kart og vegskilt, og ein kan no sjå vegskilt med både eit norsk og eit samisk namn, ja, også med eit kvensk namn i tillegg. Det har likevel hendt at vegskilt med samiske og kvenske namneformer har vorte utsette for hærverk.

Bolken om personnamn er delt i to hovuddelar, personnamn i førreformatorisk tid og personnamn i etterreformatorisk tid. Den førreformatoriske tida er igjen delt i førhistorisk tid og vikingtid og mellomalderen. Kjelder er fyrst og fremst runeinnskrifter, og runeinnskrifter til og med 600-talet syner over 30 ulike personnamn frå Noreg. Om lag 25 % er toledda, og berre 15 % har feminin form. For fleire av namna er det språklege innhaldet uvisst. Runeinnskrifter frå Noreg som er daterte til vikingtida, inneheld meir enn 100 ulike mannsnamn og 13 kvinnenamn. Dei eldste personnamna syner at visse ord eller namneledd er nytta i fleire namn, det kan vera usamansett eller som føre- og/eller etterledd i saman-

sette namn. Også *Landnámabók* blir sett på som ei viktig kjelde for namnebruk i vikingtid og tidleg kristen tid.

I mellomalderen førte kontakten med kristen kultur og innføringa av kristendommen til at nye namn vart kjende, og mange av dei utvikla særnordiske former, som *Pål* av *Paulus* og *Jon* av *Johannes*. Også frå gresk og latin kom det inn nye personnamn, og i seinmellomalderen vart tyske namn vanlege gjennom hanseatane i Bergen.

I etterreformatorisk tid blir kjeldetilgangen betre. Fram til midten av 1600-talet er skattemanntala viktigast, men fordi det var mannen som var ansvarleg for skatten, er det langt fleire mannsnamn enn kvinnenamn i slike lister. Reine manntal utan skatteformål kom i 1660-åra, men berre menn og gutar vart registrerte. Det var fyrst med folketeljinga 1801 at alle personar av begge kjønn vart systematisk registrerte med namn, alder, sivilstand og yrke. Denne folketeljinga vart tidleg digitalisert, og er mykje brukt i norsk personnamngransking. Frå då blir folketeljingar saman med kyrkjebøker dei viktigaste kjeldene. Dei eldste kyrkjebøkene er frå midten av 1600-talet, og frå ca. 1815 får kyrkjebøkene faste spalter for kvar handling, som gjer dei meir oversiktlege.

I dag er kyrkjebøkene framleis den beste kjelda for nærstudium av namn både geografisk og kronologisk, men personvernet gjer at dåpslistene ikkje er tilgjengelege for innsyn frå ca. 1930 og framover. For nyare namnemateriale må ein gå til namnearkivet til Statistisk sentralbyrå.

Når det gjeld namnebruk i etterreformatorisk tid, syner granskingar at tyske og bibelske namn blir meir vanlege fram mot 1800. Dette held fram på 1800-talet, som Kruken kallar den mest kreative bolken i norsk namnehistorie. I tillegg er namnegjevinga i dette hundreåret prega av nylaga namn, dobbelnamn, slektsnamn brukte som fornamn og det som er kalla den nordiske namnerenessansen, som innebar ei aukande interesse og fornya bruk av nordiske namn. Dette gjeld elles heile Skandinavia

Etter 1900 held framgangen for nordiske namn fram til 1930-åra for kvinner og 1950-åra for menn for så å stagnera eller gå tilbake. I 2010 har t.d. 20 % av mennene og 14 % av kvinnene nordiske namn. Dei tyske namna går sterkt tilbake, medan namn frå den anglo-amerikanske kulturen blir meir dominerande etter siste verdskrigen.

I dag gjer auka kontakt over landegrensar og språkgrensar at namnebruken blir endå meir internasjonal. Dette syner seg også i gjeldande lov om personnamn, som kom i 2003 og som tek utførleg omsyn til namnebruk og namnetradisjonar i

andre kulturar. Ho blir praktisert svært liberalt, og mange vedtak har møtt sterk kritikk.

Inge Særheim og Kristoffer Kruken har gjeve oss ei velskriven framstilling av norsk namnegransking med oppdaterte litteraturtilvisingar og namnestatistikkar.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

FRÅ JORDAN TIL JØSSE (JOHANNES)

Sveriges medeltida personnamn. Häfte 17. Jordan-Iøøs. Institutet för språk och folkminnen, Uppsala. Exakta Print AB 2016. 159 spalter.

I hefte 17 i serien om personnamn frå mellomalderen i Sverige tek eit par mannsnamn største plassen: *Iønis* og *Jøsse* med variantar av *Johannes* fyller 74 spalter og *Jeppe* med variantar av *Jakob* 17 spalter. Ingen av dei er nemnande utbreidde i Noreg. Medan *Iønis* er eit av dei aller vanlegaste i svensk mellomalder, har det ikkje oppslag i *Norsk personnamnleksikon* (NPL), heller ikkje *Jøsse*, og i NPL heiter det at *Jeppe* var svært lite brukt i eldre tid. Av desse variantane er berre *Jeppe* brukt i Sverige i dag med 90 berarar i 2019, mot heile 11 000 i Danmark.

Ei firespalters liste med førekomstar av *Jørund* står i kontrast til dagens namnebruk i Sverige med ingen førekomst etter namnestatistikken, mot over 500 her i landet. Kvinnenamnet *Jorun(n)* derimot med liten frekvens i svensk mellomalder har i dag godt over 300 berarar, mot over 12 000 i Noreg, eit godt vitnemål om at mellomaldernamnet har ein norsk bakgrunn.

Andre namn med belegg og forklaring i dette vesle heftet er m.a. *Jordan* (etter elvenamnet), *Josef*, *Jost* (frå tysk), *Isak*, *Isar* (uvisst opphav), *Isarnus* (germansk), *Isbrand* (germansk), *Isløg* (nordisk variasjonsnamn), *Israel*, *Judit* (bibelsk), *Juliana* (helgennamn), *Jute* (nordisk), *Ivan* (keltisk), *Ivar*, *Jærian* (*Yrjan*, *Ørian*, helgennamn). Frå eit allment perspektiv har forklaringane størst interesse med kortformulerte kommentarar til etymologi, opphav og utbreiing.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

FORUNDERLIGE STEDSNAVN

Lars Ole Klavestad: *Fra Fredagshølet il Isegran. Historiene om de mest forunderlige stedsnavnene i Fredrikstad, Hvaler og Råde*. Gyldenstjerne forlag AS, Fredrikstad 2016. 562 sider, illustrert. ISBN 978-82-92159-31-6.

Generelt

Dette er ei imponerende bok som med bilder og tekst til sammen utgjør 564 sider. Forfatteren sier i «Forord» bl.a. at: «Hovedhensikten med boka er å skape en allmenn interesse for stedsnavnene våre». Han vil videre «[...] få med kulturhistorien som knytter seg til navnene, samt [...] få fram hvordan navnene kan forklares språklig».

Boka er delt inn i 6 deler. Del 1 og 2 er innholdsfortegnelse og innledning. Del 3 bærer tittelen «De forunderlige stedsnavnene» og utgjør hoveddelen av boka (side 41–499). Overskriften referer til innledningen ved det at: «Boka tar først og fremst for seg alle kuriositetene som finnes blant stedsnavnene våre». Del 4 har tittelen «Bygder, tettsteder, lokalsamfunn og bydeler». Del 5 er kilder, og del 6 består av et register over lokale navn (ca. 2600 oppslag), navn utenfor området (ca. 600 navn) og personregister. Alle har sidehenvisninger til der den enkelte oppføringa er omtalt.

Navn, navnetyper og historie

Klavestad gjør i innledningen kort greie for ulike navnegrupper av bostedsnavn. Gårdsnavna er behandlet i andre verk, og tas ikke spesielt opp, men han nevner alder, og hvordan navn på ulike måter kan oppstå i det han trekker inn diverse eksempler. Klavestad har ellers en illustrerende oversikt over ulike navn og navnetyper. Særlig er forholdet mellom de gamle navna på bygninger og gater interessant å se i kontrast til nyere navn og navnebytte på boligområder, f.eks. at «Gresvik-brygga» byttes ut med navnet «Brygga Panorama» (side 39).

De to første delene går mye på systematikken, kildene og eksempler på hvordan navn kan ha, og har, oppstått. Det sistnevnte blir imidlertid utdypet langt grundigere i kapittel 3. I del 4 forklarer han navn på bygder, tettsteder, lokalsamfunn og bydeler.

Hovedkapittelet «De forunderlige stedsnavnene»

Her har Klavestad en gjennomgang av et stort antall mer lokale stedsnavn (ca. 180 overskrifter og noen med flere navn). Forfatteren bruker en form for ingress

før han setter navnet inn i en historisk og kulturell sammenheng. Der det er aktuelt, trekker han også inn språklige forklaringer, gjerne også knytta til historiske kilder, f.eks. bydelen i Fredrikstad med navn etter kommandant Cicignon fra Luxemburg.

Forfatteren har ved bostedsnavn innhenta detaljert kildekunnskap om personer og livsgrunnlag. I tillegg til omtale av navnet har han ofte detaljert kunnskap om lokaliteten og de enkelte personen som bor og har bodd på stedet. Dette illustrerer han ofte med flotte bilder, gamle og nye, av bygninger, landskap og enkeltlokalteter. Dette er en dokumentasjon som vil være verdifull for framtida.

Stedsnavna er i hovedsak redigert alfabetisk. Men i omtalen og tolkingene av navna trekker Klavestad også inn en mengde navn på nærliggende lokaliteter, eller tilsvarende navn andre steder. På denne måten underbygger han forklaringene på navna. Han trekker også inn lokalhistorie (f.eks. *Linna* og *Gunilla*, side 276), regional- og til tider også nasjonal historie (f.eks. *Tordenskioldbukta*, side 433 f.).

Vurdering og oppsummering

Hovedinntrykket er at dette er ei grundig og godt gjennomarbeidet bok som har en mengde lokale historie(r) og fortellinger, ispedd historiske og lokalhistoriske opplysninger. Boka favner derfor noe videre enn ei rein stedsnavnbok.

Når navn forklares med opphav i sagn (f.eks. Haborn og Signely, side 180 f.), illustrerer det nok mer folketru enn at det er ei god forklaring på navnet. På det språklige området synes det umiddelbart som om spranget fra *Belvedere* til *Balber* (side 49 f.) er noe langt.

Ifølge forfatteren er navna skrevet i normalisert form, men i en språkdrakt som ligger opp mot uttalen. Fra en vitenskapelig synsvinkel ville det vært en fordel med en grundigere beskrivelse av uttale og tonelag i flere sammenhenger.

Styrken til boka ligger først og fremst i det store materialet og den grundige historiske gjennomgangen av navna. Den store mengden med terrengbeskrivende ord er godbiter for språkinteresserte folk. En styrke er også det gode bildematerialet. Tittelen *Fra Fredagshølet til Isegran* oppsummerer godt det forfatteren vil formidle, nemlig forklaring på stedsnavn som er i bruk og spenner over en lang tidsepoke.

Erik Johs. Vintermyr
erikvint@online.no

OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

DOBBELTNAMN BLANT UNGDOM I HORDALAND

Marianne Senneseth: *Bruk av dobbeltnavn blant hordalandsungdom mellom 16 og 19 år*. Mastergradsoppgave i nordisk. NOLISP350. Universitetet i Bergen, våren 2018. 135 s. (inkl. vedlegg).

Kor vanleg er det at heile fornamnet er brukt som tiltalenamn, t.d. *Ida Marie*, om ho har dobbeltnamnet *Ida Marie*. Er det meir vanleg at berre det fyrste fornamnet er brukt som tiltalenamn i slike tilfelle, t.d. *Stian*, om guten har dobbeltnamnet *Stian Aleksander*? Og kor ofte førekjem det at berre det andre fornamnet er tiltalenamnet, t.d. *Pernille* i *Anne Pernille*?

Dette er noko av det som Marianne Senneseth tek opp i masteroppgåva si. Bruken av dobbeltnamn er også undersøkt i andre hovud- og masteroppgåver, og dessutan ligg det føre to artiklar som begge er publisert i *Studia anthroponymica Scandinavica* – den eine frå 1999 (Gulbrand Alhaug) og den andre frå 2001 (Kristoffer Kruken). Desse to artiklane viser bl.a. at bruken av tiltalenamn varierer geografisk. Såleis er det meir vanleg i Leksvik (Trøndelag) enn i Troms at berre det andre fornamnet i dobbeltnamn er brukt som tiltalenamn.

Senneseth har bakgrunn som lærar ved ein vidaregåande skole i Hordaland, og kvar gong skoleåret starta, praktiserte ho å lesa opp namna på dei nye elevane. Da la ho merke til at nokre av elevane reagerte på å bli presentert med dobbeltnamnet – ja, enkelte med «tydelig ubehag». Det var kanskje denne observasjonen som gjorde Senneseth nyfiken og lysten på å undersøke emnet dobbeltnamn nærare – fyrst i ei semesteroppgåve, deretter i masteroppgåva.

Det aller meste av oppgåva hennar baserer seg på ein analyse av resultat frå eit spørjeskjema som ho hadde sendt ut til elevar mellom 16 og 19 år. Ho fekk 322 svar, og med eit så stort materiale er det mogleg å trekke forholdsvis sikre konklusjonar. Dette står da i motsetning til den andre intervjuundersøkinga hennar som berre bygger på svar frå 11 mødrer (mødrer som har barn med dobbeltnamn). Denne delen utgjør ein liten del av oppgåva (s. 45–47 og s. 92–99), og som ho sjølv er inne på, er det ikkje mogleg å trekke allmenne konklusjonar på grunnlag av svar frå så få respondentar.

I undersøkinga si har Senneseth naturleg nok lagt hovudvekta på tiltalenamn, dvs. det fornamnet, ev. dei fornamna, som namneberaren med dobbeltnamn blir tiltalt med. Men i tillegg har ho undersøkt kva for namn som namneberaren sjølv

har vald å presentere seg med – både munnleg og i uformelle skriftlege samanhengar.

Senneseth har lagt til grunn ei rekkje ulike synsvinklar på dobbeltnamna, bl.a. kjønn, by – land, oppkalling og lydlege trekk ved dobbeltnamna. I intervjuundersøkinga si har ho hatt mykje nytte av dataprogrammet SurveyXact som ho har funni godt eigna for undersøkingar med spørjeskjema. Ho har fått mange interessante resultat, og dei er presentert i heile 59 diagram. Det ville føre for langt å gjøra greie for alle resultatata hennar her.

Blant dei mest sentrale funna vil eg nemne at 20 % av elevane blir tiltalt med dobbeltnamnet sitt. Dette er atskilleg fleire enn gjennomsnittsprosenten i mi eiga undersøking for Troms (3 %), og den høgare prosenten hos Senneseth kan nok forklarast i eit diakront perspektiv: Mens hovudtyngda av namneberarane i materialet mitt er fødd før 1950, er elevane i Senneseths materiale fødd rundt år 2000. Også mitt eige materiale viser ein tendens til aukande bruk av dobbeltnamnet som tiltalenamn for dei som er fødd etter 1950. Elles kan det nemnast at bruken av dobbeltnamnet som tiltalenamn er meir vanleg på landet enn i byen i Hordaland.

Korleis ligg det så an med bruken av berre andrenamnet som tiltalenamn, t.d. *Aleksander* for den som har fått dobbeltnamnet *Stian Aleksander*? Senneseth har her fått resultat som samsvarer godt med mine eigne frå Troms der det totalt berre er 3 % (11 av 365 personar) som blir tiltalt med andrenamnet. Dette står da i motsetning til Krukens resultat for Leksvik i Trøndelag der bruken av andrenamnet som tiltalenamn er meir utbreidd enn i Hordaland og Troms.

Forholdet mellom dobbeltnamn og oppkalling har tidlegare vori lite undersøkt, og på dette området kan Senneseth presentere interessante resultat (s. 70). Det er omtrent like mange gutar (57,5 %) som jenter (58,5 %) som er oppkalla i dobbeltnamnet. Bruken av dobbeltnamn gjør det jo enklare for foreldra å kalle opp barnet etter ein eller fleire slektningar. Jentene er oftast oppkalla etter ei oldemor (45,0 %), mens det for gutane har vori mest vanleg å bli oppkalla etter farfar (37,5 %) – med ein oldefar hakk i hæl (34,0 %).

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@uit.no

NORSKE SOPPNAMN

Benthe Skrøvje: *Norske sopppnamn – ein studie av ein stor og næringsrik vokster i nyare tid*. Masteroppgåve i nordisk språk. Universitetet i Agder 2019. 112 sider.

Det er skrive lite om sopppnamn i Norge, og Benthe Skrøvje har valt eit spennande emne for masteroppgåva si. Ho fortel sjølv i forordet at ho har plukka mykje sopp og i lang tid vore interessert i sopp som folkemat og næringsemne. Mange deler denne interessa i dag, men slik var det ikkje i det gamle bygdesamfunnet. «Æ et itj opp for krøttera», sa gammalonkelen min, når det var snakk om å eta sopp. Oppskrifter frå andre landsdeler fortel at dette har vore ei vanleg oppfatning,

Skrøvje deler sopppnamna i tre grupper: «folkelege sopppnamn, faglege norske sopppnamn og vitskaplege sopppnamn» (s. 3). Dei siste namna er internasjonale og skrivne på latin. Systemet vart skapt av den svenske botanikaren Carl von Linné (1707–78), men er seinare endra og oppdatert. Skrøvde gjer god greie for korleis dei norske fagnamna er laga og stadig har vorte fleire. I 2011 fanst rundt 3000 slike sopppnamn.

Mest interessant for namnegranskarar er dei folkelege sopppnamna, som ho har henta frå samlingane til Aasen og Arbo Høeg: *Norske Plantenavne* (1860) og *Planter og tradisjon* (1976). Desse namna er laga som andre plantenamn. Namna kan t.d. fortelje om utsjånad (*skurvesopp*), eigenskapar (*røyksopp*), at krøttera har lika soppen (*busopp*, *kuflog*) eller ha opphav i folketru (*trollkjerringspy*). Sisteledet er oftast *-sopp*, men her finst mange variantar. Sopp som veks på trea heiter ofte *kjuke* eller *knusk* (e. l.)

Skrøvje skriv *sopppnamn* og kan sikkert få kritikk for det. Det har vore mykje diskutert om det skal heite *plantenamn* eller *plantenemningar* og tilsvarande for sopp. Det finst argument for begge meiningar, og forfattaren kan ta kritikken med ro. I botanisk litteratur er termen *namn* einerådande, og blant språkfolk har det vore tradisjon å bruke plantenamn heilt sia Ivar Aasens dagar. Dette veg tungt etter mitt syn. I Sverige heiter det vanlegvis *växtnamn*, og den kjente plantenamn-granskaren Sigurd Fries (1990) har argumentert sterkt for å bruke *-namn* og ikkje *-nemning*.

Eg har små føresetnader for å vurdere den botaniske handsaminga av materialet, men har late ein kritisk botanikar lesa oppgåva, og han var godt fornøgd. Vi vart einige om at dette er eit arbeid av høg kvalitet, ei lykkeleg samhandling av språkleg kunnskap og botanisk innsikt. Oppgåva burde derfor bli publisert for ein

større lesarkrets. Som artikkel i *Namn og Nemne* eller *Blyttia* eller i bokform? I begge høve trengst litt redigering og nedkorting, men det må vel vera draumejobb for ein fersk granskar. Eg nemner til slutt at boka er illustrert med fine soppfoto tekne av Skrøvde sjølv.

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hotmail.com

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2018

Namnebibliografien femner om namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utanlandske granskarar når dei drøftar norske namn, publiserer/skriv i eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Innførselene er ordna alfabetisk etter forfattar utan omsyn til emne. Vi bed lesarane melda frå til redaksjonen om feil og manglar. Titlar som ikkje har kome med her, kan sendast til underteikna slik at dei kan førast opp i neste nummer. Dei årlege bibliografiane i *Nytt om namn* går inn i *Norsk namnebibliografi*.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

Alhaug, Gulbrand. *Axel* i Sverige - *Axel/Aksel* i Noreg. Om bruken av <x> og <ks> i svensk og norsk. I: *Katharina och namnen*. Uppsala universitet 2018, s. 61–67.

Arnesen, Inge A. Lo – Ve – Se [Lofoten; Vesterålen; Senja]. *Årbok for Senja*. Nr. 47 (2018), s. 9–21.

Bernersen, Liv. Landskapet som forsvant. *Årbok for Rana*. Bind 51 (2018), s. 144–151.

Bjerkan, Ove. Noen lokale stedsnavn ved Gomalandet i Kristiansund. *Årbok for Nordmøre* 2018, s. 53–58.

Bremnes, Eivind. Presten som navnegiver. *Årbok for Bjørnør* 2018, s. 55–60.

Grov, Astrid Marie. Navneambassadøren. *Språknytt* 2, s. [6]–9.

- Haslum, Vidar. Vadrås. *Namn og nemne* 35, s. 89–97.
- Heide, Eldar. Er det så sikkert at alle er namn? *Namn og nemne* 35, s. 41–54.
- Heide, Eldar. Namnet *Hespriholmen* og Tors-mytologien. *Dag og Tid*. Nr. 1, 5.1.2018, s. 34
- Helleland, Botolv. Place-names containing occupational terms: a study based on data from two regions in Norway. *Onomastica Uralica* 11. Debrecen–Helsinki, s. 169–185.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 15. Råde*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 359 s.
- Ims, Daniel Gusfre. Fylke til strid. *Språknytt* 1, s. 3–4.
- Kruken, Kristoffer. Nye namn på gamal grunn. *Namn og nemne* 35, s. 7–40.
- Kruken, Kristoffer. Presterapportar og namnebruk i Noreg på 1700-talet. *Namn og nemne* 35, s. 77–87.
- Kruken, Kristoffer. Sjå Særheim, Inge og Kristoffer Kruken.
- Kællerød, Lars-Jakob Harding. Mellemlavnet i Danmark og Norge. *Namn og nemne* 35, s.99–114.
- Langekiehl, Atle Steinar. Mannsnavnet *Sakulv*. *Namn og nemne* 35, s. 115–127.
- Lien, Ragnvald. Ende og Eine. *Namn og nemne* 35, s. 129–137.
- Lynghei, Lisbeth Strifeldt. Stedsnavn ved gården Tverråmark. *Årbok for Rana*. Bind 51 (2018), s. 184–191.
- Myrvang, Finn. Landkom- eller Landkam-? *Håløygminne*. Bind 25, årg. 99, hefte 1 (2018), s. 153–163.
- Myrvang, Finn. Søkelys på sag- og mølne-namn. *Håløygminne*. Bind 25, årg. 99, hefte 1 (2018), s. 243–250.
- Myrvoll, Marit. Álmáj, Áhkká ja Niejdda/Mannen, kvinna og jenta : sámij baasetjáhká/samenes hellige fjell. *Din : tidsskrift for religion og kultur*. Nr. 2 (2018), s. 112–[120].
- Namn og nemne* 35. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedreliid, Aud-Kirsti Pedersen og Tom Schmidt. Novus forlag – Oslo 2018, 154 s.
- Pedersen, Palle. Betrakninger om et stedsnavn [Løkthaug]. *Sørfold* (2018), s. 110–112 (tidlegare trykt i *Årbok for Sørfold* 1980, s. 31–34).
- Prang, Roger. Interessant og viktig om Østfolds bustadnavn. *Wiwar*. Nr. 2 = Hefte 88 (2018), s. 20–27.
- Raam, Trond. Samiske stedsnavn i Sørfold. *Sørfold* (2018), s.105–108 (tidlegare trykt i *Årbok for Sørfold* 1988, s. 71–74).

- Sandnes, Berit. [Melding av] Alexandra Petrulevich: *Ortnamnsanpassning som process. En undersökning av vendiska ortnamn i Knytlunga saga*. (Doktoravhandling forsvart 14 mai 2016). *Namn och samhälle* 28. Institutionen för nordiska språk. Uppsala universitet. Uppsala 2016. *Namn og nemne* 35, s. [139]–144.
- Sandnes, Berit. [Melding av] *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namneforsarkongressen på Jæren folkehøgskule. Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala: NORNA-förlaget. *Namn og nemne* 35, s. 144–149.
- Solvang, Kristian. *Frå Sumobrytaren til Bokkjesteinen, stadnamn frå Stryn og heile fylket*. Eige forlag. Stryn 2018. 208 sider.
- Særheim, Inge. Tasen, Sugga og Porthunden : metaforisk bruk av husdyrnemne i skjergardsnamn. *Namn og bygd* 106, s. [83]–100.
- Særheim, Inge. Tasen, Oksa and Porthunden – the boar, the bull and the watching. *Onomastica Uralica* 12. Debrecen–Helsinki, s. 367–377.
- Særheim, Inge. Place names from southern-western Norway. With reference to catching of falcons. I *Raptor and human falconry and bird symbolism throughout the millenia on global scale*. Wachholtz Verlag [Kiel], s. 787–797.
- Særheim, Inge. Ombo, Gilja, Fidjane og Bergene. Fleirtal i stadnamn sett ut frå sørvestnorsk materiale. *Acta Academiae Regiae Gustavi Adolph* 148, s. 47–63.
- Særheim, Inge og Kristoffer Kruken. Namn. I *Norsk språkhistorie II : praksis*. Oslo: Novus forlag, s. 257–363.
- Sørdal, Gøril Grov. *Nomino*. Historia om norske stadnamn. Oslo : NRK / Spartacus forlag 327 s.
- Torp, Arne. *Etternavna våre*. Fra Astrup til Åstorp. Bergen : Vigmostad & Bjørke. 192 s.
- Wie, Ole Morten. Stedsnavn og historier i Selfors og Åenget utmark. *Årbok for Rana*. Bind 51 (2018), s. 230–239.
- Wikstrøm, Solveig. [Melding av] *Namn och identitet*. Handlingar frå NORNAs 46:e symposium i Tammerfors den 21.–23. oktober 2015. Red. av Unni-Päivä Leino o.fl. NORNA-förlaget Uppsala & Tammerfors 2017. 278 s. *Namn og nemne* 35, s. 149–151.
- Ødegaard, Marie. Tinginstitusjonens alder i Skandinavia belyst ved arkeologi og stedsnavngransking – samsvar eller ikke? *Viking* 81, s. 89–116.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag

Leiar: Terje Larsen

terjelar1948@gmail.com

Norsk namnelag har denne heimesida:

norsknamelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og nemne*, så er adressa denne:

ole-jorgen.johannessen@uib.no

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Nytt om namn*, så er adressa denne:

botolv.helleland@iln.uio.no

Vil du tinga bøker og skrifter frå tidlegare Namnegransking, kan du senda e-brev til:

botolv.helleland@iln.uio.no

Kartverket har denne heimesida:

kartverket.no

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

norgeskart.no

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta:

Danmark:

<http://nors.ku.dk/forskning/centre-og-forskergrupper/center-for-navneforskning/>

Færøyane:

setur.fo/

Finland:

sprakinstitutet.fi/sv

Island:

arnastofnun.is/is/um-stofnunina

Sverige:

www.sofi.se/namn

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):

[/unstats.un.org/unsd/ungegn/](http://unstats.un.org/unsd/ungegn/)